



«Du må ha redaktør som virkelig vil.»

Ein studie av kva som hindrar og fremmer  
gravejournalistikk i norske lokalaviser.

Astrid Dalehaug Norheim

Masteroppgåve i undersøkende journalistikk

Institutt for informasjons- og medievitskap, Universitetet i Bergen

Rettleiar: Professor Carl-Gustav Linden

Våren 2024

## Samandrag

Gravejournalistar er portretterte i film og litteratur som modige og uavhengige helter som avdekkjer urett og endrar samfunnet. I norsk samanheng blir gravejournalistikk forbunde med nasjonale avsløringar der det er lagt ned store ressursar over tid.

Mange lokalaviser er tett på lokalsamfunnet og journalistane skal levere to-tre saker kvar dag. Likevel er det små lokalaviser som klarer å avdekke kritikkverdige forhold i eige lokalsamfunn.

Problemstillinga i oppgåva er: **Kva hindrar og fremmer gravejournalistikk i lokalaviser?**

Tolv journalistar og redaktørar i seks aviser er intervjuet. Ti har journalistane og redaktørane har vore med på gravejournalistikk dei siste seks åra.

Eg bruker Shoemaker og Reese sin teori om «Hierarchy of influence» for å identifisere hindringar og pådrivarar på innverknaden på journalistikken. Masteroppgåva plasserer seg i forskingsområdet journalistisk profesjonalisme.

I min studie har eg funne faktorar som hindrar gravejournalistikk: Ein definisjon som legg lista så høgt at det ikkje er mogeleg å gjere gravejournalistikk, få journalistar i redaksjonen, høge krav til å levere mange saker kvar dag og mangel på kompetanse til å kome raskt i gang med saker. At sakene ikkje får konsekvensar, er også frustrerande og demotiverande for journalistane.

Faktorane som er eigna til å fremme gravejournalistikk er i stor grad svar på hindringane: Redaktørar omgår og lagar nye definisjonar på gravejournalistikk, journalistar som har teft til å oppdage potensielt kritikkverdige forhold og kome raskt i gang med kritisk utforsking. At ein snakkar ope om gravesaka i redaksjonen er viktig, men også gravejournalistane tek sin del av raske nyhetssaker utan å rekne det som annanrangs arbeid. At gravinga skjer imellom andre oppgåver ser ut til å bidra til ein støttande redaksjonskultur. I alt dette ser redaktøren ut til å spele ei uvurderleg rolle. Journalisten som grev kan sparre jamleg med redaktøren og ha tillit til dei etiske vurderingane som ho eller han gjer. Det ser også ut til å vere viktig at redaktøren kjenner saka godt og har evne til å støtte journalisten når kritikken kjem, men også gå til sides og la journalisten få rosen når sakene får konsekvensar og prisar.

Ikkje minst ser det ut til å vere avgjerande med eit tillitsfullt *forhold mellom* den kritiske journalisten og den kompetente redaktøren som skal leie ein liten, men kompleks redaksjon.

## Føreord

Det har vore eit privilegium å få dykke ned i eit tema som har fascinert meg i fleire år. For det har vore ulogisk for meg at små redaksjonar klarer å avsløre kritikkverdige forhold medan større redaksjonar opplever at dei ikkje har tid.

Gjennom to år med systematisk tilnærming til spørsmålet har eg gjort funn som kan bidra til å gje svar, men overraskingar og nye spørsmål har også dukka opp. Det får andre ta vidare.

No er tida inne til å takke alle som har bidrege. Takk til rettleiar Carl-Gustav Linden for svært gode råd til intervjudesign og streng beskjed om å jobbe med oppgåva «varje dag». Takk også til mine gode kollegaer på Senter for undersøkende journalistikk og Universitetet i Bergen: Per Christian Magnus, Kristine Holmelid, Asbjørn Leirvåg, Diana Guerrero, Fredrik Bjerknæs, Regine Olsen-Hagen, Mikal Olsen Lerøen og Lars Arve Røssland for støtte og latterkuler. De gjer det fullt mogeleg å forstå at eit godt kollegafellesskap gjer det mogeleg å jobbe mykje utan å bli utmatta.

Ein spesiell takk til Fredrik, Lars Arve og Kristine for sparring på oppgåva. Takk også til Jan Fredrik Hovden for gode innspel.

Ikkje minst: Takk til journalistar og redaktørar i pilotredaksjon og i seks andre redaksjonar som stilte opp og raust delte røynsler og refleksjonar. Dette hadde ikkje vore mogeleg utan dykk!

Takk til mine medstudentar. Det er ein fest å vere på kull med dykk.

Takk til Johanna Magdalena Husebye for kritisk lesing og Sigrid Bardsley for korrektur. Og til andre vener og kollegaer som har vist interesse og lytta til mine utfordringar undervegs.

Og til slutt takk til mor mi, Hanna, Mathias og Kjetil som stadig har lurt på korleis det går – og om eg snart er ferdig. No er eg i mål. Takk for støtte og tålmod!

Bergen 31. mai 2024

Astrid Dalehaug Norheim

## Innhaldsoversikt

<b>Samandrag</b> .....	<b>2</b>
<b>Føreord</b> .....	<b>3</b>
<b>1 Innleiing</b> .....	<b>6</b>
<b>2. Gravejournalistikk – internasjonalt, nasjonalt og lokalt</b> .....	<b>9</b>
2.1 <i>Frå Washington til Noreg</i> .....	9
2.2 <i>Prisar og konferansar – ein måte å dele erfaring på</i> .....	11
2.3 <i>Sakene: Mykje hendingar, lite kritikk</i> .....	12
2.4 <i>Personane: Journalistisk ideal om gravejournalistikk</i> .....	15
2.5 <i>Når ideala møter kvardagen i redaksjonen</i> .....	18
2.6 <i>Den redaksjonelle leiaren</i> .....	19
<b>3. Teori: Eit hierarki med fem nivå</b> .....	<b>21</b>
<b>4. Data og metode</b> .....	<b>24</b>
4.1 <i>Slik vart dei seks lokalavisene valt ut</i> .....	24
4.2 <i>Intervjua – slik vart dei gjort og analyserte</i> .....	25
4.2.1 <i>Semistrukturert intervjuguide</i> .....	26
4.2.2 <i>Informantane – 12 redaktørar og journalistar i seks lokalaviser</i> .....	27
4.2.3 <i>Gjennomføring av intervjua med ei overrasking</i> .....	28
4.2.4 <i>Transkribering</i> .....	29
4.3 <i>Tematisk analyse: Å sjå nye samanhengar</i> .....	29
4.3.1 <i>Slik gjorde eg tematisk analyse</i> .....	30
4.4 <i>Refleksjonar over utval og analysemetode</i> .....	32
4.4.1 <i>Eiga forforståing</i> .....	32
4.4.2 <i>Kva kan utvalet fortelje oss?</i> .....	33
<b>5. Funn og analyse</b> .....	<b>33</b>
5.1 <i>Individnivå: Personlege eigenskapar</i> .....	35
5.2 <i>Arbeidsrutinar for hindrar og fremmer</i> .....	38
5.2.1 <i>Nærleik til lokalsamfunnet: Observerer, høyrer og kjenner kontekst</i> .....	39
5.2.2 <i>Arbeidsflyt som tek innersvingen på lite tid og høge leveringskrav</i> .....	40
5.2.3 <i>Metodar: Å kome raskt i gong og setje saman bitar</i> .....	42
5.2.4 <i>Kollegaer og redaktør: Heiagjeng og sparringpartner</i> .....	44
5.2.5 <i>Formidling</i> .....	46
5.3 <i>Mediaorganisasjonen</i> .....	48
5.3.1 <i>Mediekonserna</i> .....	48
5.3.2 <i>Måling av lesarar: Eit jag eller prioriteringsverktøy</i> .....	49

5.3.3 Redaksjonskultur: Lekkasje eller heiarop?.....	52
5.3.4 Grensedraging: Kan det kallast graving?.....	54
<i>5.4: Aktører utanfor media: Trenering og boller på døra.....</i>	<i>56</i>
5.4.1 Kjelder som tipsar, trenerer og truer .....	56
5.4.2 Konsekvensar: Frå ingen reaksjon til tilbakebetaling og regelending.....	58
5.4.3 Lesarane: «Dei kom med bollar til redaksjonen».....	59
5.4.4 Journalistikkpriser: Motiverande for dei som får dei .....	61
<i>5.5 Ideologi.....</i>	<i>62</i>
<b>6. Drøfting.....</b>	<b>62</b>
6.1 «Gravejournalistikk» - nei takk .....	63
6.2 Redaktøren – usynleg og avgjerande.....	65
6.3 Journalisten – ein motivert vaktar.....	70
<b>7. Konklusjon.....</b>	<b>74</b>
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>78</b>
<i>Vedlegg .....</i>	<i>80</i>

# 1 Innleiing

Kvifor er det så lite gravejournalistikk i norske lokalaviser? Og er det egentleg det? På konferansar har eg høyrte utsegner frå lokalavisjournalistar som seier “Vi har ikkje tid” etter at dei har høyrte om andre som har hatt undersøkjande journalistikk. Dei tenkjer at graving ikkje er for dei som kjem frå små redaksjonar.

Etter å ha vore journalist og redaktør i over 20 år, ser eg samtidig at nokre lokalaviser klarer å avdekke kritikkverdige forhold som er viktige for lesarane og samfunnet. Redaksjonen er stolte av det dei har fått til.

Redaktørar rosar ofte journalistar med stort pågangsmot og gjennomføringsevne. Journalistar takkar ofte redaktørar som gjev dei rom og ryggdekning og kollegaer som har stilt opp for dei.

Men ikkje alltid.

Eg ser også at journalistar som vunne gravepris for arbeidet sitt, seinare sluttar i redaksjonen. Redaktørar kan oppleve at prosjektet kanskje var bra, men når eg møter dei på tomannshand stiller dei spørsmål ved om det egentleg var verd ressursbruken. Og kollegaer kan oppleve at det var urettferdig fordeling av ressursar når ein fekk halde på lenge med eit prosjekt. Ein redaktør eg møtte over ein middag dempa stemma og sa: «For meg er gravejournalistikk nærast eit skrekkkabinett der tre-fire journalistar jobbar med ei sak i seks månader». Avisa har under fem i redaksjonen. Ein av hans journalistar hadde motteke pris for avslørande saker om kritisk infrastruktur i lokalområdet. Han var stolt over sakene og journalisten, men definerte det ikkje som gravejournalistikk. I staden kalla han det «viktige saker for folk i lokalsamfunnet».

Journalistane i lokalavisene må levere mange saker i høgt tempo. Før var det papiravisa som skulle fyllast. No er det høge krav til kor mange saker dei skal publisere kvar dag på nett. Ein av journalistane i denne oppgåva fortel at han har publisert 700 saker dei siste to-tre åra ved sidan av eit graveprosjekt.

Det er forska på kva stoffområde som får mest dekning (Dimmen, 2012; Kvalheim, 2016) og kven som kjem til orde i lokalaviser (Dimmen, 2012; Mathisen, 2010).

Forskning frå både Noreg og Sverige tyder på at det er lite kritiske saker og svært få avslørande saker der journalisten gjer eigne undersøkingar (Danielson & Nykvist, 2023; Mathisen, 2010). Journalistane tek oftare rolla som lokal referent og lokal forkjempar, og den delen av samfunnsoppdraget som handlar om lokal identitet er sterkare prioritert enn den lokale kritikken (Mathisen, 2010, p. 39). Dei har høgt produksjonspress og kryssande forventningar til rolla si i lokalsamfunnet (Mathisen, 2010). I tillegg har den digitale utviklinga gjeve meir makt til publikum som igjen gjer at lokaljournalistane opplever at dei står i ei spenning til om dei klarer å levere på samfunnsoppdraget (Olsen, 2018).

Undersøkande journalistikk blir ofte rekna for å vere ein elitedivisjon (Bjerknes, 2022; Mathisen, 2010) med høgast prestisje innan det journalistiske feltet (Hovden, 2008) eller «en sportsdisiplin for de få» (Sjue, 2011, p. 7). Til overmål har gravejournalistikk vist seg vanskeleg å integrere i redaksjonane (Cancela, 2021).

Norske lærebokforfattarar understrekar derimot at gravejournalistikk ikkje berre er for dei få, utvalde (Mathisen, 2010; Østlyngen, 2000). Det handlar i stor grad om vilje, prioritering og kva forståing både leing og journalistar har av si rolle og det oppdraget dei forvaltar (Mathisen, 2010, p. 126).

Vi veit ikkje så mykje om korleis journalistar faktisk får tid og rom til å grave i lokalaviser. Forsking har peika på ein del hinder, men lite på kva som fremmer graving.

Det er tydeleg frå litteraturen at lokalaviser møter særskilde utfordringar med knappe ressursar i møte med samfunnsoppdraget om å vere eit kritisk korrektiv. På bakgrunn av dette har eg følgjande problemstilling i denne oppgåva: **kva hindrar og fremmer gravejournalistikk i norske lokalaviser?**

For å svare på denne problemstillinga har eg intervjuet tolv journalistar og redaktørar i seks lokalaviser. Ti av dei fortel om korleis dei jobba med ei undersøkende sak. Dei to siste fortel kvifor dei sjølv meiner at dei ikkje har gravejournalistikk i si avis.

Ei hending og ein situasjon kan framstillast og forteljast på mange ulike måtar. Ei forteljing er ei skildring av kva som skjer i ei avgrensa og samanhengande hending, og ho skaper årsakssamanhengar. Forteljingar kan fortolkast, og analyse av forteljingar blir kalla narrativ analyse (Johannessen et al., 2018, pp. 97-98).

I denne oppgåva blir det då meir rett å seie at dette er forteljingar om undersøkende journalistikk i lokalaviser, eller enda meir presist: Mi fortolking av informantane sine

forteljingar med vekt på sjølvforståing, arbeidsmåtar, medieorganisasjon og aktørar utanfor redaksjonen.

Denne masteroppgåva plasserer seg innanfor forskingsområdet journalistisk profesjonalisme, som utforskar journalistens rolle, sjølvforståing og arbeidsprosessar (Anderson & Schudson, 2019; Hanitzsch & Örnebring, 2019; Vos, 2019; Westlund & Ekström, 2019).

Eit vesentleg poeng i denne litteraturen er at det finns skilnader i profesjonsforståinga mellom journalistar i store riksmidia og i mindre lokalaviser.

Ei lokalavis er ei avis med avgrensa dekningsområde, til dømes ein by eller ein kommune. Lokalavisene skil seg frå regionaviser, som dekkjer eit fylke eller ein landsdel, eller nasjonale aviser, som dekkjer heile landet (Orgeret, 2023). I mitt utval dekkjer lokalavisene ein eller fleire kommunar.

I denne oppgåva brukar eg omgrepa «gravejournalistikk» og «undersøkande journalistikk» om kvarandre.

I kapittel 2 ser eg først på gravejournalistikk i internasjonal, nasjonal og lokal kontekst. Der vil eg belyse potensielle hinder for gravejournalistikk i lokalaviser når det gjeld mangel på ressursar (Cancela & Dubied, 2022; Olsen, 2019), nærleik til kjeldene (Mathisen, 2010), digital utvikling og rolleforståing (Bjerknes, 2022; Gynnild, 2009; Olsen, 2018). Her vil eg også sjå på faktorar som er eigna til å fremme slik journalistikk i lokalavisene. Det kan vere lokalkunnskap (Mathisen, 2010), leiing som prioriterer gravejournalistikk (Mathisen, 2010), digitalisering som hjelp til å prioritere (Tenor, 2023), aktiv støtte frå redaktør og ros frå aktørar utanfor redaksjonen (Gynnild, 2009).

I kapittel 3 gjer eg greie for teorien eg brukar: Shomaker og Reeses *hierarchy of influence* (Shoemaker & Reese, 1996), som eg vil omtale om *innverknadshierarkiet*. Teorien er eigna til forsøksvis å identifisere hindringar og pådrivarar for gravejournalistikk på ulike nivå og samanhengen mellom dei.

Teorien inneheld ei rekkje faktorar på fem ulike nivå som påverkar medieinnhaldet. I denne oppgåva vil eg konsentrere meg om dei fire første nivåa: Arbeidarane, arbeidsrutinane, medieorganisasjonen og innverknad utanfrå organisasjonen. Det femte og overordna nivået, ideologi, vil eg ikkje gå særskilt inn på her sidan det er utanfor rammene for oppgåva mi og informantane heller ikkje har teke det opp.



I kapittel 4, metodekapitlet, gjer eg greie for korleis journalistane og redaktørane vart utvalde, gjennomføring av intervju og analysen i etterkant. For å få fram fellestrekk i desse redaksjonane, har eg valt tematisk analyse med abduktiv tilnærming til materialet (Tjora, 2018, p. 14). Her gjer eg også greie for eiga forforståing.

I kapittel 5 presenterer eg funna frå intervju fordelt på dei ulike nivåa i innverknadshierarkiet. I starten av kvart av nivåa gjer eg greie for kva eg har plassert på dei ulike nivåa og grunnjev det kort, til dømes at måling av lesartal er på nivå 3. Eg har også plassert informantane sin definisjon av gravejournalistikk inn i nivå 3, sidan definisjonar er sosialt produsert slik at ein i organisasjonar gjerne har ei felles forståing av kva ein eigentleg snakkar om (Gerring, 2011, p. 112).

I kapittel 6 har drøfter eg nokre få hovudfunn i lys av teori og tidlegare forskning.

I kapittel 7 kjem eg med konkluderande merknader og forsøker å antyde korleis denne oppgåva kan bidra til breiare forståing av undersøkende journalistikk i lokalaviser og kva som kan forskast på vidare.

Men først til spørsmåla som eg har fått oftast medan eg har jobba med oppgåva: Finns det gravejournalistikk i lokalaviser? Og korleis definerer ein eigentleg det? For å svare på dette, begynner eg med å sjå på definisjonar av kva gravejournalistikk er. Eg vel å starte med ein av dei mest kjende avsløringane: Watergate-skandalen i Washington Post. Derifrå vil eg følgje spora til lokalavisene i Noreg.

## **2. Gravejournalistikk – internasjonalt, nasjonalt og lokalt**

### **2.1 Frå Washington til Noreg**

Undersøkande journalistikk har oppnådd det beste frå moderne journalistikk og inneheld heltehistoriar og mytedanning (Bjerknes, 2022, p. 5). Watergate-avsløringane var det store gjennombrøtet og høgdepunktet for undersøkende journalistikk i nyare tid, men paradoksalt nok mista gravejournalistikken raskt glorien i USA utover syttitalet (Bjerknes, 2024, p. 18).

Midt på 70-talet vart Investigative Reporters and Editors Group (IRE) oppretta med formål å rydde veg for høgkvalitets-gravejournalistikk (Aucoin, 2005, p. 117). For dei var det viktig å utarbeide ein definisjon som skulle sette kvalitetskrav til gravejournalistikk. Definisjonane på undersøkende journalistikk er ikkje berre ordkløyveri. Diskusjonane skapar ei felles forståing for kvar grensene går og påverkar i neste omgang praksisen (Bjerknes, 2022, p. 3).

Journalistar i ein sveitsisk studie rapporterte at dei hadde vanskar med å finne plassen sin i redaksjonen, mellom anna fordi det mangla ein definisjon på den form for gravejournalistikk som dei skulle halde på med (Cancela, 2021, p. 1377).

IRE vart samde om ein definisjon som slo fast at journalisten skal ha teke initiativet og jobba fram saka sjølv, saka må vere viktig for lesarane og sjåarane og må avdekke informasjon som personar eller organisasjonar ynskjer å halde hemmeleg. Arbeidet skulle vere godt dokumentert og tydeleg presentert. Journalistar og redaksjonar måtte vere villige til å stille til rådvelde nødvendige ressursar og ha mot til å handtere mektige motstandarar. Viss sakene i tillegg hadde ein tydeleg konsekvens, var det enda betre (Aucoin, 2005, p. 132). Denne definisjonen var eit svar på ein situasjon der saker med låg kvalitet vart trykt under paraplyen «gravejournalistikk». Samtidig er det ein definisjon som krev store ressursar over tid, og vil i praksis bety at ein journalist eller dedikert gruppe jobbar meir eller mindre fulltid med gravejournalistikk.

Trender og definisjonar stoppar ikkje ved landegrensene. IRE inspirerte og bidrog til å etablere nettverket Stiftelsen for kritisk og undersøkende Presse (SKUP) i Noreg (Ottesen, 1996, pp. 518-521). Og 35 år seinare finn vi att ein nesten identisk definisjon på gravejournalistikk i Finn Sjues lærebok i gravejournalistikk: «En uavhengig, systematisk og kritisk undersøkelse og analyse som journalisten gjennomfører på eget initiativ for å publisere opplysninger og sammenhenger som er av samfunnsmessig interesse og som ellers ikke ville ha blitt kjent» (Sjue, 2011, p. 22).

Men dei seinare åra har dei sveitsiske journalistikkforskarane Cancela, Gerber og Dubied (2021) teke til orde for å gå vekk frå det dei omtalar som ein felles elitistisk definisjon, slik som IREs definisjon. I staden tek dei til orde for å sjå på undersøkende journalistikk som noko som opptrer både på ein glideskala og på ulike nivå. Glideskalaen går frå enkel journalistikk til fullskala undersøkende innsats. Dei ulike nivåa er høgare grad av motivasjon hos journalisten, større ressursbruk og meir avanserte teknikkar, som famnar om type kjelder, metodar og historieforteljing. Dei argumenterer for at ein slik definisjon ikkje vil skape eit skilje i redaksjonen mellom dei som held på med undersøkende journalistikk og dei andre (Cancela et al., 2021).

Sjølv om det ofte er dei journalistiske metodane som får merksemda, er det ikkje metodane som skil nyheitsdekninga frå gravejournalistikken (Ettema & Glasser, 1985, p. 13). Ein

skilnad er derimot at gravejournalistar aktivt leiter etter og verifiserer informasjonen (Ettema & Glasser, 1985, p. 19).

Medan nyheitsjournalistikk vidareformidlar informasjon frå kjelder ein reknar som truverdige (Ettema & Glasser, 1985, p. 11), ser prosessen annleis ut i gravejournalistikk. Her skal alle påstandar og fakta sjekkast grundig og verifiserast mot kvarandre som eit puslespel (Ettema & Glasser, 1985, p. 21). Det kjem i konflikt med det høge produksjonskravet i lokalaviser.

Dei «elitistiske» definisjonane til IRE og Sjøe (2011) og «glideskala»-definisjonen til Cancela (2021) viser at det ikkje er noko felles forståing av kvar grensene for gravejournalistikk går. Men dei to kriteria som ser ut til å gå igjen som eit minste felles multiplum, er at (1) journalisten skal gjere sjølvstendige undersøkingar og (2) at det skal avdekkast kritikkverdige forhold. Det er også verd å merke seg at undersøkende journalistikk handlar om å setje saman store mengder informasjon. Det kan ofte vere kompliserte undersøkingar som krev høg kompetanse og med mange journalistar involvert. Den type journalistikk vert forbunde med større redaksjonar og krav til koordinering av journalistane.

Vi har sett at definisjonen på gravejournalistikk er oppe til kontinuerleg diskusjon både i praksismiljøa og hos forskarane. No skal vi sjå korleis gravejournalistikk kjem til synes i Noreg og lokalavisene si rolle i det.

## **2.2 Prisar og konferansar – ein måte å dele erfaring på**

SKUP har sidan etableringa i 1990 vore med å definere gravejournalistikken i Noreg. Her har deling av metodar og kunnskap vore ein av dei viktigaste aktivitetane. SKUP-prisen er først og fremst ein metodepris, men har ei rekkje andre kriterier i tillegg. Dei har blitt justerte, men eit forhold har vore gjennomgåande sidan oppstarten: Det er dei store, nasjonale avisene som Dagens Næringsliv, VG og NRK som dominerer konkurransen (Bjerknes, 2022, p. 6). Ei lokalavis vann prisen på nittitalet. Siste gong ei lokalavis hevda seg, var då Tønsberg Blad fekk diplom i 2018.

Undersøkande journalistikk har høg prestisje i journalistikk-feltet, og vinnarane av SKUP-prisen får stor symbolsk kapital og prestisje med sigeren (Bjerknes, 2022, p. 15). Lindholm kallar SKUP-prisen ein hovudmarkør for journalistisk sjølvstende (Lindholm, 2015, p. 4), medan Hovden hevdar at pris-konkurransen er laga slik at han favoriserer redaksjonar med økonomiske ressursar som bruker veker og månader til å lage ei stor og kostbar gravesak (Hovden, 2008, p. 192).

Bjerknes understrekar at tid er udiskutabelt viktig for gravejournalistane. Dei treng tid både til å hente ut og verifisere opplysningar, men også for å byggje relasjonar til kjelder (Bjerknes, 2022, p. 13). Store nasjonale redaksjonar har ressursar til å frita journalistar frå deira daglege plikter for å jobbe med undersøkende saker der dei kan reise jorda rundt, kjøpe eksklusive datasett eller hyre ekstern eksperthjelp. Det er ein luksus mindre redaksjonar sjeldan har råd til (Bjerknes, 2022, p. 13).

Bjerknes peiker også på forhold som ofte oppstår i undersøkende journalistikk, men som er meir sjeldan i nyheitsjournalistikk: journalisten må klage på manglande innsyn, ha omfattande kjeldekontakt, byggje egne datasett, lese seg opp på komplisert kontekst og vurdere kva metodar som er akseptable for å få tak i informasjon (Bjerknes, 2022, p. 14).

Med dette som bakteppe kan ein spørje seg om gravejournalistikk i Noreg i praksis berre er for dei store avisene og om SKUP er bidragsytar til å sementere den situasjonen.

Lokalaviser vinn svært sjeldan fram på SKUP, men sidan årtusenskiftet har det blitt oppretta lokale prisar gjennom Norsk Journalistlag. Dei minste lokalavisene har i tillegg egne prisar gjennom Landslaget for lokalaviser, og mediekonserna priser den beste journalistikken i sine mediehus. Samtidig har det også vakse fram fleire regionale journalistkonferansar der lokalavisene deler erfaringar og viser fram graveprosjekt (Norheim, 2024). På denne måten kan også lokal gravejournalistikk bli synleggjort ut over eigen redaksjon. Slik sett er det mogeleg å argumentere for at gravejournalistikk sildrar nedover frå Watergate og IRE, via SKUP og regionale konferansar til lokalaviser.

Men kva kjenneteiknar eigentleg journalistikken i lokalaviser og kva plass har gravesakene?

### **2.3 Sakene: Mykje hendingar, lite kritikk**

Nordmenn er spesielle i internasjonal samanheng når det gjeld avislesing. Vi har høgt forbruk av aviser og mange lokalaviser (Mathisen, 2010, p. 17) og statlege støtteordningar som pressestøtte og momsfratak for å sikre den opplyste samtalen. For lokalavisjournalistar gjev nærleiken til lokalsamfunnet både tilgang og innsikt, men det byr også på utfordringar med lite avstand til makthavarar, kjelder og annonsørar (Mathisen, 2010, p. 64).

Lokalaviser blir ofte kalla lokalsamfunnets lim og lupe sidan dei skal reflektere det som held samfunna saman og setje kritisk søkelys på forhold i nærmiljøet.

Ein analyse frå 2016 viser at det er sport og politikk som er mest omtalt i lokalavisene (Kvalheim, 2016, p. 36). Spørsmål av strukturell art har vanskelegare for å nå opp på

dagsorden i både lokal- og riksaviser, fordi denne type saker gjerne har meir omfattande, langtidsverkande forklaringar. Det krev både meir kunnskap, research og redaksjonelle ressursar enn raske hendingsnyheiter (Kvalheim, 2016, p. 36). Det kan difor vere grunn til å tru at dette hinderet er ekstra høgt i lokalaviser. Sagt på ein annan måte: Trafikkulukker og brannar vinn over grundig, avslørande journalistikk.

Dei siste 15 åra har det skjedd ei rask digitalisering av mediebransjen, som påverkar lokalavisene sterkt. 59 prosent av alle nordmenn les no ei nettavis kvar dag. Det har aldri vore færre papiravislesarar enn i 2023: berre 17 prosent opnar ei papiravis kvar dag (Bekkengen, 2024, p. 4). Det har ført til at arbeidsflyten i redaksjonane i stor grad er endra dei siste åra.

Det er lite forskning på omfanget av eller kjenneteikna på gravejournalistikk i lokalavisene. Ei undersøking av fire lokalaviser i Nordland og Trøndelag frå 2007 viste at berre ti prosent av artiklane i den undersøkte perioden retta kritisk søkelys mot sitt eige lokalsamfunn eller region, og ingen av dei var døme på avslørande, kritiske saker. Det har vore gravejournalistikk på andre tidspunkt i ei av desse avisene, men journalistane rapporterte om lite rom og høve til å drive med undersøkende journalistikk på grunn av produksjonspress, omsynet til kollegaer og fordi dagsorden vart for mykje prega av rapportering av det som hende der og då (Mathisen, 2010, pp. 37, 101-102).

Dette er heilt i tråd med Kvalheim (2016) si innhaldsanalyse: Omfattande kritikk av strukturelle forhold må vike plass for raske hendingsnyheiter.

Tek vi eit sideblikk til Sverige, som har ein lokalavisstruktur som har mange likskapstrekk med Noreg, ser vi det same bildet: Ei analyse av 1600 artiklar i tre lokalaviser finn at under 15 prosent av artiklane har kjelder som formidlar kritikk. Men dei legg også til ein ny komponent: Journalistane inntek i svært liten grad ei kritisk rolle sjølv, men siterer kritikk frå andre (Danielson & Nykvist, 2023).

Dei siste åra har den digitale omveltinga vore stor: aviser har lagt om frå papiravisproduksjon til å publisere nyheiter digitalt, med papiravis som biprodukt. Tempoet i redaksjonen har auka, dei må publisere både tidleg morgon og seint på kvelden og interaksjonen med publikum har auka når redaksjonane no kan følgje med kor mange som les kvar av sakene deira. Ei gruppe journalistar og redaktørar i ein studie frå lokalmedia i 2014 uroa seg over at lokaljournalistikken går i retning av stadig meir enkle og ubetydelege saker. Dei meinte at publikum er blitt for mektige og at «leserne får styre». Dei uroa seg over at

samfunnsoppdraget vart utfordra når alt skal gå så raskt. Ei gravesak dei hadde lagt mykje tid ned i kunne bli lest av berre nokre få hundre (Olsen, 2019).

Medieforskaren Karianne Sørgård Olsen deler journalistane inn i to idealtypar. Den første idealtypen, «samfunnsoppdragaren», la vekt på samfunnsoppdraget, journalistisk autonomi og lokalkunnskapen. Den andre idealtypen, «servitøren», ville vere på linje med publikum, vektla strategisk relasjonsbygging, digital deltaking og gode lesartal (Olsen, 2019, p. 185). Det hadde vore ei dreining i journalistikken frå det som har vore til nytte og glede i det kollektive lokalsamfunnet til det som var mest til nytte og glede for enkeltmennesket. Med det følgjer ei fare for at samfunnsoppdraget, som er lokaljournalistikkens sterkaste kort, blir svekka (Olsen, 2019, p. 202).

Nyare svensk forskning frå 2022 tyder på at det har vore ei utvikling i korleis redaksjonane forhold seg til sanntidsmålingar av lesinga av artiklane. Her blir målinga av lesartal delt inn i tre kronologisk overlappende fasar frå 1994. Den første perioden frå 1994-2013 blir omtalt som «naiv» og handla om å kome seg på internett (Tenor, 2023, p. 8). Perioden frå 2008-2018 blir omtalt som «destruktiv» fordi trafikken frå sosiale media og klikkbait vart så sterkt vektlagt i redaksjonelle val. Den tredje perioden blir kalla «betalingsmur – hinder» og er lagt frå 2001 – 2018. Her opplever informantane, som er medieieiarar med journalist-bakgrunn, at ein har kome seg ut av «mørketida med klikk» til ein fase der måla framstår som meir i tråd med dei profesjonelle journalistiske verdiane (Tenor, 2023, p. 14). Det er to faktorar som er avgjerande: At målingane er under redaktørens kontroll og at dei fangar opp fleire variablar enn berre klikk og kan gje betre støtte til å ta strategiske avgjerder (Tenor, 2023, p. 1).

Vi ser her eit bilete av at lokaljournalistikken hovudsakleg må levere enkle og raske nyheiter der lesinga blir målt i sanntid, at det er lite kritisk journalistikk og at journalistane i liten grad sjølv inntek ei kritisk rolle, sjølv om den siste studien av lesartal frå Sverige peikar i ei litt anna retning. Uansett er spørsmålet: Kva er det som gjer at nokre redaksjonar driv med gravejournalistikk medan andre ikkje gjer det? Er det fordi nokon journalistar i lokalaviser ser si rolle som servitørar og andre som samfunnsoppdragarar? Eller fordi nokre journalistar får idéar eller tips som andre ikkje får? Eller fordi nokon kan metodar, har kjeldenettverk, får tid av redaktøren og støtte frå travle kollegaer, medan andre ikkje får det?

Spørsmåla peiker i stor grad mot journalisten, som eg no skal sjå nærare på.

## 2.4 Personane: Journalistisk ideal om gravejournalistikk

Vi skal no sjå korleis journalistar som driv med undersøkende journalistikk oppfattar rolla si og utøver den i ein travel kvardag.

Ein studie frå Sveits legg særleg vekt på korleis journalistar opplevde avstand mellom idealet om gravejournalistikk og den praktiske kvardagen i redaksjonar med høgt tempo og forventningar om å bidra i nyheitsjournalistikken (Cancela & Dubied, 2022). Dei færraste av desse var tilsett som gravejournalistar, men gjorde undersøkende journalistikk innimellom andre oppgåver, slik også mine informantar gjer. Journalistane opplevde det som forstyrrande og demotiverande å måtte bidra i nyheitsarbeidet og gav uttrykk for at dei stod i eit kontinuerleg krysspress mellom nyheitsarbeid, gravejournalistikk og uklare forventningar frå leiinga (Cancela & Dubied, 2022, p. 1064). Det førte til at dei følte seg pressa til å publisere historier før dei var ferdige, men også til at saker gjekk i søppelkorga fordi dei aldri vart ferdige eller fordi redaktøren ikkje ville ha dei (Cancela & Dubied, 2022, p. 1066).

Redaktørane er ikkje intervjuja, men studien gjev likevel interessante perspektiv frå journalistane si side.

Journalistane løyste denne utfordringa på to ulike måtar: Ei lita gruppe av journalistane hadde ei uttalt sterk motvilje til å kompromisse med den undersøkende idealet. Dei rekna graveidealet for å vere kjernen og all anna form for journalistikk som irrelevant. Desse journalistane heldt sterkt fast på pliktkjensla og forhandla sjeldan om idealet. Denne gruppa omtalar forskarane som «stay strong», eller ei «fast» haldning til gravejournalistikk (Cancela & Dubied, 2022, p. 1066).

Denne gruppa la vekt på uttalte eigenskapar eller karakteristikkar ved gravejournalistar. Dei blir omtalte som særleg uthaldande og nysgjerrige, uavhengige, med stor arbeidskapasitet og er lidenskapleg opptekne av faget. Det fører i stor grad til overbelastning, men dei ser det ikkje som ei løysing å redusere ideala. Det einaste alternativet er å gje opp. Nokre av informantane deira slutta også undervegs i forskingsperioden, for dei følte at dei ikkje kunne leve opp til eigne standardar.

Den andre gruppa med journalistar hadde også ideal om å avdekke maktmisbruk som det viktige i faget. Men i staden for å stå fast på ideala i møte med lite tid og ressursar, valde denne gruppa ei anna tilnærming: dei navigerte mellom ulike roller ved kontinuerleg å sjonglere mellom undersøkende og breiare faglege krav. Det er verd å merke seg at også tilnærminga har ein kostnad: Mange skildra at dei hadde ei ekstrem arbeidsbyrde, periodevis

utmattning og frustrasjon. Men likevel ser det ut til at denne mindre sterke tilnærminga var meir handterleg enn dei som valde den sterke linja (Cancela & Dubied, 2022, p. 1067).

Denne rolla vert omtala som «flytande» gravejournalistar i motsetnad til journalistar med «fast» haldning, som var dei som ikkje ville kompromisse på ideala sine. omgrepsparet kjem frå sosiologen Zygmunt Bauman sin teori om «fast og flytande modernitet» (Bauman, 2000) og er tidlegare brukt på journalistisk praksis av medieforskaren Kari Koljonen som skildrar journalistar som vekslar mellom ulike roller i det han kallar eit «moderne flytande» journalistisk etos (Koljonen, 2013). Den moderne journalisten frå 2000-talet sjonglerer det å vere subjektiv, forbrukarorientert, vaktbikkje og agendasettar. Dette står i motstrid til det rådande journalistidealet på 70- og 80-talet der journalisten skulle vere objektiv, fremme konsensus og ha ei portvaktar-rolle (Koljonen, 2013, p. 141).

Mange av journalistane i Cancela og Dubied sin studie frå Sveits omtalte rolla si som ei form for vaktarrolle. Vaktarrolla skil seg frå den kritiske journalistiske rolla ved at ho også inneheld ei moralsk vurdering. Paradoksalt nok vektlegg rolla også journalistisk balanse. Journalistane kjente seg forplikta ikkje berre til å avsløre problem, men også å gjere ei moralsk vurdering for å kunne skilje rett frå galt og «peike ut dei skuldige», som ein journalist uttrykte det (Cancela & Dubied, 2022, p. 1063).

Ein liten del av journalistane var motvillige til å innta det dei omtalte som ei aktivistisk haldning, sjølv om dei var svært motiverte av at det kunne kome konsekvensar av avsløringane. Samtidig understreka alle dei intervjua det etiske kravet til balanse og dokumentasjon (Cancela & Dubied, 2022, pp. 1063-1064).

Dei sveitsiske journalistane fortel om ein sterk, indre motivasjon til å drive gravejournalistikk. Det er vanleg å skilje mellom indre og ytre motivasjon. Indre motivasjon er den drivkrafta eller trongen til å jobbe med ei sak, medan ytre motivasjon handlar mest om å reagere på signal frå andre (Amabile 1983 og Sternberg 2000, sitert i (Gynnild, 2009, p. 50).

Journalistar som er indrestyrt når dei jobbar med ei sak, engasjerer seg i oppgåva først og fremst for saka si eigen del. Dei opplever at det dei held på med er spesielt interessant, meningsfullt eller personleg utfordrande. Dei er fokuserte og opptekne av jobben i seg sjølv (Gynnild, 2009, p. 50).



Journalistar som er meir ytre motivert, ser jobben som eit middel til å kome seg lenger fram. Belønning og verdsetjing er viktige stikkord ved ytre motivasjon (Gynnild, 2009, p. 50).

Mange journalistar fortel at dei valde dette yrket hovudsakleg fordi dei er nysgjerrige, eller har «nysgjerrig undring», som Gynnild meir presist kallar det. Det handlar om å vere open for alle typar situasjonar utan å vere avvisande, og dermed også fange opp at noko høyrst feil ut eller manglar noko. Dette er gjerne første steg i ei nyheitssak (Gynnild, 2009, p. 51) og det ein i kvardagen kallar «teft» for gode saker. Den nysgjerrige undringa kan gå over i «kritisk utforsking» når journalistane forfølger idéar og tips i gravejournalistikk. Herifrå kan motivasjonen gå over i det Gynnild omtalar som «influering», som handlar om å påverke og å bidra til samfunnsendringa (Gynnild, 2009, pp. 51-56). «Influeringa» kan minne om vaktarrolla ved at journalisten ynskjer å bidra til endringar.

Journalistar skildrar det som ei einsam rolle der ein må betale ein høg personleg pris for å avdekke sosial urett, juks eller misbruk av born. Dette er temaet som mange helst vil vite minst mogeleg om, og som ofte fører til at journalisten blir utsett for åtak. Journalisten kan bli utsett for eksternt press i form av truslar og baksnakking, men også internt press frå redaktørar og leiarar som sender tvetydige signal om tidsbruk eller stiller spørsmål ved metodar. Slik kan kritisk undersøkende nyheitsprosjekt bli avblåste. Men har ein derimot aktiv støtte frå redaktøren, vil gjerne saka vekse seg større og viktigare, noko som kan føre til mange nye opplysningar om den aktuelle saka (Gynnild, 2009, p. 57).

Gynnilds forskning på norske redaksjonar fortel at journalistar er mest opptekne av og set mest pris på respons utanfrå. Spontane tilbakemeldingar frå vener, familie og publikum betyr uforholdsmessig mykje og meir enn formalisert evaluering frå leiaren (Gynnild, 2009, p. 143). For desse er det naturleg at journalistikkprisar vil ha meir å seie.

Eit forhold som viser seg å vere viktig for mange journalistar, men som er ute av deira kontroll, er konsekvens av journalistikken. I Skup-rapportane lister journalistane opp konsekvensar som journalistikken har hatt. Kva som kvalifiserer som konsekvens, ser ut til å vere relativt. Det er alt frå reaksjonar frå lesarar til lovendringsforslag (Bjerknes, 2022, p. 15). Konsekvens er tett forbunde med samfunnsoppdraget og er med å legitimere journalistikken (Abbott, sitert i Bjerknes, 2022, p.15).

Noko som påverkar journalistar i Gynnilds studie sterkt, er når dei har avdekka kritikkverdige forhold utan at det får konsekvensar. Det er «sjokkarta» for journalistar å sjå at

samfunnsinstitusjonar let kritikkverdige forhold passere uansett dokumentasjon og at folk i maktposisjonar inngår alliansar for å verne kvarandre (Gynnild, 2009, p. 57).

Ofte er det ikkje mogeleg å finne ein-til-ein-årsakssamanheng mellom sakene i media og konsekvensar. Felles for konsekvensar er likevel at dei ligg utanfor redaksjonen.

Vi har no sett på journalistar med undersøkende ideal og vaktarrolle, som kan vere indre eller ytre motivert. Det er skildra overgongar frå nysgjerrig undring til kritisk utforskning og influering, men og mange hinder på vegen. Kva skjer når dei møter kvardagen i ein redaksjon med høge krav til å levere mange saker kvar dag?

## **2.5 Når ideala møter kvardagen i redaksjonen**

Journalistane i den sveitsiske undersøkinga delte seg i to grupper: dei som hadde ei «fast» og dei som hadde ei «flytande» tilnærming til gravejournalistikk. Dei siste var den største gruppa, og definerte alt dei gjorde som at dei «alltid undersøkte litt». På denne måten gav arbeidet mening, samtidig som dei forhandla og gjenskapte eit undersøkende ideal (Cancela & Dubied, 2022, p. 1067).

Det var få av journalistane i denne studien som kjende seg komfortable med å sjonglere mellom å vere nyheitsjournalist og gravejournalist, men dei fleste var i stand til å finne kreative løysingar. Mellom anna tok dei seg ubetalt fri for å gjere undersøkingar. Ein annan strategi var å lage korte avstandar mellom nyheitssaker og graveprosjekt, finne nye samarbeidspartar og å veksle mellom store og små prosjekt (Cancela & Dubied, 2022, p. 1072). Journalistar som dreiv med undersøkende journalistikk opplevde at det var vanskeleg å finne sin plass i redaksjonen med tanke på status, tid og mangel på felles definisjon på kva type journalistikk dei skulle halde på med (Cancela, 2021, p. 1377).

Forskinga tyder på at journalistar med både «faste» og «flytande» ideal møter hinder for gravejournalistikk. Dei med ei «fast» tilnærming ser ut til å oppleve hindera som høgast og mest utmattande.

Ein kan få ei breiare forståing av dynamikken i redaksjonen ved å gje merksemda til Gynnilds forskning på at dei vekslar mellom ulike roller og dermed mellom ulike typar arbeidsflyt i løpet av karrieren (Gynnild, 2009).

Generalistane er ofte unge og kan gjere kva-som-helst kvar-som-helst, enten det er drap, sjukehuskrise eller påskeutfart. Dei er klare på sekundet til å dra ut i felt, skifte stoffområde og sjanger og publisere i fleire kanaler. Det er konkurranse om minuttar og sekunder.

Spesialistane har spesielle innsikter som gjerne utvikla gjennom perioden som generalist. Spesialistane smalner fokus, og det er legitimt for dei å ikkje bry seg med alt det andre. Generalistane vekslar raskt på tvers av journalistiske arenaer, medan spesialistane fordjuper seg på utvalde fagfelt i lengre perioder, gjerne over fleire år. Å vere leiari i redaksjonen blir også sett på som ein del av spesialistrolla (Gynnild, 2009, pp. 75-87).

Nettopp leiaren viser seg å vere sentral i funna i denne oppgåva.

## 2.6 Den redaksjonelle leiaren

Leiaren si rolle har fått liten plass i forskinga. Når han eller ho er omtalt, er det mellom anna som ein som forventar raske nyheiter og som ein person som journalistane må unnvike viss dei skal få rom til å gjere undersøkende prosjekt (Cancela & Dubied, 2022). I Gynnilds studie frå norske redaksjonar blir redaktøren først og fremst omtalt som ein som sender tvetydige signal som undergrev gravejournalistikken internt. I nokre tilfelle kan han eller ho gje aktiv støtte til saka (Gynnild, 2009, p. 57).

Hos mine informantar vil leiaren ofte vere ansvarleg redaktør i dei minste redaksjonane med under 10 tilsette. I redaksjonar med mellom 10 og 25 tilsette var det også underordna redaktør med mandat til å ta avgjerder.

I forskinga frå Sveits meinte journalistane at det var mangel på det dei kalla overordna undersøkende tankegang i redaksjonen. Dei meinte at leiinga og organisasjonen ikkje var utrusta til å møte behova til graveprosjekt, heller ikkje med teknisk støtte og redaktørstøtte (Cancela & Dubied, 2022, p. 1065).

Her ser vi at journalistane peikar på at leiara er viktige. Det gjer også Kristine Holmelid på Senter for undersøkende journalistikk (SUJO). I ein kommentarartikkel i Medier24 skriv ho at redaktørar gjev rom for gravejournalistikk, men utfordringa er at journalistane blir overlatne til seg sjølv i jobbprosessen. Leiing av graveprosjekt er mangelvare. Likevel synest reportasjeleiing er avgjerande for å lukkast i eit undersøkende prosjekt, meiner Holmelid (Holmelid, 2023).

Også i lærebokar for gravejournalistikk er det framheva at leiaren spelar ei viktig rolle for å skaffe ressursar, vere sparringpartnar for journalisten og sikre kvaliteten på journalistikken. Den erfarne svenske graveredaktøren Nils Hanson legg vekt på at «..det krävs en engagerad arbetsledare» som med små middel kan få fram ressursane i redaksjonen (Hanson, 2009, p. 42). Dei to svenske gravejournalistar og lærebokforfattaane Emma Johansson og Jessica

Ziegerer understrekar at graving må forankrast hos øvste leiinga i avisa og ha ein arbeidsleiar for prosjektet (Johansson, 2023, p. 12). Vi finn det same igjen i læreboka i norsk lokaljournalistikk der det framgår at det er viktig at leiinga kjem med klare ynskje om at dei vil bruke tid og ressursar på «gode, dyptpløyende saker» (Mathisen, 2010, p. 122).

Sjølv om intensjonen frå leiinga er god, er ikkje alltid resultata som forventa. Ein studie med både gravejournalistar og nyheitsreportarar (Cancela, 2021, p. 1368) frå tre redaksjonar viser kva som skjedde då leiinga sette i verk organisatoriske tiltak for å heve interessa for gravejournalistikk. Redaksjonane innførte gravegrupper eller forsøkte å integrere gravejournalistikken i det daglege arbeidet. Men opplevde at tiltaka hadde motsett effekt. Det skapte ei deling mellom dei som fekk fordelar (inn-gruppe) og dei andre (ut-gruppe). Dette førte i sin tur til at journalistane sin motivasjonen sank og undersøkende journalistikk fekk redusert legitimitet i redaksjonen (Cancela, 2021, p. 1361).

Det vart særleg vanskeleg for journalistane som skulle dele tida si mellom nyheiter og djupne-journalistikk utan å få tilført særskild støtte til den meir krevjande journalistikken (Cancela, 2021, p. 1262). Dess mindre viktig gravejournalistikken vart rekna for å vere i ein redaksjon, dess mindre forplikta kjente dei undersøkende journalistane seg. Dette kom særskilt fram viss redaksjonen ikkje klarte å integrere gravejournalistikk i dei uttalte journalistiske måla (Cancela, 2021, p. 1376). Det gjekk også ut over journalistane som kunne tenkje seg å drive med gravejournalistikk, men som ikkje fekk del i ressursane redaksjonen som stilte til rådvelde. Dei kjende seg tvungne til å levere frå seg halvdårleg arbeid (Cancela, 2021, p. 1376)

Studien stiller spørsmål ved om det er mogeleg for ein redaksjon å praktisk leggje til rettes for både gravejournalistikk og nyheitsjournalistikk, men også å integrere det i ei felles målsetjing for redaksjonen for å unngå inn- og utgrupper. Det krev at leiinga tenkjer nytt om korleis redaksjonane er organiserte og ei moden leiing som kan leie ein kompleks organisasjon (Cancela, 2021, pp. 1363, 1377).

Vi har no sett korleis gravejournalistikken på femti år har spreidd seg frå den myteomspunne gravejournalistikken som var med å felle president Nixon til å vere ein integrert del av norsk journalistikk, men der det kan sjå ut til å vere tronge kår i norske lokalaviser. For å få ei betre forståing av kva som hindrar og fremmer gravejournalistikk, ser vi på Shoemaker og Reese sin teori om innverknadshierarkiet.

### 3. Teori: Eit hierarki med fem nivå

Kva forhold og aktørar som påverkar journalistikk har vore gjenstand for forskning over lang tid. Frå midten av 1900-talet la forskarane mest vekt på innverknaden frå journalistar, redaktørar og andre i nyheitsproduksjonen. Seinare studier tyda på at enkeltpersonar har avgrensa innverknad. I staden vart søkelyset retta mot organisatoriske faktorer som eigarskap, leiing, rutinar og prioritering av både tid og ressursar i redaksjonen (Hanitzsch et al., 2019, p. 105).

Mange journalistar verken oppfattar eller set ord på slike maktfaktorar, men både dei og nyheitsorganisasjonane er likevel i konstant maktforhandling med desse partane (Hanitzsch et al., 2019, p. 106).

Shoemaker og Reese sitt innverknadshierarki er eigna til å skjelne mellom påverknad på ulike nivå, noko som kan vere fruktbart for å få ei betre forståing av problemstillinga mi, sjølv om teorien verken er laga særskilt for gravejournalistikk eller lokalaviser.

Shoemaker and Reese sitt innverknads-hierarki skil mellom makt på fem nivå: individnivå, arbeidsrutiner, mediaorganisasjon, aktørar utenfor media og ideologi. (Shoemaker & Reese, 1996). Dette er ei hierarkisk inndeling som har vist seg fruktbar i ulike kulturelle samanhengar (Hanitzsch et al., 2019, p. 105).

Eg vil presentere dei ulike nivåa, men leggje størst vekt på dei fire første, sidan det er dei som har vist seg å vere mest relevante for mi problemstilling. Ein kan også argumentere for at nivå 5, ideologi, er relevant for problemstillinga, men i mitt materiale har eg lite eller ingen empiri på at det er ein sterk påverkar. Difor blir ikkje det via merksemd her.

**I nivå 1, individnivå**, forsøkte Shoemaker og Reese å måle påverkinga frå tre ulike personlege faktorar. Den første var karaktertrekk som kjønn og etnisitet, sosiokulturell status og utdanning. Den andre kategorien inneheld politiske haldningar og religiøs tru. Den tredje tok føre seg kva haldning dei hadde til oppdraget: Ser journalistane seg som nøytrale formidlalar av hendingar eller aktive deltakarar i utviklinga av historia (Shoemaker & Reese, 1996, p. 60).

Dei ser at det er vanskeleg å fastslå kva innverknad kjønn, etnisitet og sosiokulturell status har på medieinnhaldet dei produserer, men dei trur at denne innverknaden er avgrensa

(Shoemaker & Reese, 1996, p. 98). Den profesjonelle haldninga og etikken har derimot ein direkte effekt på innhaldet dei produserer (Shoemaker & Reese, 1996, p. 61).

Mange av funna i denne oppgåva vil liggje i skjeringspunktet mellom første og andre nivå i innverknadshierarkiet: Journalistane fortel om sterk indre motivasjon til å avsløre kritikkverdige forhold som makthavarar ynskjer å halde skjult, men dei stangar heile tida i arbeidsrutinane og forventningane i redaksjonen.

**I nivå 2, arbeidsrutinar som former og avgrensar**, legg Shoemaker og Reese til grunn at journalistane si oppgåve er å levere det beste produktet forbrukaren vil ha på eit mest mogeleg effektiv måte innanfor den tildelte tida. Premissen er at ressursane er avgrensa. Journalistikk blir samanlikna med anna næringsliv: Dei må ha ein marknad for produktet sitt og få tak i og prosessere «råstoff» (td nyheiter) frå «leverandørar» (td offisielle kjelder) utanfor organisasjonen, deretter levere det til «konsumentane» (lesarar, sjåarar og lyttarar). I kvart ledd i prosessen må organisasjonen forhalde seg til avgrensa ressursar (Shoemaker & Reese, 1996, p. 104).

Med dette som bakgrunn, er det mogeleg å sjå føre seg at arbeidsrutinane er påverka av avgrensa ressursar i alle tre ledda, argumenterer Shoemaker og Reese. Redaksjonen må spørje seg: Kva produkt er akseptabelt for publikum? Kva er organisasjonen i stand til å levere? Og Kva råstoff er tilgjengeleg fra leverandørane? Ein redaktør må ta omsyn til alle tre forholda: Kva historier er tilgjengelege? Kven vil appellere til publikum? Kva er mogeleg å lage i redaksjonen? (Ibid).

Dette vil vere ein instrumentell og framand måte å sjå journalistisk arbeid på, men som teori kan det fungere til å få fram kva rolle rutinane spelar som maktfaktor.

Neste nivå, nummer **3, medieorganisasjonen**, som ifølge forfattarane har stor innverknad på journalistikken (Shoemaker & Reese, 1996, p. 165). Kvar enkelt redaksjonell medarbeidar og deira rutinar må underordnast medieorganisasjonen.

For å få auge på kva rolle medieorganisasjon spelar, ser ein på korleis organisasjonen er strukturert med avdelingar og makthierarki, på målsetjingar og prioriteringar og til sist korleis målsetjingane blir gjennomførte (Shoemaker & Reese, 1996, p. 145).

I mi oppgåve legg eg også det eg vil omtale om redaksjonskultur her. Det gjeld det usagte i ein redaksjon, kva saker som får god omtale internt, møtekultur og grad av samarbeid internt.

Korleis ein redaksjon omtalar og definerer gravejournalistikk og måling av lesartal har eg også lagt på dette nivået.

Det **fjerde nivået er aktørar utanfor media** som påverkar innhaldet. Det er publikum som reagerer på det som er skriva, annonsørar som held tilbake annonsekroner, interessegrupper som organiserer boikottar og kjelder held igjen eller gjev ut informasjon som er eigna til å belønne eller straffe journalistar (Shoemaker & Reese, 1996, p. 166).

Teorien legg til grunn at i land der media i hovudsak er privateigd, vil styresmaktene likevel utøve makt gjennom lover, reguleringar, tildeling av lisensar og skattlegging (Shoemaker & Reese, 1996, p. 190).

Norske lokalaviser er ikkje statleg eigde, men dei har økonomiske fordelar som momsfriftak og pressestøtte. I tillegg fører statlege reguleringar til at dei som bruker journalistisk stoff må betale inn vederlag til fond, som er styrte kollektivt av Norsk Journalistlag og Norsk Redaktørforening. Pengane herifrå vart frå årtusenskiftet brukte til å finansiere regionale journalistkonferansar. På same tida vart det oppretta journalistpriser i NJs lokallag. Desse konferansane og prisane vil også liggje på dette nivået.

I intervjuet spurte eg i liten grad eksplisitt etter forhold utanfor redaksjonen. Journalistane og redaktørane tok det opp i større grad sjølv, særskilt respons frå lesarar, forholdet til kjelder og til dei som vart utsett for journalistikken, samt i kva grad journalistikken førte til konsekvensar.

Det **femte nivået i hierarkiet, ideologi**, er innverknad frå den rådande ideologien på medieinnhaldet. For mange journalistar vil det vere ein framand tanke at dei er styrte av ideologiske overtonar.

Ideologi blir av Shoemaker og Reese definert som symbolske mekanismer som utgjer ei sammenhengande og integrert kraft i samfunnet (Reese & Shoemaker, 2018, p. 212). Dei viser til Halls forskning som indikerer at det er medias evne til å «definere» situasjonen som gjev dei ideologisk makt (Shoemaker & Reese, 1996, p. 215).

Sidan dette nivået fell utanfor rammene for mi oppgåve og heller ikkje blir teken opp av informantane, vier eg det ikkje meir merksemd verken her eller seinare i oppgåva.

Vi har no sett at forskning tyder på at det er lite gravejournalistikk i lokalaviser. Der er det også peika på nærleik til kjeldene, avisas sterke lim-funksjon i lokalsamfunnet og lite ressursar som mogelege årsaker. Sidan eg i denne oppgåva ynskjer å utforske både kva som hindrar og

fremmer gravejournalistikk, bruker eg innverknadshierarkiet som teoretisk prisme for å forsøke å finne fleire svar.

## **4. Data og metode**

For å få innblikk i kva som hindrar og fremmer gravejournalistikk ville eg intervjuje journalistar og redaktørar i lokalaviser. For å få eit breiast mogeleg bilete, ville eg ha lokalaviser som høyrer til ulike konsern, er i ulike fylke og har ulik storleik.

I denne samanhengen definerte eg lokalaviser under 20.000 i opplag, ifølge Mediebedriftenes offisielle tal per våren 2022. Dermed skil eg ut dei største lokalavisene som mellom anna Tønsbergs Blad og Bergensavisen. Dei vil bli sett på som store aviser av mange, og eg var meir opptekne av dei som er små og mellomstore fordi det er ofte i dette segmentet at det er ei haldning om at ein er for småe til å grave.

Eg vil no gjere greie for utvalsprosessen, intervjuguiden, gjennomføring av intervju, analyseprosessen etterpå og til slutt metodiske innvendingar og refleksjonar.

### **4.1 Slik vart dei seks lokalavisene valt ut**

For å få breidde i kjeldeutvalet, ville eg rekruttere informantar i tre lokalaviser som hadde gravd og vunne prisar og tre som ikkje hadde vunne prisar. Slik ville eg forsøke å identifisere om det er noko som skil dei to gruppene frå kvarandre.

Prisar har høg symbolsk betydning i journalistikken (Bjerknes, 2022), men i denne samanheng var eg interessert i å bruke prisane som hjelp til å finne dei som har gravejournalistikk.

Ein må alltid vurdere om det er sider ved utvalet av informantar som er eigna til å svekke troverdet i studien (Tjora, 2010, p. 135). Eg valde difor å ikkje rekruttere journalistar eller redaktørar eg kjende frå før.

Gjennom målretta og kombinerte googlesøk fann eg aviser som hadde vunne prisar. Før eg kontakta dei, sjekka eg om prisvinnarane framleis stod på tilsette-lista i redaksjonane og gjorde eit overraskande funn: Mange av dei hadde slutta etter pristildelinga. Sidan eg ynskte intervju med både prisvinnande journalist og redaktør, søkte eg vidare til eg fann aviser der det var mogeleg å møte begge i redaksjonen.



Eg gjorde eit ekstrasøk der eg sjekka ut to spørsmål, som eg hadde sett var minste felles multiplum på definisjonar på gravejournalistikk: Har journalisten gjort eigne undersøkingar? Er det avdekka kritikkverdige forhold?

Deretter kontakta eg prisvinnande journalist og redaktør dei tre redaksjonane. Alle sa ja til å stille opp i intervju.

Deretter identifiserte eg tre aviser som ikkje hadde vunne pris dei fem siste åra, tok kontakt med redaktør og ba han (det var berre menn) om å ta med ein journalist. Ein av dei svarte at han var indisponibel for tida, medan dei to andre sa ja. Då fann eg ein ny redaksjon der redaktøren sa ja.

Når ein overlet til redaktøren å invitere med ein journalist til intervjuet, kan det vere risiko for at leiaren vel ut ein journalist som er lite kritisk til prioriteringar i avisa. Vi kan ikkje ha kontroll over kva personar som ikkje delte i undersøkinga ville ha sagt (Tjora, 2010, p. 130).

I den minste avisa tok redaktøren med ein journalist, som også er redaksjonssjef. Ein annan redaktør tok med klubbleiar. I denne avisa hadde ein annan journalist jobba på eit graveprosjekt, men ho var blitt pensjonist. Klubbleiar var involvert heile tida og skreiv også enkelte oppfølgingssaker. Den tredje redaktøren tok med ein erfaren journalist som har gjort ei rekkje gravesaker, men utan å sende inn til pris dei siste fem åra. Eg kan ikkje vite om eg mista nokre aspekt ved at desse vart valt ut av redaktøren, men dei ser ut til å vere i relevante roller i redaksjonen for eit intervju om gravejournalistikk.

## **4.2 Intervjua – slik vart dei gjort og analyserte**

Kvalitative intervju er heilt sentrale metodar for å samle inn og analysere data som er knytta til personar sine oppfatningar, vurderingar og verksemd (Østbye et al., 2013, p. 101). I denne oppgåva er det nettopp lokalavisjournalistar og redaktørars arbeid, erfaringar og vurderingar i møte med gravejournalistikk eg er oppteken av.

Kvalitative intervju har fleire fordeler: Vi kan få informasjon som det elles ville vore vanskeleg å få tilgong til, få kartlagt prosesser og sosiale relasjonar, få kommentarar og stadfestingar eller avkreftingar på data frå andre kjelder og få tilgang til korleis aktørar snakkar og kva omgrep dei brukar (Østbye et al., 2013, p. 103).

### 4.2.1 Semistrukturert intervjuguide

Semistrukturerte intervju er kjenneteikna av at temaene det skal bli spurt om, er definerte på førehand. Intervjuforma gjev stor fleksibilitet sidan det er mogeleg og naturleg å forfølge overraskande innspel og å stille oppfølgingsspørsmål. (Østbye et al., 2013, p. 105).

I mi oppgåve var semistrukturerte intervju hensiktsmessige sidan eg ville halde alle dei seks informantane på same sporet. Samtidig gav det meg ei opning for å utforske djupare det dei sa.

For å få konkrete svar og forteljingar, ba eg informantane ta utgangspunkt i ei sak og snakke om den gjennom ulike fasar: frå korleis saka starta, til korleis arbeidet gjekk fram, kva metodar ein brukte, forholda til dei andre i redaksjonen, kva rolle redaktøren spelte, reaksjonar undervegs frå kjelder og etterpå frå lesarar.

For å teste ut intervjuguiden på førehand, gjorde eg eit pilotintervju i ei lokalavis. Det førte til at eg gjorde mindre justeringar i spørsmåla.

Før intervjuet hadde eg utarbeidd ein intervjuguide i to variantar (vedlegg). Dei hadde felles start der eg etterspurde fakta om redaksjonen, kor mange tilsette dei har, rollene deira og liknande. Til dei som hadde vunne pris for eit graveprosjekt, brukte eg intervjuguiden der eg ba dei fortelje om graveprosjektet. Til dei som ikkje hadde vunne pris, stilte eg spørsmål om dei hadde hatt undersøkende journalistikk dei siste seks åra. Eg spurte etter dei siste seks åra, sidan ein fem år gamal pris ville tilseie at ein hadde hatt prosjektet for seks år sidan. Svarte dei ja, brukte eg same intervjuguiden som på prisvinnarane og ba dei fortelje om eit prosjekt steg for seg. Den eine redaksjonen fortalte om eit prosjekt i detalj, men samanlikna erfaringane herifrå kontinuerleg med tre andre prosjekt over ein tidsperiode på 13 år. Erfaringane hadde vore ulike og bidrog til å belyse kva dei opplever som hindrar og fremmer gravejournalistikk, så eg har også teke med deira forteljingar om dei andre prosjekta.

Svarte dei nei på om dei hadde hatt gravejournalistikk, brukte eg den andre guiden der eg utforska nokre av dei same spørsmåla, mellom anna korleis dei definerer gravejournalistikk. Eg utforska også om det er eit ynskje å ha gravejournalistikk, om det har vore tilløp til det og kva hindringar dei har. Målet med å halde dei to variantane felles så lenge som mogeleg, er at eg ville forsøke å få fram kva dei som har gravejournalistikk og ikkje skil seg: er det i definisjonen, kompetansen, organiseringa, ressursane, vektlegginga av kva som er viktig eller noko anna?

Guiden var ikkje sendt over til informantane på førehand, men dei fekk stikkord om kva eg ville spørje dei om, slik at dei kunne vere førebudde og ha tenkt seg om før eg kom. Dei fekk derimot eit omfattande brev med informasjon om prosjektet, retten til å trekkje seg og samtykkeskjema tilsendt på førehand (vedlegg). Skjemaet vart signert i intervjuet av både journalistar og redaktørar.

#### 4.2.2 Informantane – 12 redaktørar og journalistar i seks lokalaviser

Fem av dei seks journalistane i mitt utval er menn. Sjølv om utvalet er lite, er det grunn til å merke seg at det skil seg sterkt frå populasjonen av journalistar forøvrig. Halvparten av journalistane i Noreg er kvinner, ifølgje undersøkinga utført 2013 (Hovden, 2016, p. 1).

Nemning	Stilling	Opplag	Talet på tilsette i redaksjonen	Landsdel	Graving 5 siste år
Avis1	Journalist	Under 8000	Færre enn 10	Vestlandet	Nei
Avis1	Redaktør	Under 8000	Færre enn 10	Vestlandet	Nei
Avis2	Journalist	Over 15000	Fleire enn 20	Austlandet	Ja
Avis2	Nyheitsredaktør	Over 15000	Fleire enn 20	Austlandet	Ja
Avis3	Journalist	Under 8000	Færre enn 10	Austlandet	Ja
Avis3	Redaktør	Under 8000	Færre enn 10	Austlandet	Ja
Avis4	Journalist	Under 8000	Færre enn 10	Austlandet	Ja
Avis4	Redaktør	Under 8000	Færre enn 10	Austlandet	Ja
Avis5	Journalist	8000-15000	Mellom 10 og 20	Austlandet	Ja
Avis5	Redaktør	8000-15000	Mellom 10 og 20	Austlandet	Ja
Avis6	Journalist	8000-15000	Mellom 10 og 20	Nord-Norge	Ja
Avis6	Redaktør	8000-15000	Mellom 10 og 20	Nord-Norge	Ja

I dei utvalde avisene det fem mannlege og ei kvinneleg sjefredaktør. Det sterke mannlege fleirtalet er representativt for kjønnsfordelinga blant sjefredaktørar i Amedia og Polaris. I 2022 var 31 av 128 lokalavisredaktørar menn (Simonsen, 2022). Ein mannleg redaktør vart forhindra før intervjuet og vart erstatta av ein kvinneleg nyheitsredaktør. Difor er det to kvinnelege redaktørar i utvalet. Avisene ligg i seks ulike fylke fordelte på tre landsdelar.

Ingen av av journalistane er definert som gravejournalist, men alle jobbar som journalistar i eller ved sidan av andre roller som klubbleiar, redaksjonssjef, breaking-journalist og liknande. Ingen av redaksjonane har definert rolle som graveleiar.

#### **4.2.3 Gjennomføring av intervju med ei overrasking**

Intervjua vart gjennomførte i redaksjonslokala til dei seks lokalavisene med både journalist og redaktør i eit gruppeintervju. Det er ei intervjuform som kan vere eigna når ein skal få ulike personars perspektiv på same hending (Johannessen et al., 2018, p. 105) og når ein ynskjer å kartleggje ein kollektiv praksis. Det gjev både enklare og betre tilgong på forbindelsane og handlemåtane mellom dei enn å snakke med deltakarane kvar for seg (Hoel, 1982, p. 137).

Ulempa med eit gruppeintervju med ein redaktør og ein journalistikk, er at maktforholdet kan gjere at journalisten held tilbake kritikk og vurderingar og underrapporterer problematiske forhold. Redaktøren kan innta ei meir offisiell rolle og berre gjenta det dei tidlegare har sagt i redaksjonen i staden for å reflektere opent over spørsmåla.

Same hending eller situasjon kan ha ulike narrativ, avhengig av kven ein definerer som hovudperson, kva andre personar ein tek med i historia, når ein set start- og sluttidspunktet og kva ein presenterer som poenget, eller moralen, i historia (Johannessen et al., 2018, pp. 97-105). Når same hending har ulike narrativ, oppstår ein narrativ konflikt (Johannessen et al., 2018). Eit gruppeintervju med journalist og redaktør om undersøkende journalistikk har potensiale til narrative konflikter. I dette tilfellet var det ingen openberre narrative konflikter, men det var nyanser i kva dei vektla i historiene.

Hovudregelen er at informanten skal kjenne seg trygg i intervjusituasjonen, og Østby et al peiker på at eit travelt redaksjonsrom er eit lite eigna lokale, men at ein må finne eit rom der intervjuet kan gjennomførast i ro og fred (Østbye et al., 2013, p. 106). Eg valde å invitere meg sjølv til redaksjonen for å møte dei i arbeidsmiljøet sitt. Intervjua vart gjennomført i lukka møterom eller cellekontor i alle dei seks lokalavisene. Kvart intervju tok mellom 30 og 90 minuttar.

I eit intervju er det viktig å lytte aktivt, det vil seie at ein understrekar deltakinga i samtalsituasjonen gjennom måten ein er på og spørsmåla ein stiller. Aktiv lytting gjer det også naturleg å stille oppfølgingsspørsmål og sjekke at ein har forstått det som blir sagt (Østbye et al., 2013, p. 107).

Normen er å love anonymitet til alle som deltek i forskingsprosjekt (Tjora, 2021, p. 191). Informantane er anonyme, men roller, nøkketal om storleik på avisa og landsdel er oppgitt.

I intervjuet brukte eg opptaksfunksjonen på mobilen. Eg la mobilen på bordet mellom oss.

Medan informantane fortalde om graveprosjektet, refererte dei til erfaringar frå andre saker som dei i samtalen omtalte som undersøkende journalistikk. Når eg til dømes spurte om dei hadde møtt motstand i arbeidet, svarte fleire uoppfordra med å fortelje om motstand i tidlegare prosjekt. Desse ekstra-forteljingane var mindre systematiske enn gjennomgangen av graveprosjektet, men var med å gje større breidde til erfaringa og var med i det dei ville fortelje. Difor har eg teke det med.

Etter å ha besøkt alle redaksjonane, sat eg att med ei overrasking: materiale var annleis enn eg hadde forventa i utvelginga. Det viste seg at berre ein av redaksjonane ikkje hadde hatt gravejournalistikk dei siste åra. Fem hadde hatt journalistikk som oppfylte dei to krava eg sette i utvalet mitt: At dei skulle ha gjort eige arbeid og avdekka kritikkverdige forhold. I arbeidet med materialet såg eg at det var mange trekk som var samanfallande mellom dei fem som hadde undersøkende journalistikk. Det vart tydeleg at skiljet ikkje gjekk mellom dei som hadde vunne pris for undersøkende journalistikk og ikkje, men mellom dei som hadde undersøkende journalistikk og ikkje.

Den siste redaksjonen utan gravejournalistikk vert difor viktig for å sjå om det er mogeleg å identifisere skilnader mellom den og dei fem andre.

#### **4.2.4 Transkribering**

Lydfila med intervjuet vart lasta inn i det kunstig intelligente verktøyet Jojo, som transkriberer frå tale til tekst lokalt på datamaskina. Eg gjennomgjekk transkriberinga medan eg lytta på lydfila, retta opp i feil, la inn pauseord som «*ehem...*» og latter. Under transkriberingane noterte eg meg viktige poeng og refleksjonar.

### **4.3 Tematisk analyse: Å sjå nye samanhengar**

Tematisk analyse er ei enkel, men grundig oppskrift på korleis ein kan gå fram for å finne noko interessant i dei kvalitative dataene. Denne analyseforma inneber at ein ser etter temaer i dataene. Eit tema er ei gruppering av data med viktige fellestrekk. Ved å gruppere svara i kategoriar på denne måten, skaper vi orden i dataene, samtidig som vi også identifiserer nye samanhengar i dei (Johannessen et al., 2018, pp. 278-280).

Tematisk analyse eignar seg godt for utforskande tilnærming til datamaterialet, der ein bruker problemstillinga som lupe for å leite etter svar og samanhengar.

Ved tematisk analyse oppsummerer ein ikkje empiriske funn i breidda, men går i djupna på fenomen som er interessante med basis i teori, perspektiv og tidlegare forskning (Tjora, 2021, p. 234).

I metodelitteraturen skil ein som regel mellom teoridrivne og datadrivne analyser, også kjent som deduktive og induktive analyser. Ei deduktiv analyse let teorien bestemme på førehand kva som er interessant i data. I ei induktiv analyse er det derimot dataene som styrer og ein gjer studien utan å ha bestemt seg for ein konkret teori (Johannessen et al., 2018, p. 37). Ein mellomposisjon er abduktiv analyse som startar med empirien, men der teoriar og perspektiv spelar inn i forskingsprosessen (Tjora, 2018, p. 14). Min studie starta med empiri, men eg la Shoemaker og Reeses innverknadshierarki og eksisterande forskning til grunn då eg analyserte forteljingane til informantane. Det har ikkje berre at eg forsto empirien min i nytt lys, det gav meg også ei djupare forståing av teoriane og samanhengen mellom dei. Dette er difor ei abduktiv analyse.

#### **4.3.1 Slik gjorde eg tematisk analyse**

Tematisk analyse er beskrive i seks steg av Virginia Braun og Victoria Clarke (2006). Johannessen har forenkla og justert deira versjon til fire steg eller fasar i ei analyse som er godt eigna for masterstudentar: førebuing der ein får tak i data, koding, kategorisering og rapportering (Johannessen et al., 2018, p. 282). Eg har valt å bruke Johannessen si forenkla tilnærming til tematisk analyse.

Etter at eg hadde fått tak i dataene gjennom utvelging, intervju og transkribering, sat eg att med eit transkribert dokument per avis.

Å kode er å framheve og setje ord på viktige poeng i dataene. Formålet er å få oversikt over innhaldet i dataene våre, generere nye innsikter og tilretteleggje dataene for kategorisering. Ein kan kode ved å markere viktige poeng i teksten, skrive stikkord i margen og notere refleksjoner undervegs (Johannessen et al., 2018, pp. 284-285).

Reint praktisk gjorde eg det slik: Eg oppretta seks nye dokument, eit for kvar avis. Det transkriberte intervjuet vart kopiert inn i ei kolonne til venstre. I høgre kolonne skreiv eg kodane, altså stikkord og kopierte ut sitat. Eg brukte datanær koding (Johannessen et al., 2018, p. 290) og brukte kodetesten (Tjora, 2021, p. 203): Kunne ein ha laga koden **før**

kodinga? Skjønar ein kva dataens konkrete innhald er berre ved å lese koden? Det første spørsmålet skal ein svare nei på, det andre ja.

Slik ser kodinga ut i eit klipp. «J» indikerer når det er journalisten og «R» når det er redaktøren som snakkar. Parentesen er mitt stikkord om kvar på innverknadshierarkiet sitatet høyrde heime.

J: Jeg tror nok at vi kanskje internt i redaksjonen også kjente på en liten motstand. (...) Det er små forhold. (...) Alle kjenner alle, ikke sant?

(Organisering):

R: Som du ser, dette er jo et bittelitte hus. Så var det en som fikk ansvaret, og så var det jeg som fulgte henne opp veldig tett.

Samtidig oppretta eg eit dokument der eg noterte meg stikkord og refleksjonar under kodinga.

Ein må vere førebudd på å måtte gå over dataene fleire gonger. Det kvalitetssikrar dataene ved at ein ikkje overser viktige data og poeng. Men det opnar også opp for at ein kan justere markeringar og stikkord og til å utbrodere og leggje til refleksjonar (Johannessen et al., 2018, p. 292). Eg gjekk over deler av materialet fleire gonger og henta fram nye koder, fordi eg såg eit mønster som begynte å tre fram.

Det viste seg både å vere glidande overgangar mellom dei ulike nivåa og at dei ulike nivåa påverkar kvarandre sterkt. Til dømes det flytande overgangar mellom nivå 1 (personlege eigenskapar og kompetanse) og 2 (arbeidsprosess). Når ein journalist har motivasjon og kompetanse, set han eller ho med ein gong med dei første stega i arbeidet. Det ser også ut til å vere nær samanheng mellom nivå 4 (med respons frå lesarar) og personleg motivasjon i nivå 1. Viss det er indikasjonar på at det er personlege eigenskapar som gjer at ein kjem raskt i gong med arbeidsprosessen, koda eg det som nivå 1. Viss informantane meiner at er innarbeidde arbeidsprosessar i redaksjonen som gjer at ein kjem i gong med gravinga, koda eg det som nivå 2.

Deretter gjekk eg til neste steg i tematisk analyse, som er kategorisering. Då oppretta eg fem nye dokument, eit for kvart av nivåa i Shoemaker og Reeses innverknadshierarki. I dokument 1 Individnivå, samla eg alle kodane som eg hadde markert med talet 1.

No stod alle kodane saman i under kvart nivå. Då vart det tydeleg at det var mogeleg å kategorisere dei i undergrupper. Til dømes i nivå 1 Individnivå: her var det mogeleg å skilje mellom personlege eigenskapar som å vere nysgjerrig og utdanning og tidlegare erfaring.

Då eg var ferdig, viste det seg at nivå 5 Ideologi ikkje hadde nokre treff, slik eg tidlegare har gjort greie for.

## **4.4 Refleksjonar over utval og analysemetode**

### **4.4.1 Eiga forforståing**

Forsking skjer ikkje i eit tomt rom, men forskaren kjem med sine egne forforståingar, gjerne også fordommer til og forventningar om kva ein skal finne. Slik sett skulle ein argumentert for at ein berre må forske på felt ein ikkje kjenner til, der ein ikkje kjenner aktørane og som ein ikkje bryr seg nemneverdig om (Maxwell, 2008). Forskaren si forforståing kan gje auka innsikt og godt grunnlag for å utvikle hypotesar og validering, men då må ho eller han reflektere over og vere open med eigen posisjon (Ibid).

Eg har vore journalist og redaktør i meir enn 25 år, men ikkje jobba i lokalaviser eller i aviser tilknytt konsern. Som tillitsvald både i Norsk journalistlag på lokalt og sentralt nivå og på regionalt nivå i Norsk Redaktørforeining har eg vore aktør som har vore med å påverke, samtidig som eg har vore observatør til endringar i mediebildet. Det har også gjeve meg styreverv i stipendordningar og konferansar. Som tilsett på SUJO har eg dei siste åra jobba med breidda av medier, i tillegg til at eg har sit i juryen for Amedias priser og sat i juryen for Landslaget for lokalavisers pris i 2022.

Bakgrunnen har bidrege til at eg er genuint nysgjerrig på kva som gjer at nokre lokalaviser har og andre ikkje har gravejournalistikk. Eg har fått hatt tilgang til journalistar og redaktørars uformelle forteljningar i årevis, lest Skup-rapportar og høyrte dei fortelje om arbeida sine på journalistfaglege konferansar. Det ser eg på som ein styrke.

Då eg tok kontakt med redaksjonane eg ville forske på, orienterte eg om at eg jobba på SUJO, men at eg tok kontakt som masterstudent. Utan at nokon sa det, vil eg tru at det bidrog til å opne dørene. Det er positivt.

Det kan også ha bidrege til at dei i større grad la vekt på dei gode erfaringane med gravejournalistikk i deira redaksjon sidan eg jobbar på eit senter som har som mål å fremme nettopp slik journalistikk.

I tillegg til eigen bakgrunn og noverande rolle, hadde eg også med meg ein del førestillingar om kva som hindrar gravejournalistikk: Det vere seg journalistar som ikkje er interesserte i den type journalistikk, redaktørar som ikkje kan kompetanse og vilje til å ta den risikoen det er.



For å redusere risikoen, var eg medviten i spørsmålsstillingane for å få alle mogelege svar. Eg ba dei snakke konkret om arbeidsprosessen i ei sak for å få tak i deira historier, og ikkje mine. Spørsmåla var korte, svara lange. Redaktør og journalist bytte på å fortelje, reflekterte saman, korrigererte kvarandre mest mogeleg uforstyrta. Formålet var å lytte til deira forteljing i staden for å styre dei i ei viss retning.

#### **4.4.2 Kva kan utvalet fortelje oss?**

Validitet handlar om ein får svar på det ein trur ein får svar på. I denne oppgåva vil det handle om i kva grad design og operasjonisering gjev relevant informasjon om kva som er hinder og pådrivarar for gravejournalistikk i lokalaviser. Reliabilitet set krav til at handsaminga av dataen har vore nøyaktig og påliteleg. Ein er avhengig av stor grad av validitet og reliabilitet for å kunne generalisere funna i analysen (Østbye et al., 2013, p. 124).

Eg har gjort greie for korleis problemstillinga er operasjonisert og korleis eg har gått fram i utval av informantar og innhenting og analyse av dataene. Det er viktig for å auke validiteten og reliabiliteten.

Sjølv om ei kvalitativ studie med 12 informantar i seks aviser ikkje kan gje eit fullstendig bilde av kva som hindrar og fremmer gravejournalistikk i lokalaviser, kan det bidra til ei djupare forståing av fenomenet også ut over desse seks avisene.

## **5. Funn og analyse**

Eg vil no presentere funna som kom fram i den tematiske analysen av intervjuet i dei seks lokalavisene i lys av problemstillinga: Kva hindrar og fremmer gravejournalistikk i lokalaviser?

Analysen er systematisk delt inn Shoemaker og Reeses innverknadshierarki med individnivå, arbeidsrutinar, medieorganisasjon og aktørar utanfor media.

Deretter vil eg drøfte funna opp mot teorien og anna relevant forskning som er presentert i forskings- og teorikapitla.

Før eg presenterer funna, vil eg kort gjere greie for dei fem graveprosjekta som informantane fortalte om. I oppgåva bruker eg omgrepet «graveprosjekt» og «gravejournalistikken» om dei prosjekta journalistane og redaktørane peiker på som sine graveprosjekt, sjølv om dette ikkje er eit omgrep dei brukar i daglegtale. Eg brukar også omgrepa «gravejournalist» og

«graveredaksjon» for å enkelt kunne skilje dei frå den redaksjonen som ikkje har gravejournalistikk, men dette er heller ikkje omgrep dei brukar om seg sjølve.

To av prosjekta starta med ei nyheitssak der journalistane reagerte på måten dei kommunale leiarane svarte på:

Eit graveprosjekt avslørte korleis kommunen utan å ha rett til det i årevis tok eigenbetaling frå psykisk utviklingshemma brukarar av ei teneste. Saka starta med eit tips som det vart laga nyheitssak på. Gravesaka starta då journalisten tykte kommunen svarte så vagt at han valde å gå vidare med undersøkingar. Sakene førte til at brukarane fekk pengar tilbakebetalt.

Eit anna prosjekt avdekkja korleis ordføraren i lukka møte på eige kontor løyvde pengar til ein lokal aktør utanom ordinær sakshandsaming. Løyvinga kom fram i ein tertialrapport i kommunen, og nokre politikarar stilte spørsmål i eit møte der det var ein journalist som laga nyheitssak. Denne vart snappa opp av ein annan journalist som reagerte på at politikarane gav omtrentlege svar på korleis tildelinga skulle ha skjedd. I gravesaka avslørte han korleis tildelinga hadde føregått. Kontrollutvalet i kommunen tok saka og gav kritikk til ordførar.

Eit av dei andre prosjekta starta med eit rutinesøk i postjournalane. Det førte til ei rekkje saker der avisa avdekkja at huseigarar skulle påleggjast å betale store summar for fortetting i nabolaget. Dette er i tråd med gjeldande reglar, men vert opplevd som svært urimeleg. Journalisten skjønnte at dette kunne få store konsekvensar for huseigarane. Reglane er vedteke endra, men avisa lagar framleis saker for å sjå kva konsekvensar saka får.

Eigedomsutvikling var også tema i ei av dei andre sakene. I ein by var det strid om ei gamal brygge skulle vernast eller rivast. Ein rapport frå ein interesseorganisasjon som ynskte å verne var lagt fram og brukt i møte med politikarar lokalt og nasjonalt. I rapporten var årstalet for når brygga vart ikkje dokumentert, men det var lagt til grunn at ho var frå 1800-talet. Opplysninga var avgjerande for utfallet av saka. Var brygga frå 1800-talet og ein del av kommunens næringshistorie, ville ho vere verneverdig. Journalisten avdekkja at brygga var frå 1900-talet. Politikarane la saka død. Området blir no omregulert og brygga kan rivast.

Observasjon og snakk i byen var utgangspunktet i den siste saka. Redaksjonen såg teikn på at prostitusjon breidde om seg frå stadig fleire adresser sentralt i kommunen. Folk tok kontakt og ba avisa rette søkelyset mot det som skjedde. Redaksjonen kartla kven som eigde eigedomane som vart brukt til sexsal og brukte det som vinkling. Det førte til at politiet,

brannvesenet og Skatteetaten hadde felles aksjon mot eigedomane. Fleire aktørar forlét byen, dei første same dag som det var første publisering.

No skal vi sjå korleis informantane snakka om sin journalistikk med innverknadshierarkiet som prisme. Alle har avslørt kritikkverdige forhold gjennom eigne undersøkingar. Det er interessant å finne ut kva som gjer at mogelege gravesaker stoppar for dei som ikkje har gravejournalistikk og kva faktorar som gjer at dei fem andre har klart å gjennomføre sakene.

## 5.1 Individnivå: Personlege eigenskapar

På den lågaste nivået i Shoemaker og Reeses innverknadshierarki, er det individet som vert sett under lupa. Her ser vi på journalistar og redaktørars personlege og profesjonelle bakgrunn og kompetanse, men også motivasjon og haldningar.

I mitt materiale møter eg 10 journalistar og redaktørar som har vore med på graveprosjekt og to som ikkje har det. Her kan eg identifisere få faktorar på personnivå som hindrar gravejournalistikk. Det kan ha med utvalet og rammene for intervjusituasjonen å gjere. Hadde eg intervjuar andre i redaksjonen eller journalistar og leiarar ein og ein, kunne svaret vore annleis.

Avis1, som ikkje har gravejournalistikk, tek opp at mangel på kompetanse kan vere ei årsak:

.. det er jo ikke sikkert at vi er flinke nok. (Redaktør, Avis1)

Mangel på kompetanse er i liten grad framme hos dei andre redaksjonane som uttalt hinder. Medan det er liten vilje hos informantane til å diskutere personlege forhold som hindrar gravejournalistikk, så har dei mange meiningar som personlege forhold som fremmer slik journalistikk. Funna her kan vi dele inn i tre kategoriar: Ein sterk indre motivasjon, personlege eigenskapar og kompetanse (Reese & Shoemaker, 2018, p. 60).

Det er først og fremst hos journalisten at den sterke indre motivasjonen kjem til synes i dei fem avisene som har gravejournalistikk. Ord som «nysgjerrig», «vilje» og «mot» går igjen. At dei er nysgjerrige fører til at dei raskt kan stille spørsmål ved forhold eller svar dei synest er rare eller at dei ikkje synest svar er rimelege. Då beveger ein seg raskt over i vilje og mot.

Det gjer at dei er villige til å bli forstyrra på fritida og stiller seg til rådvelde for kjeldene. Slik omtalar ein redaktør gravejournalisten:

At du ikke slipper det, uansett om du går på skitur langt inn i fjellheimen, eller om du hadde ferie og var på Mallorca. Og at du er tilgjengelig for

kildene og viser deg å være en som bryr deg masse om det temaet.  
(Redaktør, Avis4)

Ein journalist i ei anna avis fortel:

[Jeg] kan ligge på sofaen på søndager og undersøke (...): "er det noe sammenheng der?" (Journalist, Avis2)

Ein journalist tok ut ferie for å jobbe med gravesaka.

Men når du har fri, så er det ingen som ringer. Så da får du mer ro. Og det gjorde jeg av og til i 14 dager hvis jeg visste at nå måtte jeg komme til bunns i det, for det er jo så enormt mye papir. (Journalist, Avis6)

Viljen og motet fører til at ein er uthaldande sjølv om ein møter motstand. Ein journalist fortel at motstand gjer han meir «innbitt».

Det er verd å merke seg at informantane snakkar mykje om kor viktig det er med motivasjon hos journalistane. Det er mindre snakk om det same kravet til motivasjon hos redaktørane. Eg finn eit unnatak, men også her er konteksten at det må vere ein motivert journalist for redaktøren skal kunne utøve gravejournalistikk i avisa:

Jeg tror det å grave alene som journalist uten redaktørens støtte. Det nesten også helt umulig. Så du må ha redaktør som virkelig vil, og så må du ha journalist som kjenner at ... "jeg eier dette." (Redaktør, Avis4)

Ein del av journalistane ser ut til å ha ei eiga evne eller teft til å oppdage kritikkverdige forhold eller fange opp fakta som dei stiller spørsmål ved. Felles for sakene er at dei har god kjennskap til lokalsamfunnet og merker seg når noko er annleis enn elles. Når ordføraren eller andre i kommunen svarar unnvikande, når bybildet endrar seg med sex-sal eller når ein ser eit dokument som kan føre til store utgifter for vanlege folk, reagerer desse lokale journalistane.

Dei let det ikkje skure og gå og lagar ei notis og aksepterer makthavarane sine svar. Dei stoppar opp, begynner å lære meir om kontekst og sjå kva dei kritikkverdige forholda er. Forklaringa på kva som skjer er endra frå at dei sjølve er nysgjerrige til at dei kjenner ei plikt til å skrive. Journalist og redaktør i Avis3 fortel korleis saka deira starta:

Journalist: Så vi kjente et slags krav...

Redaktør: ...forpliktelse...

Journalist: ...fra folk på at nå må jo noen rette søkelyset på dette her. (Journalist og redaktør Avis3)

Ein anna journalist skildrar det slik:

Jeg kjente at dette var urimelig. (Journalist, Avis4)

Samtidig er brygge-journalistane oppteken av at han ikkje skal ha ein agenda eller avgjere utfallet i saka. For han var det viktig at årstalet på brygga var riktig, slik at det kunne bli teke riktige avgjerder i saka. For hans del var det det same om brygga vart verna eller riven.

Hadde vi hatt agenda, hadde vi gått oss vill. Da hadde vi ikke funnet svaret (Journalist, Avis6)

Fleire av journalistane og redaktørane uttalte ein frustrasjon over at det ikkje skjedde noko rett etter at dei hadde avdekka kritikkverdige forhold.

Hvorfor reagerer de ikke? Det her er jo faktisk brudd mot regelverk og forskrifter. Sånn kan de ikke holde på. (Redaktør, Avis5)

Vi har sett at ei sterk indre motivasjon med nysgjerrig undring, evne til å oppdage potensielt kritikkverdige saker og ei kjensle av å ha eit oppdrag går igjen. Det vert også sagt om journalistane at dei er uthaldande og har stayerevne. Eigenskapane ser ut til å vere knytt til journalistane som driv gravejournalistikk og ikkje jamt fordelt på alle i redaksjonen.

I fleire av redaksjonane var det ikkje berre ein, men fleire journalistar som vore med på undersøkende saker. I ein av redaksjonane er det kun journalisten og redaktøren eg intervjuar som gravde.

Den tredje og siste faktoren som påverkar graving på det personlege nivået, er kompetanse. Det er derimot mindre framheva frå informantane som ein eksplisitt eigenskap som fremmer gravejournalistikk enn til dømes motivasjon og stayerevne. Det kan sjå ut som det blir rekna meir som sjølv sagt, og informantane viser fram kompetansen gjennom å fortelje korleis dei har jobba.

Ein redaktør har kompetanse på å finne ut av eigarar på eigedomar, minst to av journalistane har gode kunnskap om innsyn. Alle har god kunnskap om lokalmiljøet og reagerer når noko er unormalt. Dei lærer seg lover og regler på felt dei går inn i. Dei har erfaring i å hente litt opplysningar frå ulike kjelder slik at dei får stadfesta informasjon dei ikkje enkelt kan få

innsyn i. Ein redaktør framhevar at det heile tida er den samla kompetansen som gjer at dei klarer å både grave og levere nok saker kvar dag.

Ein redaktør roser journalisten som måtte skrive ekstra mange saker medan dei andre konsentrerte seg om gravesaka. Det er ein kompetanse dei treng for å rydde tid.

For hvis du setter av noen til å kunne jobbe en halv dag, så trenger du at de andre produserer mer. (Redaktør, Avis3)

Alle redaktørane i avisene som har gravejournalistikk har erfaring frå andre redaksjonar. Fleire av dei har jobba i store, nasjonale medier. Fleire av journalistane som hadde gravd hadde gjort det same. På spørsmål om det hadde noko å seie, svarte fleire av redaktørane stadfestande. Dei hadde gravd sjølv eller sett korleis erfarne graveleiarar jobba.

Fleire av journalistane hadde hatt korte vikariat i nasjonale media som Dagbladet, TV 2 og Se og Hør. For fleire av dei låg det langt tilbake i tid, og dei meinte at det ikkje hadde så mykje å seie for gravejobbingen. Men ein som hadde vore i Se og Hør refererte til kor viktig eksklusivitet er i val av saker. Ein annan refererte til at han hadde lært teft og trykk hos Dagbladet. Det kan sjå ut som erfaring frå større mediehus spelar ei rolle, men kanskje større hos redaktørane enn hos journalistane.

Vi har no sett på at individnivået vektlegg sterkt personlege eigenskapar og motivasjon hos gravejournalistane. Dei viser også til kompetanse og tidlegare erfaring. Redaktørane blir ikkje omtalt på same måten, men det kjem fram at dei som leiar redaksjonar med graving har erfaring frå andre redaksjonar, og fleire av dei frå store redaksjonar med gravejournalistikk. Redaktørane ser ut til at å ha forståing for graveprosessar og å kunne vurdere dokumentasjon, kvalitetssikre verifisering og å gjere etiske vurderingar som journalisten har tillit til.

Vi skal no bevege oss til neste nivå i innverknadshierarkiet og sjå korleis arbeidsrutiner ser ut til å påverke i lokalavisene.

## **5.2 Arbeidsrutinar for hindrar og fremmer**

Det første nivået handla om enkeltpersonar si innverknad. Dei neste nivåa vil forlate enkeltindivid og dreie seg om fellesskap internt og aktørar på utsida.

Då skjer det også noko i materialet mitt. Til no har materialet mitt vore inndelt i to grupper: Ei avis som ikkje har graving og fem aviser som har hatt gravejournalistikk. Frå no av deler den andre gruppa seg i to også: I fire aviser blir det fortalt om tett og nært samarbeid mellom

journalist, redaktør og resten av kollegaene, medan i ei avis stoler ikkje gravejournalisten på dei andre i redaksjonen.

### **5.2.1 Nærleik til lokalsamfunnet: Observerer, høyrer og kjenner kontekst**

Journalistane og redaktørane jobbar tett på lokalsamfunnet sitt. Det fører også til at idéar til gravesaker ofte ligg rett framfor dei. Dei veit kva som er normaltilstand og reagerer når noko er annleis. Dei får tips frå lesarar og har kunnskap om kva som er betente lokale spørsmål. På grunn av inngåande lokalkunnskap forstod Avis6 at det var viktig å avdekke når brygga var bygd.

Det var ei betent politisk sak (Redaktør, Avis6)

I dei andre sakene ser vi at observasjon, lokale kjelder, snakk på byen, lokale maktaktørar som opptrer annleis og geografisk lokalkunnskap var utgangspunkt for sakene. Det er grunn til å tru at det er lite sannsynleg at sakene ville blitt oppdaga viss det ikkje var for lokalkunnskapen og analysen som journalistane gjorde.

Som nemnt i litteraturen, er det vanskeleg å gjere kritisk journalistikk i lokalmiljøet. Journalistane kjem tett på dei som er råka av omtalen (Mathisen, 2010).

To av informantane tok opp etikk som ei utfordring. Den eine avslørte sal av sex frå eigedomar i byen. Dei ville ikkje utsetje kvinnene for ekstra press. Dei skulle heller ikkje hengje ut kjøparane, sjølv om dei visste kven dei var.

Journalisten i Avis6 hadde lang erfaring og fortalte at han tidlegare hadde ein redaktør som han opplevde som fråverande og som berre melde seg når han fekk klagetelefonar.

Dei etiske vurderingane... Eg følte aldri at dei var trygge. Då blir det litt vanskeleg å drive med graving også. (Journalist, Avis6)

Vanskelege etiske avvegingar er ikkje eineståande for lokalavisene. Men det er grunn til å tru at det kjem enda tettare på når det er færre å fordele ansvaret på i ein redaksjon. Journalistane ber eit stort ansvar sjølv for dei etiske vurderingane. I tillegg kjenner dei kjeldene og dei som vert utsette for kritikk, slik at ubehaget ved dei vanskelege sakene kjem tett på (Mathisen, 2010, p. 64). Dei kjenner også på ansvaret for at mange i lokalmiljøet kjem til å lese sakene.

Å kjenne seg utrygg viss ein har ein leiar som ikkje kjenner saka og er med på dei vanskelege avgjerdene undervegs, framstår heller ikkje som unikt for lokalaviser. Men det kan sjå ut til at det kjennest enda tyngre når journalisten er i lokalsamfunnet sjølv.

### 5.2.2 Arbeidsflyt som tek innersvingen på lite tid og høge leveringskrav

Alle avisene har mål om kor mange saker journalistane skal levere kvar dag. I fleire av dei minste avisene er det uttalt at dei skal levere to eller tre saker i snitt kvar dag. Fleire har faste tidspunkt på døgnet der dei veit at dei har mange som går inn digitalt på avisa, og då skal dei publisere eit visst tal nye saker.

Kravet påverkar ulikt i avisene.

I Avis1 skal kvar av journalistane skal helst levere 2,5 til 3 saker dagleg. For å oppretthalde krav om levering av saker, forklarar redaktøren at dei ikkje har tid til å setje av folk til graving. Dette blir oppgjeve som hovudårsaka til at dei ikkje har gravejournalistikk.

Vi har ikkje kapasitet til det. Det er rett og slett der det ligg. Vi drøymmer med tida om å få gjere det, men vi er så få i redaksjonen at vi klarer det ikkje. (Redaktør, Avis1)

Redaktør og journalist fortel at dei fleire gonger har hatt store tema-saker, mellom anna om sjølv mord, der ein journalist har fått sett av tid til å jobbe med det. Journalisten fortel også at han ser saker i kommunestyret som burde vore gravd i, men at han ikkje har tid.

Det er berre Avis1, som ikkje har gravejournalistikk, som framstiller mangel på tid som eit hinder. Dei andre opplever også at dei har lite folk og tid, men dei legg vekt på korleis dei likevel skaffar seg tid til viktige kritiske saker.

I dei dagane eg vitja mange av redaksjonane som har hatt gravejournalistikk var det store snømengder, kulde og glatt føre. Det var småprat før intervjuet om at trafikktala var gode når vêret var slik. Journalistane i mitt utval hadde sjølve laga saker på trafikkaos, straumbrot og ulukker. Dei snakka med redaktøren om at det var kjekt når det skjedde så mykje og trafikktala var gode på desse sakene.

Historisk sett har gravejournalistikk vore forbunde med å bruke lang tid på heiltid på ei sak, slik vi såg i litteraturgjennomgangen i kapittel to. Men her skil graveredaksjonane seg markant frå funn i litteraturen. Ingen av journalistane jobbar med sakene på heiltid over ein lenger periode. Dei fann andre løysingar som er tilpassa deira kvardag. Det vanlege var at journalistane tok det innimellom andre arbeidsoppgåver, men dei to største redaksjonane kunne bruke heile dagar av og til.

Redaktøren i Avis3, der forventninga er at kvar journalist skal levere tre saker kvar dag, meiner det er fleire årsaker til at journalisten ikkje vart beden om å jobbe fulltid med saka.



For det første seier redaktøren at «døgnet har så mange klokkeslett og så mange flater som skal fylles». For det andre vil det gjere kvardagen enklare for den journalisten som fekk frigjeve tid, men leggje ekstrabørar på dei andre.

Journalist og redaktør i ei anna avis peika også på frykt for å skru opp forventningane hos kollegaene viss ein journalist fekk jobbe fulltid med eit prosjekt.

Så jeg tror forventningene ville blitt enorme. Og de ville selvfølgelig, uten at de kanskje sa det høyt (...), stilt spørsmål om tidsbruken i en lokalavis som trenger å jobbe hardt hver dag. (Redaktør, Avis4)

Journalisten i denne avisa har levert nesten 700 andre saker i perioden på to-tre år samtidig om han har levert mange saker i graveprosjektet.

Hovudbildet er at journalistane jobbar med gravesakene parallelt med andre saker. Dei «sette av tid her og der». Dei ba om innsyn i dokument til gravesaka og jobba med raske nyheitssaker medan dei venta på dokumenta. Fleire av dei understreka at det var heilt nødvendig at dei bidrog i den vanlege nyheitsdekninga.

Vi er såpass små at man må være åpen for å ta alt. (Redaktør, Avis6)

Som vi såg ovanfor, betyr ikkje dette at dei får tid til alt innanfor arbeidstida. Motivasjonen til journalistane er så høg og sakene så tidkrevjande at dei bruker ferie og fritid på å sjekke, gå i djupna og ha kontakt med kjelder.

Fire av dei fem redaksjonane diskuterer gravesakene på morgonmøtet. Morgonmøtet blir brukt på ulike måtar i redaksjonane: Nokon evaluerer sakene fortløpande, utviklar idéar til nye saker og får innspel til kjelder og metodar frå kollegaene.

Tre av redaksjonane vektlegg også at alle i redaksjonen skal vere involverte, men det er tydeleg at det er ein journalist som held i saka. Viss det er ei avsløring som går over i eit politisk spor i oppfølgingssakene, overtek i enkelte aviser den journalisten som har hovudansvar for politikk. I andre aviser har dei ikkje den inndelinga og journalisten følgjer saka sjølv.

Det her har vært mitt lille barn hele veien. Så det er jeg som har tatt alle avgjørelser og funnet saker. (Journalist, Avis4)

Dei peikar på at ein fordel med at alle kjenner til sakene: Når det skjer ei utvikling i sakene når det er ferie og sjukefråvær, kan kollegaer lage oppfølgingssaker.

Ei avis skil seg markant frå dei fire andre: Her blir ikkje gravesaker diskutert på morgonmøte. Kollegaer er i liten grad informerte og involverte i sakene før publisering. Journalisten fortel at det har ei historisk forklaring, der dei i ei tidlegare sak hadde mistanke om at det vart lekka frå enkeltpersonar i redaksjonen til dei aktørane dei granska. Han fortel frå arbeidet med den saka:

Vi var jo nødt til å låse inn alt av papirer sånn at ting skulle forsvinne eller ting skulle leses. (Journalisten, Avis6)

Difor oppstod det avstand og lite samarbeid, som framleis pregar arbeidsrutinane mange år seinare. Det viser at arbeidsmåtene ikkje berre er praktiske omsyn, det er også uttrykk for symbolske forhold som grad av tillit internt i redaksjonen.

For Avis6 er det eit hinder at journalisten ikkje brukar kollegaene som hjelp til kjelder og går glipp av redaksjonen som heilagjeng. Løysinga er ikkje at han let vere å grave, men han finn ein veg rundt hinderet: Han sparrar med redaktøren, som han har tillit til, og definerer kollegaene som mindre viktige.

Vi har no sett at alle aviser har avgrensa tid og ressursar. Medan dette er hovudhindring for avisa som ikkje har gravejournalistikk, finn dei andre avisene løysingar i arbeidsrutinane: Dei jobbar ikkje fulltid med gravesaker, men legg det innimellom anna leverande i felles forståing med redaktøren og kollegaene i redaksjonen.

No skal vi sjå nærare på arbeidsmetodane deira, utfordringar og løysingar dei har funne.

### **5.2.3 Metodar: Å kome raskt i gong og setje saman bitar**

Informantar i fire av avisene som har gravejournalistikk peiker på at det var ei utfordring å skaffe dokumentasjon til sakene sine. To av avisene trengte å dokumentere forhold knytt til eigedomar, ei anna avis skulle dokumentere kva som hadde blitt avtalt i eit lukka rom med få personar til stades. Begge påpeikte vanskar, men gjekk i intervjuet rett til løysingane dei hadde funne: Dei klarte å finne rette eigarar gjennom å gå i arkiv og å krysskople ulike informasjon. Og gjennom å få mange små brikker klarte journalisten å dokumentere kva som vart sagt i eit møte.

Det tyder på at dei har ei rekke arbeidsmåtar som gjer at dei kjem rundt utfordringane. Dei hadde eller skaffa seg kompetanse på eigedom, arkivsøk, register og kopling av informasjon. Ein av dei sparra med ekstern jurist for å sikre seg at han forstod dei historiske, juridiske omgrepa rett. Journalisten som dokumenterte kva som var sagt i eit møte fortel at han fekk

bitar av informasjon frå ulike stader som han klarte å setje saman. Kollegaer hjalp han med å få tak i nokre av bitane, og arbeidsprosessen liknar veldig på puslespelet med ulik informasjon som skal verifiserast (Ettema & Glasser, 1985).

Men det er ikkje alltid dei kjem i mål med verifiseringa og dokumentasjonen. Nokon gonger må dei leggje vekk saker.

Mange saker detter fordi vi ikkje klarer å få tak i fakta. (Journalist, Avis6)

Det er ingenting som tyder på at desse utfordringane er unike for lokalaviser. Men det kan ta tid og krevje kompetanse som det kan vere vanskeleg å sikre seg i ein liten redaksjon.

Det som også særpregar arbeidsmetodane, var den saumlause overgang frå idéen til at dei begynte å undersøke meir. Dei ser ikkje ut til å ha lagt ein omfattande plan før dei begynte å utføre han. I avisa som avdekkja ekstraavgiftene for huseigarar, bestilte journalisten med ein gong innsyn i fleire saker for å sjå om dette gjaldt fleire. Journalisten som avslørte at kommunen hadde teke ulovleg betalt for tenester, ringte med ein gong til kjelder han allereie hadde som kunne gje informasjon om dette var lovleg praksis. Når dei svarte unnnvikande, reagerte journalisten. Då ringte han andre nye kjelder i liknande stillingar i andre kommunar for å få informasjon generelt om lovverk og praksis for å kunne samanlikna.

I saka med hemmelege løyvingar begynte journalisten med ein gong å ringje kjelder og å be om innsyn. Han kjenner dei lokale byråkratane og politikarane, den kommunale saksgongen og Offentleglova godt og kunne både ringje munnlege kjelder og be om innsyn. Mange var tause eller ville ikkje svare. I staden for å leggje saka død, gjekk han nye vegar og fann nye kjelder, mellom anna ved hjelp av kollegaer.

Eit fellestrekk er at journalistane har godt kjeldenettverk og har veldig låg terskel for å ta dei første telefonane for å kome i gong. Dei kan sjå eller høyre noko som framstår bagatellmessig for andre og sjå at det kan ha langtrekkjande konsekvensar, slik det også kom fram på individnivået i innverknadshierarkiet.

Som vi har sett, er kollegaene informerte og involverte i arbeidet i fire av fem redaksjonar i mitt utval. No skal vi sjå nærare på korleis journalistane og redaktørane omtalar redaksjonskulturen.

#### 5.2.4 Kollegaer og redaktør: Heiagjeng og sparringpartner

I tre av redaksjonane brukar journalisten rosande og sterke ord om kollegaene sine. Ein kallar dei «heiagjengen» sin. Ein annan seier at han ikkje kunne gjort gravejobben utan deira støtte. I redaksjonen der journalisten som hadde gravd var pensjonert, snakkar kollegaen om henne som «modig».

Dei rosande orda om enkeltpersonar og kollegafellesskapet sit laust. Ein journalist snakkar begeistra om to andre kollegaer som har vore på reportasjereiser i samband med gravesaker og korleis han med glede lagar «sekstimetre» - altså mange korte saker – for at dei skal få ekstra tid til å skrive lange, undersøkjande saker. Det å vere den som må jobbe litt hardare for å frigje tid til andre, har også gjort han meir merksam på korleis kollegaene fleire gonger har stilt opp for han:

Jeg reflekterte ikke så mye over det når jeg holdt på med det, men over tid nå. (...) Da har jeg tenkt veldig over at «fy søren, så gode kollegaer jeg har».  
(Journalist, Avis2)

Redaktørane roser også fellesskapet og journalistane. Ei redaktør fortel kor viktig det er at journalisten leverer nyheitssaker samtidig som han involverer redaksjonen i gravesakene. Ho ser på han og seier:

Dei andre er stolte over deg (Redaktør, Avis4)

Ei av redaktørane fortel at ho medvite prøver å ikkje berre rose journalisten som har avsløringar. Ho brukar morgonmøtene til å informere dei andre om at journalisten bruker ekstra tid på saka, «for den er viktig». Samtidig er ho oppteken av å hugse å rose dei andre i redaksjonen som må ta eit ekstra tak når ein kollega leverer litt færre i ein periode.

Men det ser ikkje ut til at involvering på morgonmøtet åleine fører til begeistring og eigarskap. I ei avis vart gravesakene sett på som ordinært nyhendearbeid, og redaktøren fortel at både han og andre i leiinga og kollegaene til tider tykte sakene bar preg av mykje paragrafrytteri. Det var først i etterkant, når sakene fekk konsekvens og pris, at dei såg sakene i anna lys.

I dei fem graveredaksjonane var det berre ein som hadde definert kven som skulle vere graveleiar frå start. Men alle dei andre fire journalistane utpeika raskt på kva redaksjonell leiar dei hadde sparra med sidan starten av prosjekta. Dei nemnde dei med namn og fortalde kva rolle leiaren hadde.

[Vi] sparret masse. Det er kompliserte saker. (Journalist, Avis5)

Redaktørane på si side legg vekt på at dei må følgje sakene tett frå start.

Man må jo sette seg inn i sakene og være genuint interessert. (Redaktør, Avis6)

Redaktørane må kjenne sakene når dei får telefonar frå kjelder som skal kritisere journalistikken deira, men også for å kunne stille kritiske spørsmål til journalistane.

Nettopp fordi [journalisten] er så inne i det, så er det veldig nyttig at vi kommer inn og er både Djevelens advokat, men også litt sånn uvitende lesere. (Redaktør, Avis4)

Leiarane kjenner saka frå starten av, dei snakkar tett med journalistane undervegs i prosessen og når dei skal ta val og vurdere dokumentasjonen. Ein redaktør fortel at han snakkar dagleg med journalisten som grev og omtalar seg som «sparringpartner». Han les dokumenta i saken og stiller kritiske spørsmål til korleis dei skal tolkast.

Det er ikke så rent sjelden at jeg må snakke med [journalisten] for å stille noen spørsmål: «Hvordan kan du si det? Hvordan vet du det? Er du sikker på at det er dette som er rett tolkning?» (...) «Det holder ikke hvordan du har oppfatta det her. Her må vi grave mer og få det så dokumentert så godt som mulig.» (Redaktør, Avis6)

Men korleis opplever journalistane det å ha redaktørar som er så tett på?

Ein tryggleik, seier ein journalist som fortel at han tidlegare har opplevd å ha ein redaktør som ikkje tok den rolla. Han peiker på at han ikkje kunne gjort gravejournalistikk viss han ikkje hadde redaktøren i ryggen.

Andre peiker på at det er viktig for dei at det er same redaktør som følgjer saka over tid, slik at dei er sikker på at ho eller kan kjenner den godt.

Ein journalist fortel at støtte og motstand frå leiaren har ført til at sakene har blitt enklare å lese og har bidrege til at han har snakka med riktige kjelder og teke gode val.

Fleire av redaktørane peiker på at det er deira oppgåve å leggje til rettes i kvardagen. Dei må utsetje gravesaker som ikkje hastar, justere litt på vaktplanen, forklare redaksjonen at dette er ei sak dei satsar på og rose andre i redaksjonen som må jobbe ekstra.

Jeg tror det å grave alene som journalist uten redaktørens støtte, er nesten helt umulig. Så du må ha redaktør som virkelig vil, og så må du ha journalist som kjenner at «jeg eier dette». (Redaktør, Avis4)

I alle dei fem redaksjonane som har gravejournalistikk framstår det som det er tett samarbeid mellom journalistar og redaktør. Dei fleste har verken definert sakene som «gravejournalistikk» eller redaktøren som reportasjeleiar, men i praksis er ikkje journalistane i tvil om kven som dei skal sparre med i sakene. Leiarane verkar lett tilgjengelege og kjenner sakene godt frå start. Dei organiserer arbeidsflyten slik at journalistane får tid til gravesakene på tider og i eit omfang som passar redaksjonen og nyheitsbildet, men forventar også at journalistane bidreg i ordinært arbeid.

### **5.2.5 Formidling**

Gravesakene varte over veker, månader og år frå dei publiserte første sak til dei avslutta med siste sak. Ei sak var ikkje avslutta då intervjuet vart gjort. Då var det over to år sidan saka starta.

Journalisten i Avis4 fortel at han vart blind på eigne saker og at det var vanskeleg å formidle komplisert regelverk og jus på ein enkel måte. Dei hadde også drøftingar internt om kven som eigentleg var «skurk» i saka. Det var ingen reglar eller lover som var brotne. Men uskulde folk måtte betale opptil fleire hundre tusen kroner for utbyggingsplanar dei verken hadde ansvar for eller nytte av. I redaksjonen drøfta dei sakene opp mot tradisjonelle historiefortellingsgrep om skurk, offer og helt. I dette tilfellet drøfta dei om utbyggjarane var skurken, men konkluderte med at det ville vere urimeleg. Dei forholdt seg også berre til regelverket. Difor valde redaksjonen å setje søkjelys på eit urimeleg regelverk.

Heller ikkje på dette punktet er det hindringar som framstår som ekstraordinære for lokalaviser. Journalistar i større aviser blir også blinde på eigne saker og synest det er vanskeleg å formidle på ein engasjerande måte.

To av dei fem sakene publiserte sakene som nyheitssaker i ein følgjetong. Redaksjonen som avslørte sexsal gjorde ferdig undersøkingane sine og publiserte ei stor avsløring. Dei hadde nokre oppfølgingssaker klare, men ville ikkje ha for mange, for dei ville følgje opp viss det skjedde noko og dei fekk tips.

Journalisten som avslørte at brygga var nyare enn tidlegare påstått, jobba lenge for å setje saman dokumentasjon frå ulike kjelder for å avdekke akkurat alderen på brygga. Men

debatten rundt brygga hadde gått lenge, så saka i seg sjølv var ei pågåande nyheitssak som gravesaka kasta nytt lys over.

Det same var tilfellet i saka der avisa avslørte ulovleg praksis i kommunen: Det starta med ei nyheitssak. Deretter var det ei større avsløringssak om at det var ulovleg praksis. Denne vart følgd opp av nyheitssaker sporadisk over lang tid.

Brygge-journalisten fortel at han i ei anna sak jobba i åtte-ni månader utan å publisere noko. Årsaka var at kjelder ikkje ville stille opp. Dette gjorde han ved sida av anna nyheitsproduksjon.

Redaksjonane har ulike publiseringsstrategiar, avhengig av sak og arbeidsflyt. Nokon publiserer alle sakene som nyheitssaker, ein har eit graveprosjekt som avslører nye sider i ei nyheitsdekning, og ein publiserte ei større sak om eit tema som ikkje er belyst tidlegare.

Redaktøren i ei av avisene som hadde nyheitssaker, seier at det var først etterpå han forstod kor viktige sakene var. Han skulle ynskje at han tidlegare forstod at det var eit graveprosjekt og vil gjere endringar til neste gong. Ikkje minst vil han sikre at saka vart meir lettfatteleg presentert, gjerne med videoar.

Vi har no sett fleire hindringar i arbeidsrutinar: tidspress, høgt leveringskrav, komplisert dokumentasjon, vanskelege etiske avvegingar og komplisert formidling. Når vi då legg til at desse redaksjonane har få tilsette, sit vi att med eit bilete der få personar med høgt leveringspress har behov for høg kompetanse og forventning om å ta krevjande avvegingar.

Dei ser likevel ut til å vere drilla i å finne løysingar og legg lite vekt på hindringane: Dei legg gravesakene inn i nyheitsløpet, jobbar med andre saker ved sidan av, nyttar seg av nært forhold til kjeldene, god lokalkunnskap, kollegaer som deler kunnskap og kjelder og ein redaktør som dei kan sparre med. Redaktøren er også svært viktig når det blir etisk vanskelege avgjerder.

Ein annan faktor som skil graveredaksjonane frå Avis1, er opplevinga av at dei kan påverke situasjonen sin og finne løysingar innanfor dei gitte rammene. Redaktørane dei dei andre avisene såg i større grad ut til å kunne definere og prioritere sjølv.

Vi har no sett på funn i intervjuet som kan kaste lys over problemstillinga på individ- og arbeidsrutinenivå. No beveger vi oss eitt nivå opp på innverknadshierarkiet, der vi sjå på sjølve mediaorganisasjonen.

## 5.3 Mediaorganisasjonen

Dette nivået handlar ifølgje Shoemaker og Reese om innverknad frå organisasjonen som ein heilskap, om han er spesialisert, og korleis hierarkiet, maktfordelinga og prioriteringane er. Dei ser også på rammene rundt, på det dei kallar mediakonglomerat og målsetjinga amerikanske media har om profitt. Eg har også lagt inn mediekonserna, redaksjonskultur, samt måling av lesartal og definisjon på gravejournalistikk her.

### 5.3.1 Mediekonserna

Forholdet til mediekonserna vil også bli teke inn her i den grad informantane snakkar om det. Fire av avisene er med i Amedia og to i Polaris. Forholdet til konserna blir stort sett gjort kort og nøkternt greie for når eg ber dei presentere fakta om informasjonen innleiingsvis. Dei fortel kva aviser dei samarbeider med, men legg som regel vekt på at samarbeidet har liten praktisk betydning, for dei skal levere lokale nyheitssaker til si lokale målgruppe.

Redaktøren i ei av avisene seier at dei er «eigd med hud og hår» av Amedia. Det er redaktøren i avisa som ikkje har gravejournalistikk, og grunngjev det med høge krav til å levere mange saker med mange lesarar. I dei fem avisene som har gravejournalistikk uttalar verken redaktør eller journalist seg om eigarforholda. I Amedia er alle aviser plasserte i «vegklassar» som gjer at dei har ein del nasjonalt sette mål for journalistikken. Viss ei sak oppnår målet, «går ho over terskel» og får grønne tal. Er tala ekstra gode, får dei stjerner. Er sakene lest under målet, får dei raude tal.

I Polaris er det redaktørane sjølve som fastset måla for deira avis, og i dei to Polaris-avisene i mi oppgåve er det gjort i tett samarbeid med redaksjonen. Alle redaksjonane seier at dei er opptekne av å nå måla, men ingen av dei fem med gravejournalistikk problematiser at det finns slike mål eller storleiken på dei.

Derimot har Amedia sine mål for lokalavisene vore debatt i Media-Noreg sidan ein lokalavisredaktør gjekk av i 2021. Redaktøren kritiserte styreleiaren for å gripe inn for å påleggje henne å prioritere klikkjournlistikk framfor undersøkende journalistikk (Barka, 2021). Spørsmålet om kor uavhengige redaktørane er frå konserna og kor stort handlingsrom dei har lokalt, har vore eit tema dei siste åra. I ein rapport frå mars 2024 svarte 25 prosent av Amedia-redaktørane at eigarane har opptreidd på ein måte som ikkje gjer redaktørane frie og uavhengige (Henriksen, 2024). Denne spenninga mellom redaktør og konsern kjem ikkje fram i mitt materiale, og det var heller ikkje tema i mi oppgåve.



Men spørsmålet om måling av lesartal vart eit viktig tema, og journalistane og redaktørane fortalte om ambivalente forhold til visningar av lesartal i sanntid og korleis det påverkar journalistikken.

### **5.3.2 Måling av lesarar: Eit jag eller prioriteringsverktøy**

I lokalavisene som eg besøkte stod ein stor skjerm synleg på desken eller i redaksjonen. Der kunne ein til ei kvar tid sjå kor mange som leste dei ulike sakene og om tala var «grøne» eller «raude». Det er både krav til kor mange saker som skal publiserast kvar dag og kor mange lesarar dei skal ha. Det slår ut ulikt i redaksjonane.

For Avis 1 har digitaliseringa skjerpa kravet til kor mange saker som skal leverast kvar dag. Det får konsekvensar:

På ein måte er ein litt tvungen til å prioritere dei enkle og lette sakene.

(Journalist, Avis1)

Då dei berre gav ut papiravis, hadde dei ikkje deadline kvar dag, og dei kunne ikkje måle kor mange av lesarane som leste sakene.

No er det eit voldsomt jag. (Journalist, Avis1)

I fleire av avisene seier journalistane at dei veit godt kva saker som blir godt lest, og nemner ulukker, vær og trafikksaker. Målingane kan føre til at journalistane vel enkle saker som dei veit blir mykje lest, men det er berre i Avis1 det framstår som eit hinder for gravejournalistikk.

Ingen av dei fem som har gravejournalistikk fortel at dei har latt vere å gå inn i faktiske saker der dei kan avdekke kritikkverdige forhold fordi ho blir dårleg lest. Men generelt peikar dei på at det kan vere eit hinder at dei ikkje leitar etter dei sakene som folk ikkje veit at dei vil ha.

Vi tenker veldig kommersielt og tenker hva det er som treffer folk flest (...).

Og da blir vi kanskje ikke førende i den grad som vi gjerne skulle ha ønsket at vi kunne være. (Journalist, Avis3)

Ein journalist og redaktør fortel at det kan vere demotiverande viss saker er dårleg lest. Men dette er unnataket i mitt utval.

Korleis klarer dei fem lokalavisene å prioritere gravesaker når det er krav om mange saker kvar dag og grønne lesartal? Det ser ut til å vere eit verktøy som er underlagt redaktørens

skjønn og styring i dei fem avisene som har gravejournalistikk. Fleire redaktørar bruker tala til å prioritere vekk saker.

Det er (...) altså så mange saker vi holdt på med i gamle dager der vi hadde magefølelse på at "dette er bra". Nå vet vi at hvis man skriver om hest, så får vi 43 lesere. (Redaktør, Avis3)

Dermed fører innsiktstala til at avisene droppar ein del saker og dermed får frigjort kapasitet.

I ei avis let dei seg inspirere av eit graveprosjekt frå naboavisa. Dei fekk også tilgang til lesartala frå naboavisa og prioriterte vekk dei sakene i serien som hadde fått dårlege lesartal. Ein journalist fortel at det at dei leverer mange korte saker, gjer at dei også kan bruke meir tid på dei store sakene.

Fleire av redaktørane seier at lesartala er viktige for dei, og at det er viktig å nå KPI-ane, altså måltala som er sett for kor mange lesarar dei skal ha. Samtidig seier redaktørane at det er andre ting som er viktigare. Difor ofrar dei medvite grøne tal i ein periode medan dei grev.

Vi får færre grønne haker, vi får mindre stjerner fordi vi er færre i produksjon. Da må vi tåle det da, fordi vi mener at vi gjør noe annet som er viktig. (Redaktør, Avis4)

Redaktørane seier også at dei skal prioritere saker som dei opplever som viktige, sjølv om dei ikkje får mange lesarar.

Vi skal gjøre jobben vår, og så får sidevisningene og trafikken bli en konsekvens av det. Vi er ikke typisk klikkbait-medium. (Redaktør, Avis6)

Han seier at han trur avisa i sum tener på å vere breie i lokalsamfunnet og også skrive om saker som får få lesarar.

Redaktør og journalist i Avis3 fortel om ei sak dei har følgd over tid der dei av avdekka kritikkverdige forhold på ein institusjon i kommunen. Interesse er svært laber blant lesarane, men dei fortset likevel å skrive saker.

Det handler jo om å ta vare på de gruppene som ikke har noen til å snakke for seg. Det er jo hovedoppgaven vår. (Redaktør, Avis3)

Redaktøren i ein av dei største avisene seier at dei er veldig opptekne av tala. Men samtidig lagar dei ikkje eit reknestykke på kor mange lesarar ei viktig sak gjev opp mot kor mange timar dei har brukt på saka.

Fleire redaktørar og journalistar fortel at dei tvert imot opplever det som motiverande når dei har gode tal. Dei tek det som ei stadfesting på at dei har skrive saker godt og at det betyr noko for lesarane. Ein redaktør fortel at dei nyleg har hatt saker om eigenbetalinga av vann- og avløp i kommunen. Redaktøren omtalar det som «dørgende kjedelige», men at det vart svært godt lest, fordi det handla om lommeboka til folk.

Vi har no sett at redaktørane er opptekne av å nå måla, men at dei også brukar måleverktøyet til å prioritere vekk saker for å gje rom til gravesaker. Fleire av journalistane og redaktørane fortel at det er ei fare at dei går etter dei enkle sakene, men samtidig at samfunnsoppdraget om å setje kritisk søkelys på lokalsamfunnet er viktigare. Spørsmålet er også: Kor godt blir gravesakene lest?

Fire av dei fem avisene opplyser at gravesakene har vore veldig godt lest. Dei brukar omgrep som at «det er veldig godt lest», at «gravesakene går bra» og at «alt gikk over terskel med god margin».

Ein av redaktørane opplyser at dei var ganske sikre på at sakene kom til å bli godt lest då dei planla sakene. Men dei måtte likevel vurdere om dei skulle bruke såpass store ressursar på ei sak med tanke på at det lett kan ramme både blandinga av saker og trongen for volum i ei lita avis.

Ein redaktør seier at sakene i deira graveprosjekt var varierende lest. Men ei sak langt ute i prosessen vart godt lest: Det var ei sak som avdekket at feilen dei hadde avdekket, hadde pågått i mange år.

Lesartala held seg ikkje like høgt heile tida hos alle. Enkelte oppfølgingssaker får ikkje grøne tal. Nokon har også erfaring med andre graveprosjekt som har vore dårleg leste. Det gjeld saker som ikkje er «klokkeklare», som journalisten i Avis2 seier.

På spørsmål om kva som kjenneteiknar «ei klokkeklar sak», svarar journalist og redaktør at dei gjerne er på systemnivå utan å vedgå folk i byen. Redaktøren fortel at dei har gjort ei analyse som viser at saker som handlar om «enda et nytt møte, eller enda eg nytt vedtak», blir ikkje så godt leste. Men har dei konsekvensar for folk eller har tydelege konflikter, går lesartala opp.

Medan lesartal ser ut til å vere ein effektiv stoppar for gravejournalistikk i ei avis, har redaktørane i dei andre avisene gjort målinga til eit verktøy for å kunne prioritere gravejournalistikk. Redaktørane tek også regi ved å fortelje redaksjonane at dei skal ha

viktige saker sjølv om dei ikkje er godt leste. Journalistane veit veldig godt kva som gjev grøne tal og fortel om at det er freistande å gå etter det og at dei også kan gå glipp av saker på den måten.

Det leier oss i retning av korleis forholdet er mellom gravejournalistane og dei andre journalistane. På nivå 2 såg vi på arbeidsrutinane, no skal vi sjå på korleis fellesskapen og redaksjonskulturen påverkar.

### **5.3.3 Redaksjonskultur: Lekkasjar eller heiarop?**

På nivået med arbeidsrutinar såg vi korleis den opne kulturen i fire av redaksjonane førte til at dei hjalp kvarandre med tips og saker.

Men fleire av dei rapporterer også om intern motstand mot gravesakene. Det er ikkje veldig framtrudande, men journalistane og redaktørane i to av dei fem avisene fortalte om ulik grad av motstand.

I avisa som avdekket seksual gjekk motstanden på at kollegaer ikkje tykte det var verd å grave i ei så vanskeleg sak. Det var krevjande å avdekke kritikkverdige forhold i ein kommune der alle kjenner alle. Kritikken avtok då snakka ope saman om prosjektet og dei begynte på arbeidet.

I ein annan redaksjon gjekk den interne motstanden på at både leing og kollegaer tykte ein del av oppfølgingssakene bar for mykje preg av paragrafrytteri. Stemninga internt ser ut til å ha endra seg etter at det kom konsekvens og prosjektet vann pris.

Den interne motstanden har vore på eit heilt anna nivå i den siste avisa. Journalisten fortel at han i eit tidlegare prosjekt opplevde at heile redaksjonen tydeleg var imot prosjektet. Enkelte i redaksjonen hadde nære band til dei som vart utsett for kritikk. Andre frykta at det skulle gå ut over annonsesal. Motstanden førte til at journalisten var redd for at nokon internt i redaksjonen skulle lekke dokument.

Han fortel også at stemninga internt snudde til det positive då sakene fekk konsekvensar. Men då hadde det gått fleire månader sidan han starta.

I eit nyare prosjekt i same redaksjon var det også motstand, fordi det var kollegaer i redaksjonen som hadde teke parti med interesseorganisasjonen som ynskte å verne brygga. Erfaringane har gjort at journalisten framleis ikkje informerer kollegaene om gravesaker han held på med, men det er ein faktor som er avgjerande for at han ikkje gav seg:

Jeg har alltid tenkt at så lenge redaktørene er i ryggen, så driter jeg i resten.

Det er det eneste som betyr noe for meg. (Journalist, Avis6)

Det mest framtrekande på dette nivået er det både journalistane og redaktørane i dei fem avisene fortel om det vi kan kalle stemninga på huset. Med unnatak av avisa med sterk intern motstand undervegs, blir det fortalt at støtta frå kollegaene er viktig. I tre av avisene blir det framheva at resten av redaksjonen er ein viktig heilagjeng som gler seg over at ein kollega driv med gravejournalistikk, hjelper til med innspel og tek ei ekstra sak for at kollegaen skal få rom til graving. Dette gjev ekstra drivstoff til journalisten.

Det kan sjå ut som redaktøren er viktig faktor for å skape denne støttande stemninga. I redaksjon snakkar dei om «den breie forståinga i redaksjonen» og «fellesskapskjensla». Redaktøren her fortel at ho har blitt meir medviten på å gje ros til dei journalistane som må jobbe hardare når ein kollega fordjupar seg i ei sak.

Når vi evaluerer sakene eller gårdsdagen, sier jeg at “det var veldig mye på deg, for han graver på den saken”. Det er viktig å vise at vi ser de som gjør småtinga også. (Redaktør, Avis2)

Ho seier at dette også byggjer opplevinga av at gravesakene er eit fellesprosjekt i redaksjonen.

Medan mangel på ressursar er eit hinder for Avis1, snur Avis3, som er på same storleik det til noko positivt: At dei er små gjer det enkelt å halde alle informert og samarbeide. Det førte også til at det var andre kollegaer som skreiv politiske oppfølgingssaker.

Journalistane i dei fem graveredaksjonane var svært opptekne av stemninga i redaksjonen. I den eine redaksjonen var det ikkje eit tillitsforhold mellom gravejournalisten og kollegaene, men han hadde eit tillitsfullt forhold til redaktøren. For han var det viktigast.

I dei andre redaksjonane ser det ut til at redaktøren spelar ei avgjerande rolle i å byggje ein støttande redaksjonskultur. Det er konkrete tiltak som går igjen: Journalistane må levere mange andre saker i perioden medan dei grev, og det blir snakka ope om sakene på morgonmøta. Andre journalistar må skrive ekstra saker, får merksemd frå redaktøren for at det er eit viktig bidrag til at dei kan ha gravejournalistikk. Slik skaper dei kollegaene til heilagjeng.

### 5.3.4 Grensedraging: Kan det kallast graving?

Fem av lokalavisene seier at dei har hatt gravejournalistikk dei seks siste åra. Samtidig markerer dei at det er stor avstand frå deira kvardag til omgrepet «gravejournalistikk» eller «undersøkande journalistikk».

[Skal] det skal kunnes graving og ekte graving, så skal du først og fremst ha jobb i DN. Og så skal det liksom føre til at noen må gå. (Redaktør, Avis6)

Dei andre legg ikkje lista eksplisitt på nivået til Dagens Næringsliv, som er kjent for avslørande, prisvinnande dokumentarar. Men alle informantane gjev uttrykk for at omgrepet «gravejournalistikk» ikkje er noko dei identifiserer seg med.

Dei fem redaksjonane seg derimot ulikt til korleis dei omtalar eigne saker der dei gjer eigne undersøkingar og avdekkjer kritikkverdige forhold. Berre ei av avisene definerte det som gravesak før dei starta. Ei begynte å bruke det omgrepet undervegs etter å ha publisert mange saker. Ei omtalte det som graveprosjekt først etter at det var ferdig og hadde vunne pris. To omtalte det ikkje som graveprosjekt internt, men overfor meg som intervjuar snakkar dei om det som gravejournalistikk. Ein av journalistane der seier:

Jeg vet jo det er gravesak. For jeg vet jo hvor mye jeg må jobbe for hver eneste bokstav. (...) Men jeg vet ikke om jeg tenker at det er så mye. (...) Nei, det er en nyhetssak. (Journalist, Avis6)

Den andre avisa som ikkje omtalar det som gravejournalistikk internt, er den største avisa som har motteke fleire prisar. Dei er også mest tydeleg på at journalistikken *ikkje* blir skal omtalast som «graveprosjekt».

Nei, det har vi aldri gjort og sagt. Tanken er at vi har en god sak som vi jobber med, og så setter vi av tid til den. Du må begynne i den enden og ikke med "nå skal vi grave". (...) Du kan ikke vedta at det er et graveprosjekt. (Redaktør, Avis2)

Dei opplever omgrepet graving som innskrenkande, og at journalistane trur at prosjektet må vere så stort og at det aldri kan bli bra nok. Det kan også føre til at journalistar tenkjer at det blir for stort for dei.

Ein redaktør kallar arbeidet deira for «hybrid», sidan dei berre grev av og til på enkelte felt. Medan journalisten hans kallar det graving.

Hver gang vi ber om et innsyn, og særlig når vi ber om innsyn i saker som er unntatt offentlighet, og så blir vi møtt av masse motstand, men ikke gir oss, så er det jo også graving, tenker jeg. (Journalist, Avis3)

To av redaksjonane kallar journalistikken «kvardagsgraving». Ein redaksjon kallar det «gode nyhetssaker». Redaktøren i ei avis som har hatt mange gravesaker, trur han risikerer å miste gode saker viss dei kallar dei for gravesaker internt.

Skal være forsiktig med å gjøre saker mer komplekse enn de er. For det er nyhetsartikkel som krever litt mer tid. (Redaktør, Avis6)

Men også motsett veg: Redaktøren hadde blitt skeptisk viss den erfarne journalisten hadde kome og bede om ressursar til ei gravesak. Han seier til journalisten:

Jeg tror aldri du har solgt inn til en sak til meg som gravesak. Hvis en journalist kommer og sier han har en gravesak som vil ta veldig lang tid, så er sjansen for at den som sitter i nyhetsledelsen sier at man ikke har tid. (Redaktør, Avis6)

Ei rekkje av informantane spurte meg kva som var definisjonen på gravejournalistikk. Eg svarte at eg var meir interessert i å høyre kva dei la i omgrepet. Medan dei snakka lett om arbeidsmetodar og motstand, brukte dei meir tid på å resonnerer seg fram til kva dei meiner kjenneteiknar gravejournalistikk.

Gjennom analysen kunne eg sjå at dei då legg mest vekt på det som kan kategoriserast som metode. Fire av avisene tok dette med inn i definisjonen. Dei snakka om å få tilgang på dokument som ikkje er lett tilgjengelege: å søke innsyn i saker som ikkje er offentlege, at dei samlar mange eksempel og ser etter systematikk, går i historiske arkiv for å finne svar og at dei set store mengder data i samanheng. Dei tek fram bruk av munnlege kjelder og ekspertar. Ein redaktør snakkar om at ein må bruke mange ulike kjelder.

Jeg oppfatter vel i alle fall at gravingen handler om en mer systematisk, over tid neddykking i konkrete problemstillinger. (Redaktør, Avis3)

Når dei skisserer kva som kjenneteiknar gravejournalistikk, nemner dei første og fremst ei rekkje metodar som dei sjølve har brukt i arbeidet sitt.

Tre av avisene nemnde tid som eit kriterium for gravejournalistikk, og interessant nok var det berre redaktørar om tok tid fram som eit element. Den som var mest oppteken av det, var redaktøren i avisa som ikkje har gravejournalistikk.

To av avisene snakka om å avsløre og avdekke urett. Dei la vekt på at det treng å vere lovbrøt, men at det er tilstrekkeleg at det er ein urettferdig situasjon. Ein av dei snakkar også om å avdekke om dei ansvarlege har gjort det dei skal.

Både journalistar og redaktørar har eit motsetnadsfylt forhold til omgrepet gravejournalistikk: Dei aksepterer at deira saker blir omtalte gravejournalistikk, utan at dei har ein klar definisjon sjølv. Redaktørane tek med at det vil gå med mykje tid. Både journalistar og redaktørar meiner at eit slikt omgrep vil føre til høge forventningar og ein galopperande tidsbruk. Difor vel dei heller andre omgrep som skal peike i ei anna retning: Hybrid, kvardagsgraving eller gode nyheitssaker.

No skal vi rette blikket utover og sjå kva aktørar på utsida av avishuset som påverkar innhaldet.

#### **5.4: Aktører utanfor media: Trenering og boller på døra**

På dei tre første nivåa har vi halde oss inne i medieorganisasjonen, på journalist- og redaktørnivå, arbeidsrutiner og medieorganisasjon. Her på nivå fire finn vi kjelder, økonomisk aktørar som publikum og annonsørar og andre institusjonar som næringsliv og styresmakter (Shoemaker & Reese, 1996, p. 166).

I intervjuet spurte eg om sakene hadde fått konsekvensar, om deira forhold til prisar og om dei hadde fått reaksjonar på sakene frå publikum. Svare vart meir omfattande enn eg hadde forventa.

##### **5.4.1 Kjelder som tipsar, trenerer og truer**

I lokalaviser følgjer journalistane med på det som skjer i lokalmiljøet og har tett kontakt med lesarar. Dialogen med lesarane var viktig i utviklinga av fleire av sakene, men berre ei sak starta som direkte konsekvens av at lesarar tok kontakt. Det var saka med dei utviklingshemma som feilaktig måtte betale reiseutgifter frå kommunen, der dei pårørande var aktive tipsarar til ei sak som ikkje ville kome fram viss det ikkje var for dei.

I intervjuet var det ein annan type samhandling med kjelder som journalistane la mest vekt på. Sidan sakene i stor grad handla om interne arbeidsprosessar rundt gravejournalistikk, spurte eg ikkje om motstand frå kjelder i graveprosessen. Eg spurte om dei kunne beskrive ein utfordrande situasjon, og føremålet mitt var å høyre om det hadde vore motstand internt i redaksjonen. Likevel svarte nesten alle med å snakke om motstand frå kjeldene dei gjorde undersøkingar mot, først og fremst i researchfasen.



Alle fem opplevde motstand undervegs frå dei som vart undersøkte. Motstanden delte seg i to kategoriar. Det mest vanlege var trenering og uthaling av tid når dei søkte om innsyn.

Kommunar og ein offentleg etat var motvillige til å gje journalistane det dei ba om, eller de sende svært sladda dokument, slik at journalistane måtte klage igjen og igjen. Ein journalist fortel om forholdet til rådmannen som vart dårleg:

(...) for vi var jo hund og katt, men det var ikke personlig. Det var på sak, da.

Selv om etter hvert så ble det litt personlig også. (Journalist, Avis2)

Ein annan journalist opplevde at ein offentleg tilsett som tidlegare hadde vore ei god kjelde, slutta å svare når han tok kontakt.

Forholdet til kilden ble svekket og så må man bygge opp igjen tillit etterpå.

(Journalist, Avis5)

Redaksjonen som gravde mot lokalt næringsliv kunne ikkje bruke Offentleglova til å søkje om innsyn. Dei møtte også ein anna type motstand. Ein fekk truslar om å bli meldt til politiet. Ein annan opplevde at entreprenøren som var ein del av saka meinte at dei øydela for deira prosjekt.

Ein journalist som har gravd både mot kommune og lokalt næringsliv, har i fleire saker dei siste 13 åra opplevd å bli uthengd i sosiale medier. Han fortel at han i kommentarfelt har blitt kalla «korrupt» og at det er spreidd rykte om han også til andre redaksjonar.

Når man driver med graving, må man også være klar over (...) at man kan få mye dritt slengt etter seg. For du skal huske at når man driver med graving, så er det ofte maktpersoner. Det er folk som har høy integritet i samfunnet og alt det der. (Journalist, Avis6)

Det er naturleg nok journalisten som har kontakt med kjeldene. Men det skjer noko når motstanden frå kjeldene aukar: Då trer redaktøren tydeleg inn i biletet i desse sakene. I saka der ei kjelde trua med å melde avisa til politiet, overtok redaktøren all kontakt med kjelda for å avlaste journalisten. I sakene der entreprenøren skulda journalisten for å ville øydeleggje prosjektet og der journalisten fekk mykje motstand i kommentarfeltet, har redaktørane ei anna rolle. Dei var informerte om situasjonen og gav støtte til journalistane.

Motstand frå kjelder i små lokalsamfunn har blitt rekna som ei av årsakene til at det er vanskeleg å drive gravejournalistikk i lokalaviser (Mathisen, 2010). Det kjem også til synes

hos mine informantar. Men det er eit forhold dei opplever verre, og det er når det ikkje er nokon reaksjon på det dei avdekker.

Det skal vi no sjå nærare på.

#### **5.4.2 Konsekvensar: Frå ingen reaksjon til tilbakebetaling og regelendring**

I tre av sakene skjedde det lite rett etter at avisa hadde avdekka urett og regelbrot. Det var ingen tiltak eller forsøk på å rette opp i feilen frå dei ansvarlege, sjølv om dei ikkje direkte nekta for at det som kom fram i avisa var feil. Det vart heller tona ned og ikkje gjeve merksemd. Det var uforståeleg for både journalistar og redaktørar.

Hvorfor reagerer de ikke? Det her er jo faktisk brudd mot regelverk og forskrifter. Sånn kan de ikke holde på. (Redaktør, Avis5)

Det gjekk fire månader før politikarane kom på banen. (Journalist, Avis6)

Journalistane hadde venta sterkare reaksjon tidlegare og var tydeleg frustrerte over at det ikkje skjedde noko rett etterpå. Måten dei uttrykkjer dette på, er sterkare enn når dei fortel om motstand frå kjelder undervegs i arbeidsprosessen. Dei snakkar om mogelege forklaringar: at det ser ut til at etatar dekker over for kvarandre og ingen vil stikke seg fram og ta ansvar.

Men det skjedde noko på sikt: Alle dei tre lokalavisene rapporterer om at sakene fekk konsekvensar eller er i ferd med å få det. Den sårbare gruppa som hadde betalt for mykje i eigenandel, fekk erstatning. Naboane som fekk store betalingskrav frå utbyggjar ser ut til å sleppe, fordi regelverket er i ferd med å bli endra. Den avisa som kunne rapportere om minst konsekvensar, var at ein rådmann og ein ordførar fekk ei skrape frå ekstern gransking og kontrollutvalet. Ordføraren vart ikkje renominert til val, utan at det er mogeleg å setje det i direkte samanheng med avsløringane.

Men i fleire av sakene gjekk det veker, månader og år før det kom konsekvensar. I ei sak var det framleis etterdønningar i sakshandsamingar etter seks år.

Men når konsekvensen kjem, vert det opplevd som veldig motiverande både for journalisten og heile redaksjonen.

Det endte jo med dette på politisk nivå og erstatning. Så jeg vil jo si at jeg satt med en skikkelig god følelse etterpå. (...) Da var jobben min på en måte veldig givende. (Journalist, Avis5)

Redaktøren hans fortel at han sjølv og dei andre i redaksjonen ikkje forstod kor viktig saka var før konsekvensane kom.

[Vi] skjønnte nok ikke helt hvor viktig og stor sak det egentlig var, før det ble noen politiske vedtak, som plutselig da gikk veldig mot hva kommunen selv hadde gjort da. (Redaktør, Avis5)

Alle snakkar om det som motiverande når journalistikken får konsekvensar. Det ser vi veldig tydeleg å dei to sakene som fekk konsekvensar rett etter publisering. I kommunen der det var utbreidd sex-sal, vart det storaksjon frå Skatteetaten, brannvesen og politi då avisa publiserte. Sexseljarar og deira bakmenn pakka saman og reiste frå byen. I byen der det gjekk debatt om vern eller riving av ei omstridd brygge, var det tilfeldigvis årsmøte i lokallaget av Arbeiderpartiet då saka vart publisert. Då gjekk ein leiaren politiskar på talarstolen med avisa i handa og gjorde det klart at dei ikkje ville støtte vern av brygga, for no hadde dei fått nye fakta som avklarte den saka.

Når journalistane og redaktørane fortel om dei to sakene, er det verd å merke seg at dei går rett frå å forklare kva saka handla om til å fortelje om konsekvensen saka fekk.

Vi har no sett at aktørar utanfor mediehuset spelar ulike roller: kjelder forsøker å påverke under arbeidet med sakene. Makthavarar gjer av og til hastetiltak når kritikkverdige forhold er avslørte, men i fleirtalet av sakene skjer det tilsynelatande ingenting dei første vekene.

No skal vi sjå på ein anna gruppe som derimot gjev respons med ein gong: Lesarane.

### **5.4.3 Lesarane: «Dei kom med bollar til redaksjonen»**

Responser frå lesarane kjem i ulike faser og fasonger. Først merker journalistane og redaktørane det på lesartala.

I starten (...) var det veldig, veldig mange som leste. (Redaktør, Avis3)

Dei legg ikkje skjul på at gode lesartal motiverer veldig.

I neste fase opplever redaksjonane at dei får ros, takk og heiarop frå lesarane.

Vi fikk (...) masse heiarop fra lesere, folk som stoppet oss på gata [og sa]:  
(...) "Det er så bra at dette kommer frem i lyset" og "dette har vi ventet på".  
(Journalist, Avis3)

I ein redaksjon opplevde dei at folk som var berørte av det dei skreiv om, kom til redaksjonen:

Folk har kommet inn her med små sjokolader og noen boller og sånt som takk for at vi løftet opp sakene deres. (Journalist, Avis4)

Andre fortel at dei får generelle tilbakemeldingar når dei treff folk ute i lokalsamfunnet om at det er bra dei ser på sakene og at «det er supert at noen tar tak i det».

Ein del ros kjem i kommentarfelta og i sosiale medier.

Alle kommentarar jeg så på Facebook var positive. Og det er stort sett der kommentarene kommer. (Redaktør, Avis3)

Alle gravejournalistane fortel om gode tilbakemelding frå lesarane, og berre journalisten i bryggesaka fortel at han hadde fått både ros og kritikk. Debatten om kva som skulle skje med framtida til brygga hadde allereie gått lenge og splitta lokalsamfunnet.

Eit par av journalistane og redaktørne fortel at politikarar har rost dei for arbeidet deira frå talarstolane. Men dei legg i intervjuet i denne studien mindre vekt på det enn på tilbakemeldingane frå lesarane.

Fleire fortel at takk og tilbakemelding frå lesarane betyr mykje for dei og den interne motivasjonen. Det fører også til at dei får fleire tips. Ein journalist fortel at han får telefoner frå personar som innleiar samtalen med at vedkomande har sett kva saker han har gjort, og lurar på om han kan sjå på ei anna sak.

Ein annan type ros som ser ut til å bety mykje, er ros frå kollegaer i andre medier. Ein redaksjon fortel at dei vart kontakta av ein stor, nasjonal graveredaksjon og fekk ros for grundig arbeid.

Det var et stort øyeblikk. (Journalist, Avis3)

Ein annan journalist fortel at han for 13 år sidan fekk halde foredrag på SKUP om ei gravesak den gongen. Salen var full av andre journalistar, og etterpå var det mange som ville snakke med han og få høyre meir om korleis han hadde jobba.

Det ga utrolig motivasjon. (Journalist, Avis6)

Tidlegare forskning har tyda på at nærleiken til lokalsamfunnet er ei utfordring (Mathisen, 2010). I mitt materiale ser vi eit meir nyansert bilde der ulike aktørar trer fram: Dei som får kritisk søkelys retta mot seg, reagerer negativt og trenerer og truer. Men kjelder som får hjelp av journalistikken og engasjerte lesarar er svært takknemlege for arbeidet som blir gjort. Det

er to grupper som ser ut til å fremme gravejournalistikk i lokalavisene, men ser ut til å vere lite omtalte i forkinga.

Til slutt skal vi setje søkjelys på ein aktør til utanfor redaksjonane, og det er kva rolle journalistikkprisane spelar. Hemmer eller fremmer dei den lokale gravejournalistikken?

#### **5.4.4 Journalistikkpriser: Motiverande for dei som får dei**

Til denne oppgåva valde eg ut tre redaksjonar som har vunne journalistikkpris for gravejournalistikk og tre som ikkje har gjort det. Men alle hadde meining om kva rolle journalistprisane spelar.

Ingen av redaksjonane eg har besøkt seier dei har ambisjonar om å vinne Skup-prisen. Når dei snakkar om prisar, er det lokallagsprisane i NJ og konsernprisane dei har på radaren. Ein av dei som vann ein pris for 13 år sidan, har ikkje sendt inn bidrag etterpå. Han peiker på at det er dei same, store reaksjonane som vinn kvart år.

Det blir til slutt en holdning blant de små at uansett hva vi gjør, så i beste fall hederlig omtale for syns skyld. (Redaktør, Avis6)

Redaktøren seier at han motseier seg sjølv, for han synest også det er viktig at dei mindre lokalavisene synleggjer arbeidet sitt i konkurransar.

Ein av redaksjonane har levert Skup-rapport og ein har tidlegare halde foredrag på Skup. Eit par av journalistane skulle på Skup same vår som intervjuet skjedde, men hadde dei lite forhold til den nasjonale gravekonferansen. Det er dei lokale prisane og prisane i konsernet dei forhold seg til.

Dei som har vunne pris for gravejournalistikk, legg vekt på at det motiverer sterkt internt. Ein som har vunne, seier at gjorde redaksjonen stolte og at dei såg jobben dei hadde gjort med nye augo. Det var også viktig for journalisten.

Og så fikk det en løsning, det ble erstatning, og vi fikk pris, likssom. Da ble det på en måte, ja, da ble på en måte saken enda større og viktigere. (Redaktør, Avis5)

Det var veldig moro. (Journalist, Avis5)

Den same redaktøren redaktør seier at prisen også er eit viktig signal eksternt i ei tid med polarisering:

En forholdsvis stor opinion som mener at vi ikke gjør jobben vår, at vi er en del av den politiske korrektheten i alt for stor grad. Det at vi viser at vi faktisk setter på plass etablissementet, det er viktig. (Redaktør, Avis5)

Redaktøren i ei av avisene som har vunne fleire prisar, ser annleis på effekten av ein slik pris i lokalsamfunnet. Ho meiner at prisar er «fort glemte» av lesarane, men er sterkt motiverande internt.

Skup-konferansen og -prisen ser ut som ei nasjonal hending langt vekk frå lokalavisene. Likevel har fleire av dei referansar til prisen og konkurransen, fordi dei har delteke, halde foredrag eller sendt bidrag inn. Det er likevel unnatak.

Dei viktigaste prisane for lokalavisene finn ein i NJs lokallag og internt i konserna. Det er først og fremst her dei sender inn bidrag. Dei som ikkje har vunne dei siste åra, reduserer betydningen av prisane og seier at det er viktigare å drive god journalistikk for lesarane. For dei som har vunne, er det først og fremst svært motiverande for journalisten og resten av redaksjonen.

## 5.5 Ideologi

I mitt materiale har eg ikkje eksplisitt spurt etter forhold som gjeld ideologi, og det kom heller ikkje fram i intervjuet. Det betyr ikkje at ideologi ikkje er viktig, men det fell utanfor mi problemstilling.

## 6. Drøfting

No har eg sett på ulike definisjonar av gravejournalistikk, kva forskning seier om norske lokalaviser, kva som kjenneteiknar gravejournalistikk og kva utfordringar det fører med seg i redaksjonar. Funn frå 12 informantar i seks aviser er presentert, sett i lys av innverknadshierarkiet til Shoemaker og Reese. Målet har heile tida vore å belyse problemstillinga: Kva hindrar og fremmer gravejournalistikk i norske lokalaviser?

No vil eg ta ut tre av dei funna som eg meiner i størst grad bidreg til å svare på problemstillinga og drøfte dei i lys av teori og tidlegare forskning. Først vil eg sjå på omgrepet «gravejournalistikk» eller «undersøkande journalistikk» i møte med lokalaviser, deretter på redaktørens rolle og til slutt på journalistens eigenskapar og motivasjon.

## 6.1 «Gravejournalistikk» - nei takk

Kva er undersøkende journalistikk i lokalaviser i Norge? Medan mine informantar fortalte utvunge og engasjert om gravesakene dei har jobba med, korleis saka starta, korleis dei jobba og kva konsekvensar sakene fekk, famla dei mykje meir når dei skulle fortelje kva dei meiner kjenneteiknar gravejournalistikk. Mykje kan difor tyde på at det var lite drøfta og sett ord på. Samtidig var det berre ein av redaksjonane som hadde definert dei avslørande sakene som «gravejournalistikk» frå start av. Dei andre hadde enten etablert ei forståing undervegs eller etterpå at det var gravejournalistikk dei heldt på med, eller dei avviste heilt å bruke slike omgrep. Fleire av dei aksepterte at eg omtalte det som gravejournalistikk, men dei ville ikkje bruke omgrepet verken internt eller eksternt. Nokon av dei brukte omgrep som «hybrid» og «kvardagsgraving».

Ei hovudårsak til skepsisen deira mot å bruke omgrepet gravejournalistikk eller undersøkende journalistikk, er at det skaper høge forventningar. Både journalistar og redaktørar såg føre seg at det ville tyngje journalistane og skape avstand til dei andre i redaksjonen. Redaktørar var også skeptiske til at det ville føre til at journalistane brukte for mykje tid på sakene.

Det kriteriet for gravejournalistikk som flest likevel tok fram då dei snakka om kva som kjenneteikna gravejournalistikk, kan kategoriserast som metode. Det handla mellom anna om innsyn, systematikk, setje store mengder data i samanheng, kjeldehandtering og ekspertbruk. Eit fleirtal opplevde det utfordrande å kunne dokumentere kva som hadde skjedd, kven som stod som eigarar av eigedomar og å sikre seg at dei hadde forstått komplisert lovverk riktig. Då nærmar vi oss definisjonen til Ettem og Glasser, som legg vekt på at undersøkende journalistikk handlar om å gjere kompliserte undersøkingar, finne bevis og verifisere dei mot kvarandre i ein grundig prosess (Ettema & Glasser, 1985, p. 13).

Ingen av lokalavisene har ein gjennomtenkt definisjon av undersøkende journalistikk, men det kan sjå ut til at dei i praksis lener seg på høgkvalitets-definisjonen (Aucoin, 2005) som IRE laga etter Watergate-avsløringa: At journalisten på eige initiativ ved hjelp av ei rekkje ulike metodar skal avdekke informasjon som mektige motstandarar forsøker å halde skjult og som fører til konsekvensar. Denne gjenspelar seg i Sjues definisjon i norsk lærebok i gravejournalistikk fleire tiår seinare (Sjue, 2011). Det kan også sjå ut som om lokalavisene har eit drøyme bilde av kva undersøkende journalistikk skal vere i si reine form, og difor dukkar aktivt unna for bruk av omgrepet i eigen redaksjon. I staden for å redefinere innhaldet,

lagar dei nye omgrep som «kvardagsgraving», som framstår som ein juniorversjon av det store graveomgrepet.

Bjerknes (2022) peikar på noko anna som kjenneteiknar gravejournalistikken i Norge: At dei store, norske redaksjonane har ressursar til kostbare reiser, ekspertkjøp og langtids-journalistikk. Med andre ord er dette arbeidsformer som ikkje er oppnåelege lokalavisjournalistar som har krav til å levere fleire saker kvar dag. Det same vektla informantane i Olsens studie frå norske lokalmedia der intervjuet var gjennomført i 2014. Journalistane såg kva publikum leste av saker og opplevde at dei ville ha raske og ofte ubetydelege saker framfor gravesaker dei hadde brukt tid på. Lesartala avgjorde i praksis kva saker dei skulle prioritere (Olsen, 2019).

Betyr det at gravejournalistikk er uoppnåeleg for lokalaviser, og at ein må lage ein ny definisjon?

Det er interessant å merke seg til at journalistane i mitt materiale fortel at dei har gjort mykje av akkurat det Bjerknes fann at dei store redaksjonane gjorde i gravejournalistikken. Lokalavisjournalistane kunne ikkje oppfylle desse kriteria ved å reise verda rundt eller kjøpe eksklusive datasett. Derimot fann dei andre vegar: dei har ekspertar i sitt kjeldenettverk som dei kontaktar for å få hjelp og få en ekstra vurdering frå en fagperson utan å betale for det. Dei gjorde også oppgåvene som tek tid: Dei klagar på manglande innsyn, hadde omfattande kjeldekontakt over lang tid, gjerne fleire år. Ein av dei bygde datasett og fleire leste seg opp på komplisert kontekst og gjorde tidvis krevjande etiske vurderingar av metodar, vinkling og kva som skulle publiserast.

Slik ser det ut til at lokalavisjournalistane i mitt materiale gjer mykje av det same som dei store redaksjonane, men i mindre og billegare skala. Det bringer oss inn i Cancelas forslag til ny glideskala-definisjon på gravejournalistikk med «meir av alt» og «ulike nivå». Cancelas glideskala-definisjon (Cancela & Dubied, 2022) ser også ut til å ivareta det som var svært viktig for fleirtalet av redaksjonane, nemleg å unngå å skape ei inn- og utgruppe i redaksjonen (Cancela, 2021). Det var også viktig for journalistane i den sveitsiske studien å ha ein definisjon på gravejournalistikk som ei hjelp til at dei skulle finne plassen sin i redaksjonen (Cancela, 2021).

Det ser også ut til å vere ei utvikling frå journalistane og redaktørane i Olsens studie frå 2014 til mine intervju med same profesjonsgruppe ti år seinare. For ti år sidan vektla samfunnsoppdragarane i studien at publikum styrte journalistikken vekk frå kritiske



gravesaker og over på lette nyheitssaker. I mine intervju er innsiktstal heilt innarbeidd i kvardagen i redaksjonane, men det ser ut til at dei har teke regi og har dreidd utviklinga til å vere mindre i konflikt med samfunnsoppdraget (Olsen, 2019).

Redaksjonane brukar tala til å prioritere vekk saker som er dårleg leste. I staden kan dei satse på enkelte saker som er kritiske, gjennomarbeidde, viktige for samfunnet og presenterte på ein måte som gjer at publikum les det. Samtidig leverer dei mange raske og enkle saker. Både journalistar og redaktørar i mitt materiale er opptekne av korleis dei skal løyse samfunnsoppdraget. Fleirtalet av sakene blir svært godt lest, andre saker i mindre grad. Det viktigaste er at journalistar og redaktørar kan reflektere over kva som skal til for at gravesakene skal «treffe», altså få mange lesarar. Det kan tyde på at det er eit nytt element som har kome inn når dei vurderer og definerer gravesaker: ikkje berre om det er avdekka kritikkverdige forhold og om det får konsekvens, men også korleis det «treff» deira lokale publikum.

Vi har no sett at dei klassiske elite-definisjonane på gravejournalistikk frå litteraturen blir utfordra av ein meir glidande definisjon. Lokalavisene ser i praksis ut til å oppfylle mykje av kriteriana i elitedefinisjonen, men vil likevel ikkje ta i bruk omgrepet fordi dei meiner det skaper for høge forventningar. Men innhaldet vil dei ha. Digitaliseringa har ført til at tilbakemeldingane frå lesarane blir svært synlege frå minutt til minutt i redaksjonen. Det har gjeve dei større makt over innhaldet og kan også bidra til å vere eit element i ein definisjon av gravejournalistikk: At det «treff» og er viktig for lesarane.

Ein definisjon er ikkje berre ei samling ord utan innhald. Definisjonar, eller fråveret av definisjonar for den saks skuld, skapar ei felles forståing og referanseramme, noko som igjen påverkar praksisen i redaksjonen (Bjerknes, 2022, p. 3). I mitt materiale finn eg at lokalavisjournalistar manglar ei felles fortelling om kva gravejournalistikk er i deira kvardag. Det kan i neste omgang føre til lite fruktbare samtalar i redaksjonen om kva journalistikk dei skal drive, for korleis skal dei avklare det viss det ikkje veit kva dei snakkar om?

Å demystifisere eller redefinere omgrepet gravejournalistikk, vil krevje aktiv leiing. Det bringer meg til neste tema i drøftinga: Redaktørens rolle.

## **6.2 Redaktøren – usynleg og avgjerande**

Som vi såg i litteraturgjennomgangen, så konsentrerer forskinga på undersøkende journalistikk i lokalaviser seg primært om hindringar som nærleik til kjeldene og lite ressursar (Mathisen, 2010) og om journalistars rolle og eigenforståing (Cancela & Dubied,

2022). I definisjonar på undersøkende journalistikk er journalistens arbeid framtrekkande, men redaktøren er usynleg. Redaktørens rolle kjem også lite fram i forskinga på undersøkende journalistikk. I ein studie er redaktøren framstilt som ein person som journalistane må lure seg unna med smarte grep som å levere nokre raske nyheitssaker for å dekke opp for at dei bruker tid på gravejournalistikk (Cancela & Dubied, 2022). I ei anna sveitsisk studie om organisering av gravejournalistikk i redaksjonen, opplevde dei undersøkende journalistane det vanskeleg å finne sin plass i redaksjonen, og dei etterlyste redaktørstøtte. Når redaktørane iverksette tiltak som å tilføre ekstra ressursar til gravejournalistar, førte det til at redaksjonen i praksis vart delt i inn- og utgrupper og motivasjonen for undersøkende journalistikk vart redusert (Cancela, 2021).

I mine intervju i dei seks lokalavisene blir derimot redaktøren framstilt som ein svært viktig aktør. Ingen av dei fem graveredaksjonane hadde utpeika eksplisitt ein graveleiar, men ingen av journalistane var i tvil om kva redaktør som faktisk var sparringpartnaren deira. I dei minste avisene var det sjefredaktør, i dei to største underordna redaktør. Ein redaktør er eigentleg ein journalist som har spesialisert seg i ei rolle i ein periode (Gynnild, 2009). Eit fleirtal av redaktørane i dei fem avisene som har gravejournalistikk har tidlegare jobba med graving eller vore leiar i større redaksjonar. Sett i lys av Shoemaker og Reese kan ei forklaring vere at deira profesjonelle haldningar, roller og etikk har vorte forma av tidlegare arbeidserfaring og utdanning. Dette er ifølgje deira teori også den faktoren på individnivå som sterkast påverkar innhaldet i mediet dei jobbar med (Reese & Shoemaker, 2018, p. 61).

I Avis1, som ikkje har gravejournalistikk, tek redaktøren ordet tidleg i intervjuet og fortel at dei ikkje har tid og ressursar. Det er også han som definerer gravejournalistikk som noko som krev at journalistar jobbar fulltid med det i fleire dagar, og han referer ikkje til eigen erfaring frå andre redaksjonar. Det bildet som redaktøren presenterer, blir ståande som hovudårsaka til at dei ikkje har gravejournalistikk. I Avis1 ser vi altså korleis redaktøren kan vere eit hinder for graving. Ikkje berre ved å avvise symbolske definisjonar på vegne av avisa, men også gjennom å ikkje prioritere ressursar som ei følge av denne avvisinga.

I alle dei fem redaksjonane som har gravejournalistikk, ser vi derimot at redaktøren kan fremme graving på alle dei fire nivåa i Shoemaker og Reeses innverknadshierarki. Han eller ho har sjølv erfaring frå andre redaksjonar som dei tek med inn i lokalavisa dei no leiar. På nivå 1, individnivået, ser erfaringa ut til å gje dei ei form for profesjonell tryggleik som leiar for gravejournalistikk.

På det neste nivået, arbeidsrutinar, ser redaktøren ut til å vere svært avgjerande i framdrifta og i utfordrande situasjonar som journalisten møter. Sakene er kompliserte, og journalistane jobbar med å finne ulike type dokumentasjon som må verifiserast mot kvarandre (Ettema & Glasser, 1985, p. 19). Redaktørane kjenner sakene godt i detalj, sparrar ofte med journalisten og utfordrar både på kvaliteten på dokumentasjonen og på kjeldebredde. Det er også redaktøren som tek vanskelege etiske avgjerder. Journalistane legg vekt på at dei er avhengige av å ha ein redaktør som både kvalitetssikrar og tek avgjerder i etiske spørsmål.

Men redaktørane har også eit overordna grep om organisering av redaksjonen. Dei lagar ikkje gravegrupper og ingen skal berre vere gravejournalist, slik vi såg skapte inn- og utgrupper i redaksjonar som forsøkte det (Cancela, 2021). Her må også dei som har undersøkende prosjekt bidra i kvardagen, levere raske saker og gå i turnus. I ei avis jobba journalisten aldri fulltid med gravesaka, medan i dei andre fire kan journalisten i enkeltdagar jobbe med gravesaka heile dagen. Men då er redaktøren med å avgjere kva dagar det skal vere, slik at det passar inn i nyheitsbiletet. Slik ser det ut til at journalistane inngår i flytande rolle (Cancela & Dubied, 2022). Men i motsetnad til i studien, gjer journalistane i mitt materiale det i tett samråd med redaktøren. Det bidreg truleg også til at dei unngår krysspress mellom nyheitssaker og gravesaker og heller ikkje opplever at saker blir publisert for tidleg eller kasta i søppelbøtta (Cancela & Dubied, 2022, pp. 1064-1066). Dei gjev heller ikkje uttrykk for at mangel på heiltidsgraving gjer at dei føler seg nedprioriterte eller blir demotiverte. Tvert imot ser det ut til at redaktørane i desse tilfella har klart å integrere gravejournalistikken i dei uttalte journalistiske måla (Cancela, 2021, p. 1376).

På eitt punkt skil graveredaksjonane seg når det gjeld redaktørens rolle i arbeidsrutinar, og det er kor opent dei snakkar om gravesakene i redaksjonen. I fire av fem redaksjonar er redaktørane eksplisitt tydeleg på at det må vere ope for alle kva saker journalistane jobbar med. Dei snakkar om det på morgonmøta for å skape forståing og innsikt for alle, unngå gruppedanning og for at alle skal kunne bidra med tips og innspel. Redaktørane var svært aktive med å fortelje om dette var viktige saker for deira lokalsamfunn, at det ville krevje ekstra innsats av alle – ikkje berre nokre få. Grunnen er at dei er eit fellesskap, og når nokon må bruke lenger tid på gravesaker, fell det meir arbeid på dei andre. To av redaktørane roser eksplisitt dei som ikkje har gravd, men ha måtte ta ei ekstra sak fordi ein annan kollega er oppteken med ei gravesak. Her ser vi igjen at definisjonsmakta til redaktøren er i bruk. Ho eller han bruker den makta si til å definere kva saker som er viktige og korleis dei skal

handtere det internt, i tråd med råda i lærebøkene (Hanson, 2009; Johansson, 2023; Mathisen, 2010).

I den femte avisa har det tidlegare vore sterke motsetningar mellom gravejournalisten og kollegaer. Journalisten snakkar framleis ikkje ope i redaksjonen om gravesakene, men han sparrar tett med redaktøren, noko han omtalar som avgjerande for å kunne gjere den jobben.

Vi har no sett at redaktøren spelar ei rolle på individnivå med sin profesjonelle bakgrunn, og ei svært sterk rolle på nivå 2 arbeidsrutinar.

Andre relevante faktorar som påverkar på det tredje nivået til Shoemaker og Reese som beskriver medieorganisasjonen, er lesartal og redaksjonskultur. Måling av lesinga har blitt sett på som eit hinder for kritisk, ressurskrevjande journalistikk og ein siger for lettbeinte klikk (Olsen, 2019). Utfordringane blir også stadfesta av mine informantar. Dei veit kva saker som gjev flest lesarar og dei erkjenner at det er freistande å berre gå etter dei.

I Avis1 er lesarmålingane medverkande til at dei opplever at dei ikkje har tid til gravejournalistikk. I dei andre avisene har dei ei anna tilnærming til målingane: Dei brukar tala til å prioritere vekk saker som er dårleg lest for å frigjere ressursar til meir krevjande journalistikk.

Her er det nok ein gong redaktøren som spelar ei viktig og definerande rolle: Han eller ho avgjer kva avisa skal vere og korleis dei skal prioritere. Som ein sa: Vi skal gjere jobben vår og ikkje vere eit typisk klikkbait-medium. Ein annan redaktør fortalte at dei medvite fortset å ha saker om ein institusjon i byen som dei kunne sjå at lesarane brydde seg lite om.

Legg vi Tenors studie til grunn, kan ein seie at avisa som ikkje har gravejournalistikk kan sjå ut til å vere enten i den første «naive» eller i den andre «destruktive» fasen i bruk av måleverktøy der dei jobbar med å bli nettavis og jagar etter klikk. Dei fem andre er i den tredje, «modne» fasen der redaktøren bruker det primært som eit verktøy i tråd med journalistiske verdiar (Tenor, 2023).

Samtidig ser vi at dei fleste opplever at gravesakene blir godt eller svært godt lest. Men ikkje alle og ikkje alltid. Det kan bli for mange saker med for lite nytt i sakene, eller sakskomplekset treff ikkje «klokkereint» og skaper derfor ikkje særleg interesse. Når journalistar og redaktørar no veit at fleirtalet av gravesaker er godt lest, kan det kanskje føre til at det blir fleire gravesaker. I tilfelle kan ein stille spørsmål ved om måling av lesartal på sikt fører til fleire, ikkje færre (Olsen, 2019), undersøkinge saker.

Så langt kan vi altså seie at redaktøren har ei svært viktig rolle også på nivå 3 medieorganisasjon.

Til slutt skal vi sjå på redaktørens rolle på nivå 4, i møte med aktørarar utanfrå, som kjelder, makthavarar og lesarar. I mitt materiale ser det ut til at det er journalistane og ikkje redaktørane som har mest kontakt med lesarane, både når det gjeld tips og reaksjonar etter publisering. Ingen av dei fortalte at dei hadde møtt truslar om annonseboikott eller liknande, men ein journalist fortalte han han for 13 år sidan opplevde sterk motstand frå marknadsavdelinga i avisa når han publiserte gravesaker, for dei frykta annonsørar skulle trekke seg. Han kunne fortelje at det motsette hadde skjedd når sakene hadde fått konsekvensar. Då auka både truverdet til avisa og annonseinntektene, ifølgje journalisten.

Redaktørens rolle kjem tydelegast fram på nivå 4 når kjelder som blir utsett for kritisk journalistikk reagerer. Ei kjelde trua med å melde journalist til politiet. Då overtok redaktøren all kontakt med kjelda for å skjerme journalisten. To opplevde at kjelder meinte at journalisten øydela for dei eller hadde misforstått. Fleire opplevde trenering frå kommunane, at det var vanskeleg å få tak i dokument, at dei vart sladda og liknande. Her overtok ikkje redaktøren, men journalistane gav uttrykk for at det var viktig at redaktøren kjente saka godt og gav dei støtte når det skjedde.

At sakene fekk konsekvensar er viktig for redaktørane, som såg det som eit uttrykk for at dei kunne seie at dei hadde oppfylt samfunnsoppdraget. For journalistane var konsekvensane viktige, men dei la mest vekt på uretten som enkeltpersonar var utsett for vart oppretta og at dei hadde brakt fram riktige fakta.

Halvparten av redaksjonane hadde fått pris for gravejournalistikken dei fem siste åra. For dei som hadde fått pris, la redaktørane mest vekt på at det var svært motiverande for journalisten og resten av redaksjonen. Berre ein av dei la sterk vekt på at det var viktig signal til lesarane. For dei som ikkje har vunne pris, definerte dei pris som litt irrelevant og underordna, fordi deira oppdrag først og fremst var til lesarane. Ein av dei verka også litt oppgitt over at det alltid var dei same redaksjonane som vann, så det var ikkje vits i å sende inn nominasjonar. Prisar ser ut til å ha same rolle for redaktørane som å vinne i tipping: kjekt når det skjer, men ikkje noko ein kan rekne med i kvardagen.

Det ser med andre ord ut som at redaktørens rolle som deltakande graveleiar ikkje kan overvurderast. Det har praktikarane Holmelid (2023), Hansson (2009) og Johansson og Ziegerer (2023) understreka, medan det er underkommunisert i forskinga. Det er ikkje berre

som leiar av graveprosjektet redaktøren er viktig, men også som leiar i organisasjonen med stor definisjonsmakt og mandat til å organisere arbeidsflyten og bidra til å skape ein støttande redaksjonskultur.

Vi har sett at redaktørane med graving i redaksjonen spelar ei viktig rolle på alle dei fire nivåa i innverknadshierarkiet: på individnivået med sin profesjonelle bakgrunn, dei former og justerer arbeidsrutinar, unngår elite-gravedefinisjonar som skaper høge skuldrer og brukar lesarmålingane til å prioritere, og dei handterer motstand frå aktørar utanfor mediehuset.

Cancela (2021) etterlyser ei nydefinering av redaksjonane og ei moden leiing for å kunne integrere både nyheits- og gravejournalistikk i praksis, manifestert i uttalte redaksjonelle målsetjingar som ikkje skaper inn- og utgrupper. Det kan sjå ut til at svaret på korleis det kan gjerast kan finnast i ein del norske lokalaviser.

Men kvifor vil ein journalist vere samfunnsoppdragar og pådra seg kritikk og motstand når ho eller kan han vere servitør og berre spreie gladsaker i lokalsamfunnet? Det skal vi no sjå på i siste del av drøftinga.

### **6.3 Journalisten – ein motivert vaktar**

I litteraturen og populærkulturen blir gravejournalistar ofte portretterte som uredde menn og kvinner som kjemper mot sterk motstand for å avdekke urett. Dei er empatiske i møte med offer og uredde i møte med maktkjelder, uthaldande og brukar alle tider på døgnet til å møte kjelder og detaljlese i dokument.

I mitt materiale finn eg i stor grad dei same karaktertrekka på individnivå: Journalistane blir omtalte som nysgjerrige, modige og uthaldande med teft for kritikkverdige forhold. Dei har teft for å kjenne att kritikkverdige forhold og endrar haldning til å kritisk etterprøve alle påstandar (Ettema & Glasser, 1985). Dei brukar kveldar heime på sofaen til å gjere research og følgje opp kjelder medan dei er på ferie. I det heile vitnar det som sterk indre motivasjon (Gynnild, 2009).

Dei viser også ein kompetanse til å grave, eller kanskje meir presist: Å skaffe seg den kompetansen og dei kjeldene dei treng. Det er også verd å merke seg at dei personlege eigenskapane blir i mykje større grad framheva hos journalistane enn hos redaktørane, sjølv om vi akkurat såg kor viktig og kompleks rolle redaktøren spelar. Kanskje er gravejournalistkultusen velutvikla, medan redaktøren står i skuggen og ikkje har den same heltemotstatusen?

Dei fem gravejournalistane i mitt materiale ser på overflata ut til å likne dei sveitsiske journalistane med ei «fast» haldning. Samtidig fortel dei at dei jobbar meir som «flytande»-journalistane med veksingar mellom daglege nyhende og gravesaker (Cancela & Dubied, 2022). Men dei skil seg likevel på to punkt: For det første gav journalistane i den sveitsiske studien gav uttrykk for å stå i kontinuerleg krysspress med uklare forventningar frå redaktøren, at saker vart publiserte for tidleg eller at dei måtte droppe saker som redaktøren ikkje ville ha. Dei fem gravejournalistane i mitt materiale fortel derimot at dei samarbeider tett med redaktøren når dei startar med saka og når dei legg arbeidsoppgåvene inn i arbeidskvardagen. Ingen av dei uttrykker forventning om å jobbe berre med graving i lange periodar, slik forventninga ser ut til å vere hos dei sveitsiske journalistane. Det hender at journalistane i mitt materiale må droppe ei sak, men det er fordi dei ikkje klarer å skaffe dokumentasjon. Dei fleste sakene vart publiserte som mange nyheitssaker i staden for å lansere ei omfattande gravesak. Slik kan gravesakene vere med å oppfylle det høge publiseringskravet som lokalavisene har. Eit fleirtal av redaktørar jobbar aktivt for å motverke inn- og utgrupper (Cancela, 2021) i redaksjonen ved å krevje at sakene skal snakkast ope om på morgonmøte og sørge for at gravinga skal opplevast som noko redaksjonen gjer som fellesskap.

Eit anna punkt dei sveitsiske og dei norske journalistane skil seg på, er korleis arbeidspresset påverkar dei. I den sveitsiske studien rapporterte journalistane om overveldande store arbeidsbørar. Arbeidspresset er høgt på journalistar i mi oppgåve, og dei fortel at dei tek i bruk både ferier og helger til å gjere undersøkingar. Men ingen av dei gjev uttrykk for at det er utmattande og demotiverande. Ei årsak kan vere at journalisten heldt tilbake kritikk fordi redaktøren var til stades i intervjuet. Men det kan også hende at den uttalte støtta frå redaktøren er førebyggjande mot stress og overbelastning. Gynnild kallar det «aktiv støtte» frå redaktøren (Gynnild, 2009, p. 57). Journalistane jobbar mykje, men risikerer ikkje å bli overraska av ein redaktør som publiserer ei gravesak for tidleg eller kastar ho i søppelbøtta.

Det er interessant å merke seg at dei fem gravesakene som mine informantar hadde gjort, hadde preg av å vere av strukturell karakter med krevjande research. Dei trengde inn i konsekvensar av regelverket for utbygging av bustader, dei fann grenseoppgangane for eigenbetaling og utforska eigedomsregister. Det er i motstrid til funna i innhaldsanalysen frå 2016 (Kvalheim, 2016). Ei årsak kan vere at mine informantar kunne målretta velje ei gravesak frå dei siste seks åra, medan innhaldsanalysen er ei metastudie av 28 studier, samt ei analyse av saker som er publisert i løpet av ei veke (Kvalheim, 2016, p. 11). Det er likevel

påfallande at det i så liten grad er fanga opp at det er strukturelle gravesaker i lokalavisene. Ei anna forklaring kan vere at det har blitt fleire slike saker sidan studien vart gjort.

Gynnilds teori legg vekt på at ein journalist i periodar av karrieren er generalist og i andre periodar er spesialist (Gynnild, 2009). I mitt materiale ser det ut til at journalistane vekslar raskt mellom den generelle nyheitsjournalist-rolla og graverolla. Ikkje berre gjer dei det i løpet av eit år, men også ei veke og ein dag.

Ein kan sjå føre seg ei friidrettsbane med fleire baner der det foregår fleire løp samtidig. I innerste bane er det raske 100-metrar, i ytterste bane ein maraton. Generalistane i lokalavisa tek mange 100-metrar i innerste bane, medan dei lokale gravejournalistane vekslar mellom raske breaking-løp i indre bane og maraton i ytre bane.

Medan Cancelas studie vektlegg karaktertrekk hos journalistane, vektlegg Olsen den profesjonelle rolla. Dei fem journalistane i graveredaksjonane framstår som «samfunnsoppdragar» når dei har gravesaker, men dei tek også oppdrag som passar kategorien «servitør» (Olsen, 2019) for sørge for at redaksjonen publiserer nok saker.

På nivå 2 arbeidsrutinar gjev journalistane uttrykk for at dei er sterkt forplikta til samfunnsoppdraget, men ingen problematiserer at dei må jobbe i turnus og ta enkle nyheitssaker. Dei snakkar ikkje ned servitør-oppdraget, men omtalar dei raske nyheitssakene som nødvendige, viktige for lesarane og noko dei gjerne deltek i. Ingen gjev ikkje uttrykk for at dei helst ville ha grave på heiltid. Fire av dei er opptekne av at dei er ein del av redaksjonen og at dei også må gje noko tilbake for at kollegaene skal forbli heiagjeng og at det ikkje skal bli inn- og utgrupper (Cancela, 2021).

Journalistane utmerkar seg også med at dei har eit kritisk blikk på nyheitssaker og tips og ser raskt potensialet til større saker. Dei går raskt frå nysgjerrig undring til kritisk utforsking (Gynnild, 2009). Dei kan gjere det fordi dei kjenner lokalsamfunnet godt, registrerer når noko er annleis enn det brukar å gjere og kan raskt ta opp telefonen og ringje kjelder for å få opplysningar og kome i gong. Her ser det ut til at nærleiken til kjeldene (Mathisen, 2010) er ei styrke framfor ei ulempe og at dei sjølv inntek ei kritisk rolle og ikkje berre refererer til kritikk frå andre (Danielson & Nykvist, 2023).

Journalisten i Avis1 har også nærleik til kjeldene og ser saker som han meiner det bør gravast i, men han er ikkje rask til å ta den første telefonen som dei andre journalistane ser ut til å



gjere. Ein kan seie at han kjenner lokalsamfunnet godt og har den kritiske undringa, men kjem ikkje i gong med den kritiske utforskinga (Gynnild, 2009, pp. 51-55).

Medan nivå 1, individnivå, og 2, arbeidsrutiner, er tett knytte til journalisten, er nivå 3, medieorganisasjonen med lesartal, definisjon og redaksjonskultur i mindre grad det. Journalistane følgjer med på lesartala og opplever at lesartala motiverer, men legg vekt på redaktørens forklaring om at saker kan vere viktige sjølv om dei ikkje blir godt leste. Spørsmålet om korleis gravejournalistikk skal definerast verkar ikkje så gjennomtenkt hos journalistane. Derimot er fleirtalet opptekne av redaksjonskulturen ved at det er viktig at kollegaene er heiagjeng.

På neste nivå, aktørar utanfor medieorganisasjonen, melder journalistane seg sterkt på igjen. Det er journalistane som møter det eksterne presset (Gynnild, 2009, p. 57) frå kjelder som sluttar å svare på telefon, sladdar dokument, trenerer, påstår at dei har misforstått og i eit tilfelle kjem med truslar. I mitt materiale får journalistane støtte av redaktørane når dei møter motstand utanfrå redaksjonen. I saka der journalisten fekk truslar om å bli meld til politiet, overtok redaktøren heile kontakten med kjelda.

På den andre sida blir journalistane sterkt motiverte av lesarar som tipsar, gjev høge lesartal når sakene treff «klokkereint», kjem med uventa ros og leverer bollar på døra i redaksjonen som takk (Gynnild, 2009). Uventa ros frå journalistar i andre media vert høgt verdsett hos informantane.

Medan redaktøren er med å ta støyten når journalistane møter motgang, går dei litt til sides når rosen og takken kjem og let det gå til journalistane.

Journalistane er også veldig opptekne av at sakene skal få konsekvens og blir frustrerte når dei har avdekka urett og ingenting skjer etter publisering. I intervjuet min er det på dette punktet journalistane gjev uttrykk for størst frustrasjon, noko som er i tråd med Gynnild sine funn om at slike situasjonar var «sjokkarta» for journalistar (Gynnild, 2009, p. 57).

Men når det blir konsekvens som ser ut til å ha samanheng med det journalisten har avdekka, er det desto meir motiverande for journalistane. Det kan tyde på at informantane mine har ei sterk grad av vaktarrolle (Cancela & Dubied, 2022) eller vil påverke samfunnsutviklinga (Gynnild, 2009). I mitt materiale er journalistane meir opptekne av offera enn av skurken: Dei psykisk utviklingshemma som har betalt urettmessig eigendel, huseigarane som vart

pålagt å betale store summer og kommunens innbyggjarar som fekk sex-sal i handlegatene, men også av kvinnene som tilbød tenestene.

Journalistikkprisar har dei derimot eit ambivalent forhold til: Ingen snakkar om å vinne den nasjonale og høgthengande (Bjerknes, 2022; Hovden, 2008; Lindholm, 2015) Skup-prisen. Dei som har vunne dei regionale prisane og konsernprisane, fortel at det motiverer både journalisten og resten av redaksjonen. Dei som ikkje har vunne prisar dei siste åra, definerer det som mindre viktig enn å lage god journalistikk for lokalsamfunnet.

Dette er ein sjølvforsterkande spiral der det ser ut til at dei journalistane som har klart å gjennomføre gravesaker som har sett spor etter seg, blir motiverte til å gjenta det same. Dei har også hausta erfaringar som dei kan bruke på nytt, dei har høg tillit hos redaktøren, blir verdsette av lesarar og får nye tips. Internt blir det større rom for å grave på nytt. Men det er viktig å merke seg den tydelege rolla redaktøren spelar i alle ledd og at det på ingen måte er eit sololøp.

## 7. Konklusjon

«Vi har ikkje tid», har lokalavisjournalistar sagt til meg når det har vore snakk om gravejournalistikk. Men kvifor får nokon små lokalaviser det til, medan andre ikkje har tid? Det er også problemstillinga som denne studien forsøker å svare på: Kva er det som hindrar og fremmer gravejournalistikk i lokalaviser?

I denne oppgåva har eg forsøkt å finne svar på det ved å bruke Shoemaker og Reeses sitt «innverknadshierarki» som teoretiske prisme. Tidlegare forskning på gravejournalistikk og lokalaviser har gjeve bakgrunn til funna mine. Oppgåva er basert på intervju med 12 journalistar og redaktørar i seks lokalaviser. Fem av dei redaksjonane hadde hatt gravejournalistikk dei siste seks åra.

Sett i ettertid kan ei svak side ved oppgåvas forskingsdesign kan vere at eg gjennomførte gruppeintervju med journalist og redaktør. Eg ser at ei slik form på intervju kan påverke både journalisten og redaktøren og hindre dei i å ta fram kritikkverdige sider i samarbeidet dei imellom. Det er også viktig å understreke at andre journalistar i dei respektive redaksjonane ikkje er intervjuet. Dei kan sjølvstilt ha andre oppfatningar av gravejournalistikken, organiseringa og konsekvensar internt enn mine informantar. Eg har heller ikkje ettergått forteljningane og sjekka dei mot kjeldene i gravesakene, så empirien eg

presenterer er basert på historiene til journalisten og redaktøren om korleis dei oppfattar graving i redaksjonen.

Ei anna svak side ved studien kan vere at eg sjølv er aktør på feltet, noko som truleg har påverka korleis eg har lagt opp og gjennomført intervju. Eksterne faktorar som økonomi kan påverke meir enn eg har klart å fange opp med mi tilnærming. Det er også verd å merke seg at eg fann i andre aviser at fleire journalistar slutta etter å ha vunne pris.

Trass i desse svake sidene ved forskingsdesignet, meiner eg studien min er meir enn eigna til å seie noko om viktige hindringar og pådrivarar for graving i lokalaviser.

Først vil eg sjå på hindringane som har kome fram i materialet mitt. Definisjon på «gravejournalistikk» vil vere eit hinder i små lokalaviser når ein definerer det til å vere journalistikk ein må halde på med på heiltid i fleire dagar. Eit anna hinder ser ut til å vere mangel på kompetanse hos journalisten til å gå raskt frå «nysgjerrig undring» til «kritisk utforskning» (Gynnild, 2009). Men også haldninga til journalistoppdraget kan vere eit hinder. Viss ein ser på seg sjølv som «servitør» av gode nyheiter og stemning, vil ikkje det fremme det kritiske og ubehagelege oppdraget. Viss journalistar og redaktørar opplever at kvardagen blir fylt av saker som må raskt ut, har ein lite støttande kultur og prioritering i redaksjonen for å gjere større saker med høgare risiko, ser det også ut til å vere hinder for gravejournalistikk.

Det same kan ein seie om ein redaksjon som er i den «naive» eller «destruktive» fasen i måling av lesartal (Tenor, 2023) der det er tala, og ikkje den redaksjonelle leiinga, som styrer (Olsen, 2019). Nærleiken til lokalsamfunnet er rekna for å gjere lokal gravejournalistikk vanskeleg (Mathisen, 2010). I mitt materiale ser eg element av dette viss det er frykt for lekkasjar frå redaksjonen til makthavarar, eller viss journalisten ikkje kjenner seg trygg på at redaktøren kjenner saka godt og har gjort gode etiske vurderingar. Kjelder som presser, truer og trenerer kan også vere hinder for gravejournalistikk.

Derimot er det ingenting som frustrerer journalistane meir enn at sakene ikkje får konsekvensar, og dei har høge krav til kva som bør skje etter publisering. Det er ikkje nok med at politikarar rosar frå talarstol eller at lesartala er høge. Dei forventar at uretten skal rettast opp og at kjelder skal få tilbakebetalt pengar eller at regelverket skal endrast slik at betalingskravet vert sletta. Vi kjenner det att frå litteraturen der journalistar fortel at det er sjøkkarta for dei å oppleve at makthavarar ikkje forsøker å rette opp i urett som er avdekket (Gynnild, 2009). Viss det ikkje hadde kome konsekvensar i sakene i materialet mitt, kunne det vore ei hindring for gravejournalistikk. Men det var desto meir motiverande for både

journalistar og redaktørar når det kom konsekvensar. Det bringer meg inn på dei andre funna i studien: faktorar som ser ut til å fremme gravejournalistikk i lokalaviser.

Det første ein får auge på i lokalavisene med gravejournalistikk er ein motivert journalist med teft for kritiske saker som raskt omset den «nysgjerrige undringa» til «kritisk utforsking» (Gynnild, 2009) ved å ta opp telefonen eller be om innsyn. Journalisten tek på seg rolla som «samfunnsoppdragar» (Olsen, 2018) og «vaktar» (Cancela & Dubied, 2022) som vil få til samfunnendringar (Gynnild, 2009). Ho eller han har det medvitne samfunnsoppdraget til journalistane som har ei «fast» haldning til å avsløre kritikkverdige forhold, men forventar ikkje å gjere det på heiltid eller mange heile dagar etter kvarandre. I tett samråd med redaktøren gjer journalisten undersøkingane i kvardagen samtidig som ho eller han leverer nyheitssaker. Nøkkelen ser ut til å vere at det skjer i samråd med redaktøren, som på si side er oppteken av å unngå å skape splid internt i redaksjonen mellom dei som får grave og dei andre, såkalla inn- og utgrupper (Cancela, 2021).

Noko anna som ser ut til å fremme gravejournalistikk, er at redaktøren bruker definisjonsmakta si i redaksjonen til både å seie at sakene er viktige, men også krevje at dei skal snakkast opent om på redaksjonsmøta. Redaktørane er opptekne av å rose dei journalistane som ikkje har gravesaker, men som må gjere ein ekstrainsats for å levere nok saker den dagen.

Redaktørane spelar ei viktig rolle i å fremme gravejournalistikk ved at han eller ho sparrar tett med journalisten ved å vurdere dokumentasjonen og etterspørje kjeldebreidde og gjere etiske vurderingar. Det opne og tillitsfulle forholdet mellom journalist og redaktør kan sjå ut som det er førebyggjande for slitasje mot overbelastning, slik ein tidlegare studie har vist at det er høg risiko for (Cancela & Dubied, 2022).

Vi såg at måling av lesartal kan vere eit hinder når det skjer på «naiv» eller «destruktiv» måte. Men i dei redaksjonane som hadde eit «modent» forhold til lesartal (Tenor, 2023), var saka ei heilt anna: Der blir lesartala brukte til å prioritere viktige saker i tråd med profesjonelle ideal og samfunnsoppdraget. Redaktørane valde vekk lite viktige saker som var dårleg leste og brukte heller ressursane på dei krevjande sakene.

Aktørar utanfrå ser også ut til å kunne fremme gravejournalistikken, kanskje utan å vere medviten på det. Det er lesarar som leverer bollar på døra som takk, som heier i kommentarfeltet og kjelder som er takksame for at saka deira er teken opp. Uventa ros frå

lesarar (Gynnild, 2009) betyr mykje for dei som jobbar målretta med å grave meir. Ekstra sterkt er det å få uventa ros frå journalistar i andre media.

Truslar, trenering og motstand frå kjelder kan vere eigna til å hindre gravejournalistikk, men interessant nok ser det ut til å vere avhengig av korleis det blir handtert av journalisten og redaktøren. Når dei har evne til å handtere motstanden, ser det ut til å redusere hindringa. Så evna til å handtere motstand ser ut til å vere ein viktig komponent som fremmer gravejournalistikk. Her ser det ut til å vere avgjerande at journalisten kjenner seg trygg på at redaktøren gjer gode vurderingar fordi han eller ho kjenner saka godt.

At sakene får konsekvens ser også ut til å vere sterk pådrivar for å gjere nye saker. Journalistane opplever at den uretten som er avdekka er gjenoppretta, medan redaktørane legg mest vekt på at dei har oppfylt samfunnsoppdraget.

Det er verd å merke seg at avisa som ikkje har gravejournalistikk, likevel har ein journalist med teft for kritiske saker. Og at redaksjonar med gravejournalistikk opplever intern motstand og frustrasjon over manglande konsekvensar. Det er ikkje slik at nokon berre har hindringar, medan andre har open veg til gravejournalistikken.

Ein faktor som ser ut til å vere avgjerande, er *forholdet mellom* journalisten og redaktøren. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei er dyktige fagpersonar kvar for seg, men dei er også avhengig av god kommunikasjon og høg tillit seg imellom. Redaktøren har tillit til at journalisten gjer etterretteleg og kritisk arbeid, jobbar iherdig også med andre saker og at han eller ho er open med redaktøren og tilgjengeleg for korrektiv. Journalisten har tillit til at redaktøren set seg inn i saka, er tilgjengeleg for å sparre, kjenner saka godt nok til å gje konkrete tilbakemeldingar og er støtte eller overtek når aktørar utanfor redaksjonen gjev motstand eller truer og gjer solide etiske vurderingar.

Det viser også kor skjørt og personavhengig det er. For kva skjer viss det blir usemje mellom dei to, eller at ein av dei sluttar?

Undervegs i arbeidet har eg merka meg ei rekkje forhold det hadde vore interessant å forske vidare på: Kva erfaringsbakgrunn og kompetanse bør redaktørar ha for å klare å handtere så komplekse roller som å vere redaktør? Kva er eigentleg kjernekompetansen til journalistar som grev i lokalaviser, og kvifor sluttar dei? Det vil også vere interessant å sjå korleis aktørar i lokalsamfunnet oppfattar lokalaviser som har gravejournalistikk og om det påverkar avgjerder dei tek.

Den modige og uthaldende gravejournalisten er ein del av mytebygginga i gravejournalistikken. Derimot har det ikkje vore like enkelt å få auge på redaktøren som ein avgjerande faktor.

I denne studien trer redaktøren si rolle fram som ei tydeleg forklaring på kva som fremmer gravejournalistikk i lokalaviser. Å leie ein liten og høgt presterande organisasjon som har vore gjennom rask digitale endringar, vil krevje mykje av ein redaktør. Eit fleirtal av redaktørane i min studie ser ut til å oppfylle det etterlyste idealet frå Cancela (2021) om ei moden leiing som integrerer både nyheits- og gravejournalistikk.

Så skal ein klare å oppnå lokal gravejournalistikk, ser oppskrifta ut til å vere eit tett og tillitsfullt sparringsforhold mellom journalist med teft for kritikkverdige forhold og ein kompetent og moden redaktør som kan leie ein kompleks redaksjon.

## Litteraturliste

- Anderson, C. W., & Schudson, M. (2019). News Organizations and Routines. In K. Wahl-Jorgensen & T. Hanitzsch (Eds.), *The handbook of journalism studies* (Vol. 2). Routledge.
- Aucoin, J. (2005). *The Evolution of American Investigative Journalism*. University of Missouri Press.
- Barka, E. H. (2021, 28.5.21). Avgått redaktør følte seg presset til å levere klikksaker. *Medier24*. <https://www.m24.no/amedia-arne-reginiussen-gravejournalistikk/avgatt-redaktor-folte-seg-preset-til-a-levere-klikksaker-hevder-amedia-blandet-seg-inn-i-redaksjonelle-valg/348207>
- Bauman, Z. (2000). *Liquid modernity*. Polity Press. <https://giuseppicapograssi.wordpress.com/wp-content/uploads/2014/01/bauman-liquid-modernity.pdf>
- Bekkengen, F. V. (2024). *Norsk mediebarometer 2023*.
- Bjerknes, F. (2022). Inventive factfinders: Investigative journalism as professional self-representation, marker of identity and boundary work. *Journalism Practice*, 16(6), 1037-1056.
- Bjerknes, F. (2024). *Exploring Investigative Journalism* [Universitetet i Bergen]. Bergen.
- Cancela, P. (2021). Between Structures and Identities: Newsroom Policies, Division of Labor and Journalists' Commitment to Investigative Reporting. *Journalism Practice*, 15(9), 1361-1382.
- Cancela, P., & Dubied, A. (2022). Stay Strong, Get Perspective, or Give Up: Role Negotiation in Small-Scale Investigative Journalism. *Journalism Studies*, 23(9), 1056-1076.
- Cancela, P., Gerber, D., & Dubied, A. (2021). "To Me, It's Normal Journalism" Professional Perceptions of Investigative Journalism and Evaluations of Personal Commitment. *Journalism Practice*, 15(6), 878-893.
- Danielson, M., & Nykvist, A. (2023). From investigative to critical local journalism: A quantitative content analysis of critical reporting in local Swedish newspapers with a new analytical focus. *Journalistica*, 17(1), 1-20.
- Dimmen, T. (2012). Lokalavisformelen. Ein studie av lokale fådagsaviser.
- Ettema, J. S., & Glasser, T. L. (1985). On the Epistemology of Investigative Journalism. *Communication*, 8(2), 183-206.
- Gerring, J. (2011). *Social science methodology: A unified framework*. Cambridge University Press.
- Gynnild, A. (2009). *Kreativ under press*. IJ-forlaget.

- Hanitzsch, T., Ramaprasad, J., Arroyave, J., Berganza, R., Hermans, L., Hovden, J. F., Láb, F., Lauerer, C., Tejkalová, A., & Vos, T. P. (2019). Perceived influences. In T. Hanitzsch, F. Hanusch, J. Ramaprasad, & A. S. d. Beer (Eds.), *Worlds of journalism*. Columbia University Press.
- Hanitzsch, T., & Ørnebring, H. (2019). Professionalism, Professional Identity, and Journalistic Roles. In K. Wahl-Jorgensen & T. Hanitzsch (Eds.), *The handbook of journalism studies* (Vol. 2). Routledge.
- Hanson, N. (2009). *Grävande journalistik*. Ordfront.
- Henriksen, T. H. (2024). 25 prosent av Amedia-redaktørene sier eierne har opptrådt problematisk. *Medier24*(14.3.24). <https://www.m24.no/amedia-redaktorplakaten-stig-finslo/25-prosent-av-amedia-redaktorene-sier-eierne-har-opptradt-problematisk/701013>
- Hoel, M. o. H., B. (1982). Om bruk av gruppediskusjoner som samfunnsvitenskaplig forskningsmetode. In H. o. K. (red.) (Ed.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Universitetsforlaget.
- Holmelid, K. (2023). *Journalister må altfor ofte være sin egne graveledere*.
- Hovden, J. F. (2008). *Profane and sacred. A study of the Norwegian journalistic field*. The University of Bergen.
- Hovden, J. F. (2016). *Journalists in Norway - Country report* <https://worldsofjournalism.org/country-reports/>
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W., & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. (Vol. 7). Universitetsforlaget.
- Johansson, E. o. Z., Jessica. (2023). *Gräv mer*. Morfem.
- Koljonen, K. (2013). The shift from high to liquid ideals: Making sense of journalism and its change through a multidimensional model. *Nordicom review*, 34(S1), 141-153. <https://doi.org/https://doi.org/10.2478/nor-2013-0110>
- Kvalheim, N. o. S., Helle. (2016). *Journalistikkens blindsoner. Rapport skrevet på oppdrag for Mediemangfoldsutvalget*. [https://www.regjeringen.no/contentassets/e140ec2e99c54cb4aa2a2ffb8ebe511a/journalistikkens\\_blindsoner.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/e140ec2e99c54cb4aa2a2ffb8ebe511a/journalistikkens_blindsoner.pdf)
- Lindholm, M. (2015). *Journalistikkens autoritet. Yrkesideologi og autoritetsmarkering i norsk journalistikk 1954-2014* [Høgskolen i Oslo og Akershus]. Oslo. <https://oda.oslomet.no/oda-xmlui/bitstream/handle/10642/2694/1237900.pdf?sequence=1>
- Mathisen, B. R. r. (2010). *Lokaljournalistikk. Blind patriotisme eller kritisk korrektiv?* (Vol. 1). IJ-forlaget.
- Maxwell, J. A. (2008). *Designing a qualitative study* (Vol. 2). The SAGE handbook of applied social research methods.
- Norheim, A. D. (2024). *Vi treng fleire journalistprisar*.
- Olsen, K. S. (2018). Tradisjonsforankrede og digitaldreide lokaljournalister. En hverdags sosiologisk studie av norsk lokaljournalistikk i en brytningstid.
- Olsen, K. S. (2019). Samfunnsoppdragere og servitører. To idealtyper knyttet til publikumsholdninger i lokaljournalistikken. In P. Bjerke (Ed.), *Journalistikk, profesjon og endring*. Orkana akademisk.
- Orgeret, K. S. (2023). *Lokalavis*.
- Ottesen, R. (1996). *Fra fjærpenn til internett: journalister i organisasjon og samfunn*. Aschehoug.
- Reese, S. D., & Shoemaker, P. J. (2018). A media sociology for the networked public sphere: The hierarchy of influences model. In *Advances in Foundational Mass Communication Theories* (pp. 96-117). Routledge.
- Shoemaker, P. J., & Reese, S. D. (1996). *Mediating the message*. White Plains, NY: Longman.
- Simonsen, E. (2022, 7.2.22). Av 128 redaktører i Amedia og Polaris er 31 kvinner: - Langt fra mål. *Medier24*. <https://www.m24.no/070222-amedia-anders-opdahl/av-128-redaktorer-i-amedia-og-polaris-er-31-kvinner-langt-ifra-mal/446925>
- Sjue, F. (2011). *Undersøkende journalistikk. En innføring* (Vol. 1). IJ-forlaget.
- Tenor, C. (2023). Metrics as the new normal—exploring the evolution of audience metrics as a decision-making tool in Swedish newsrooms 1995-2022. *Journalism*, 14648849231169185.
- Tjora, A. H. (2010). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (Vol. 1). Gyldendal Norsk Forlag.
- Tjora, A. H. (2018). *Viten skapt. Kvalitativ analyse og teoriutvikling* (Vol. 1). Cappelen Damm Akademisk.
- Tjora, A. H. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4 ed.). Gyldendal. [https://doi.org/https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_pliktmonografi\\_000020585](https://doi.org/https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_pliktmonografi_000020585)
- Vos, T. P. (2019). Journalists as Gatekeepers. In K. Wahl-Jorgensen & T. Hanitzsch (Eds.), *The handbook of journalism studies* (Vol. 2). Routledge.
- Westlund, O., & Ekström, M. (2019). News Organizations and Routines. In K. H. Wahl-Jorgensen (Ed.), *The handbook of journalism studies* (Vol. 2). Routledge.
- Østbye, H., Helland, K., Knapkog, K., Larsen, L. O., & Moe, H. (2013). *Metodebok for mediefag* (4 ed.). Fagbokforlaget.
- Østlyngen, T. o. Ø., Turid. (2000). *Journalistikk. Metode og fag*. Gyldendal akademiske forlag.

## **Vedlegg**

1. Intervjudesign
2. Samtykkeskjema
3. Meldeskjema til SIKT



## Intervjuguide til masteroppgåve om gravejournalistikk i lokalaviser

### Til dei som har vunne pris for gravejournalistikk

1. Fortel om redaksjonen  
Talet på tilsette,  
ulike roller og ansvarsområde  
publiseringsplattformer
2. Opstartsfasen:  
Korleis starta graveprosjektet?  
Kven tok initiativ?  
Kvar kom idéen frå?  
Hadde de reportasjeleiar?  
Korleis var resten av redaksjonen involvert?  
Definerte de sakene som graveprosjekt?
3. Arbeidet:  
Korleis organiserte de arbeidet?  
Kor mykje tid brukte de?  
Kven var involvert?  
Kan du beskrive ein utfordrande situasjon?  
Vil du kalle det konflikt eller normal friksjon i arbeidet?
4. Publiseringsfasen:  
Kven tok avgjerda om kor tid de skulle publisere?  
kven var involvert?  
Kva utfordringar møtte de?  
Korleis løyste de dei?  
Korleis opplevde du det?  
Hadde de oppfølgingssaker? Viss ja: Var dei planlagde?
5. Etter publisering og evt oppfølgingar:  
Kva skjedde?  
Kva utfordringar møtte de?  
Reaksjonar frå publikum? Kva vegar kom reaksjonane frå: på epost, via sosiale medier, ute på byen, andre? Frå kjelder? Internt i redaksjonen?  
Kor mange las sakene?  
Fekk sakene konsekvensar?  
Har de gravd igjen?

Opplevde de på noko punkt eit skifte i haldninga til graveprosjektet?

6. Pris og refleksjonar

Evaluerte de graveprosjektet?

Korleis?

Kva kom ut av evalueringa?

Har de sendt graveprosjektet inn til ein journalistpris? Kvifor/kvifor ikkje?

Kor vellukka vil de seie at graveprosjektet var?

Har de gravd igjen?

Kva har de gjort annleis og likt?

## Til dei som ikkje har vunne pris for graveprosjekt

A. Fortel om redaksjonen

Talet på tilsette,

ulike roller og ansvarsområde

publiseringsplattformer

Har de drive undersøkjande journalistikk dei siste fem åra?

Viss ja:

Nemn døme på ei sak de har jobba med.

1. Oppstartsfasen:

Korleis starta graveprosjektet?

Kven tok initiativ?

Kvar kom idéen frå?

Hadde de reportasjeleiar?

Korleis var resten av redaksjonen involvert?

Korleis definerte de sakene som graveprosjekt?

2. Arbeidet:

Korleis organiserte de arbeidet?

Kor mykje tid brukte de?

Kven var involvert?

Kan du beskrive ein utfordrande situasjon?

Vil du kalle det konflikt eller normal friksjon i arbeidet?

3. Publiseringsfasen:

Kven tok avgjerda om kor tid de skulle publisere?  
kven var involvert?  
Kva utfordringar møtte de?  
Korleis løyste de dei?  
Hadde de oppfølgingssaker? Viss ja: Var dei planlagde?

4. Etter publisering og evt oppfølgingar:

Kva skjedde?  
Kva utfordringar møtte de?  
Reaksjonar frå publikum? Kva vegar kom reaksjonane frå: på epost, via sosiale medier, ute på byen, andre? Frå kjelder? Internt i redaksjonen?  
Kor mange las sakene?  
Fekk sakene konsekvensar?  
Har de gravd igjen?  
Opplevde de på noko punkt eit skifte i haldninga til graveprosjektet?

5. Pris og refleksjonar

Evaluerte de graveprosjektet?  
Korleis?  
Kva kom ut av evalueringa?

Har de sendt graveprosjektet inn til ein journalistpris? Kvifor/kvifor ikkje?

Kor vellukka vil de seie at graveprosjektet var?  
Har de gravd igjen?  
Kva har de gjort annleis og likt?

Viss nei:

1. Har journalistar eller redaktør teke initiativ til denne type saker?
2. Har redaksjonen hatt undersøkende saker tidlegare?
3. Har de saker de har tenkt at "dette skulle vi ha gravd meir i", men der de ikkje har gått vidare?

Kvifor ikkje?

Astrid Dalehaug Norheim  
masteroppgåve

# Vil du delta i masteroppgåveprosjekt om gravejournalistikk i lokalaviser?

Dette er eit spørsmål til dykk om å delta i eit masteroppgåveprosjekt der føremålet er å utforske kva som kjenneteiknar lokalaviser som vinn prisar for undersøkjande journalistikk. I dette skrivet får de informasjon om måla for prosjektet og kva ei deltaking vil bety for dykk.

## Føremål

Mykje tyder på at undersøkjande journalistikk har blitt meir utbreidd i norske lokalaviser det siste tiåret. Nokre redaksjoner har hatt fleire prosjekt, andre har ikkje hatt prosjekt.

Eg vil i denne oppgåva undersøke om det er noko som kjenneteiknar lokalavis-redaksjonar som har vunne prisar eller fått heiderleg omtale for undersøkjande journalistikk dei siste åra.

Spørsmåla vil vektleggje arbeidsprosessen i redaksjonen og ta opp tema som: Korleis starta saka? Korleis organiserte de arbeidet? I kva grad er andre i redaksjonen involvert? Korleis har reaksjonane vore etter publisering?

For å sjå om det er noko som kjenneteiknar redaksjonar som har utmerka seg med undersøkjande journalistikk, henvender eg meg både til redaksjonar som har vunne prisar eller fått heiderleg omtale for gravejournalistikk og til redaksjonar som ikkje har gjort det.

At avisa ikkje har vunne pris eller fått heiderleg omtale, betyr ikkje at redaksjonen ikkje driv med undersøkjande journalistikk. Det er noko av det eg ynskjer å utforske i denne masteroppgåva.

Dette prosjektet er ei masteroppgave i faget Undersøkende journalistikk ved Universitetet i Bergen.

## ✓ Ansvarlig for forskningsprosjektet

Institutt for informasjons- og medievitenskap, Universitetet i Bergen, er ansvarleg for prosjektet. Veileder er professor Carl-Gustav Lindén.

---

## Kvifor får du spørsmål om å delta?

For å identifisere kva redaksjonar som har utmerka seg med gravejournalistikk, har eg forsøktvis kartlagt kven som har fått pris eller heiderleg omtale for gravejournalistikk i perioden 2018-2023 i utvalde fylke.

Bortsett fra Skup, er det få av disse prisene har egen kategori for gravejournalistikk. De opererer med mange ulike priskategorier, og kategoriene endrer seg i perioden eg ser på. Difor har eg forsøkt å identifisere dei som har vunne pris eller fått heiderleg omtale for gravejournalistikk, uavhengig av kategori.

Lokalaviser er i denne samanheng definert som aviser med under 20.000 i opplag per våren 2022.

Eg henvender meg både til redaksjonar som har vunne prisar og til redaksjonar som ikkje har vunne prisar. Der ynsker å eg å snakke både med journalist(ar) og redaktør i eit gruppeintervju.

## Kva inneber det for dykk å delta?

Eg håper de kan tenkje dykk å delta i eit kvalitativt gruppeintervju med meg. Intervjuet vil vare rundt 90 minuttar, og eg vil bruke ein intervjuguide med nokre hovudspørsmål og fleire oppfølgingsspørsmål.

**Eg vil gjerne kome til redaksjonen for å gjere intervjuet.** Undervegs tek eg lydopptak og notater.

Det er frivillig å delta og de kan når som helst trekkje dykk frå prosjektet utan grunn. Då vil alle personopplysningar bli sletta. Det vil ikke få konsekvensar for dykk som de vel å trekke dykk.

## Personvern

Vi vil berre bruke opplysningane om deg til det føremålet som er omtalt i dette brevet.

I utgangspunktet ynskjer eg å vere open om kva lokalaviser eg har gjort intervjuet i, samt bruke stillingstittel og namn - eventuelt berre førenamn - på dykk. Andre personopplysningar er ikkje relevante i oppgåva. Viss de ynskjer ei større grad av anonymisering, kan dette sjølvsagt diskuteras og vurderast nærare med underteikna.

Dei einaste som vil ha tilgang til intervjumateriale og personopplysningane vil være Astrid Dalehaug Norheim (masterstudent) og Carl Gustav Lindén (veileder).

Kontaktopplysningar vil ligge i eit dokument skilt fra øvrige data og vert sletta når prosjektet er slutt.

Masteroppgaver er rekna som offentlege og berre aktuell informasjon om informant, nevnt over, vil vere offentleg. Anna informasjon vil ikkje bli offentliggjort.

Opplysningane vert sletta når prosjektet/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er i juni 2024. Personopplysningar og eventuelle opptak vil bli teke vare på i studentens lagringseining, men kan slettast etter prosjektetslutt viss det er ynskjeleg.

## Kva rettar har du?

Så lenge det er mogeleg å identifisere deg i forskingsmaterialet, har du rett til:

- [innsyn](#) i kva personopplysningar som er registrert om deg og å få utlevert ein kopi av opplysningane
- å få retta personopplysningar om deg
- å få sletta personopplysningar om deg
- å sende klage til Datatilsynet om handsaminga av personopplysningane dine

Kva gjev oss rett til å handsame personopplysningar om deg?

Vi handsamar opplysningar om deg basert på ditt samtykke. På oppdrag fra Universitetet i Bergen har Sikt (tidlegare NSD - Norsk senter for forskningsdata AS) vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvis du har spørsmål til studien eller ynskjer å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

Universitetet i Bergen ved

Carl-Gustav Lindén, Mail: [Carl-Gustav.Linden@uib.no](mailto:Carl-Gustav.Linden@uib.no), Tlf: +358 40 5157682

Astrid Dalehaug Norheim, Mail: [astrid.norheim@uib.no](mailto:astrid.norheim@uib.no), Tlf: 986 24 988

Vårt personvernombud: Janecke Helene Veim. Mail: personvernombud@uib.no

Med venleg helsing

Astrid Dalehaug Norheim

Carl-Gustav Lindén

---

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet om gravejournalistikk i lokalaviser og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i kvalitativt gruppeintervju (ca. 90 min)

Eg samtykker til at mine opplysninger vert handsama fram til prosjektet er avslutta.

---

(Signert av prosjektdeltaker, dato)



# Vurdering av behandling av personopplysninger

**Referansenummer**  
686348

**Vurderingstype**  
Standard

**Dato**  
13.05.2024

**Tittel**

Hva kjennetegner lokalaviser som vinner priser for gravejournalistikk?

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Universitetet i Bergen / Det samfunnsvitenskapelige fakultet / Institutt for informasjons- og medievitenskap

**Prosjektansvarlig**

Carl-Gustav Linden

**Student**

Astrid Dalehaug Norheim

**Prosjektperiode**

23.10.2023 - 31.12.2025

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

**Lovlig grunnlag**

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 01.02.2026.

[Meldeskjema](#)

**Kommentar**

Personverntjenester har vurdert endringen i prosjektsluttdato.

Vi har nå registrert 01.02.2026 som ny sluttdato for behandling av personopplysninger. Hvis det blir nødvendig å behandle personopplysninger enda lengre, så kan det være nødvendig å informere prosjektdeltakerne.

Vi vil følge opp ved ny planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til videre med prosjektet!